

**“’Abd al-Qadir Wad Habouba told us
that every one of us was strong as 1000:”**

Moussa Wad Mukthar

Wad Habouba-opprøret i Sudan 1908

**Masteroppgåve i historie for Terje Husabø,
Vår 2011**

**Til mi mor som ofra alt,
då Sudan-turen min heldt
på å bli avlyst**

Innhald

| | |
|---|----|
| Kapittel 1 | 4 |
| Innleiing..... | 4 |
| Kapittel 2 | 6 |
| Historisk bakgrunn..... | 6 |
| Turkiyya 1821-1885..... | 7 |
| Mahdiyya 1885-1898 | 12 |
| Condominium 1898-1956..... | 18 |
| Kitchener sine retningslinjer til guvernørane | 19 |
| Konsolideringsperioden..... | 20 |
| Kapittel 3 | 25 |
| Wad Habouba-opprøret..... | 25 |
| Kolonisering og motstand mot kolonimaktene | 26 |
| Motstand mot samstyret i den tidlege britisk-egyptiske perioden | 27 |
| 'Abd al-Qadir Mohammed Imam Wad Habouba og Kamlin-affæra | 29 |
| Major Dickinson får eit hastetelegram..... | 35 |
| Dramatiske mai dagar i Katfia..... | 40 |
| Ingen skulle gå ustraffa | 43 |
| På sporet av 'Abd al-Qadir..... | 49 |
| Rettsaka mot 'Abd al-Qadir og hans menn..... | 50 |
| Kva måtte Sudan-administrasjonen ta omsyn til..... | 63 |
| Kan Kamlin affæren ha vore starten på Neo-Mahdismen? | 71 |
| Kapittel 4 | 74 |
| Konklusjon..... | 74 |
| Kjelder og Litteratur..... | 76 |
| Abstract..... | 79 |

Kapittel 1

Innleiing

'Abd al-Qadir Wad Habouba var leiaren for det som er rekna for å vera det største opprøret mot det britisk-egyptiske Condominium i regimets tidlege fase, 1898-1917. Oppgåva har som mål å gi ei brei og nyansert framstilling av det som vert kalla Wad Habouba-opprøret med dei kjelder og sekundær litteratur som har vore tilgjengeleg for denne masteroppgåva. Opprøret som fann stad ved Kamlin i Sudan i 1908, og var eit sjokk for det nye regimet, som hadde teke makta i Sudan i 1898. Mykje av forskingslitteraturen som det i denne oppgåva vert referert til, har skrive om den tidlege perioden i Condominium som ein roleg periode, men med små religiøse opprør, utført av religiøse fanatikarar. Det denne oppgåva ynskjer å finne svar på er om ein gjennom Wad Habouba-opprøret kan sjå fleire sider ved det sudanesiske samfunnet og motiv på kvifor dette opprøret braut ut? og kva motiv 'Abd al-Qadir og hans menn hadde for å gå til det steget å angripe styresmaktene? Dette kan som nemnt ha vore religiøst motivert, men det kan også vera andre moglege motiv som nasjonalistiske, økonomiske, eigenmotiverte og eventuelt andre motiv som kjelder og sekundær litteratur mogleg gi svar på.

Det vart her nemnt nasjonalistiske motiv, og ved å ta opp eit motiv som nasjonalisme, er det naudsynt å definera kva nasjonalisme er i denne oppgåva. Ein generell definisjon på nasjonalisme i Afrika som Anthony Smith har skrive er det som definerer nasjonalisme i denne oppgåva:

*'An ideological movement for attaining and maintaining autonomy, unity and identity for a population which some of its members deem to constitute an actual or potential "nation".'*¹

Smith skriv , at ein kan finne mange eksempel på at det i koloniar i Afrika og Asia fanst nasjonalisme, utan at dei hadde ein nasjon med klare grenser.²

Oppgåva sitt hovudfokus vil vera på Wad Habouba-opprøret og ein detaljert gjennomgang av dette opprøret, ved bruk av fleire kjelder og sekunderlitteratur som har vore tilgjengelege ved

¹ Smith, Anthony D. *Nationalism*. 2001: 9

² Ibid: 9

National Record Office i Khartoum, Mahmoud Salih samlinga ved Universitetet i Bergen, god kontakt med Universitetet i Durham og andre bibliotek. Mange av desse kjeldene og sekunderlitteraturen seier noko om det som skjedde i Kamlin, desse april og mai dagane i 1908. Kjeldene og sekunderlitteraturen er forskjellige i den forstand at mange av dei er skrivne av representantar for den britiske kolonimakta og derfor har sitt syn og sine motiv for å skriva som dei gjorde. Dei andre kjeldene er av ein meir uformell karakter eller som memoarar av ei svunnen tid. Den tillege perioden av Condominium har ofte vorte omtala som ein roleg periode, men med små opprør som vart starta av det engelskmennene ofte kalla ”religious fanatics”. I mange av dei historiske framstillingane om denne perioden vert det ofte snakka om desse opprøra og dei religiøse fanatikarane som om det var det dei var og ingenting anna. Dei nemnte arkiva og universiteta har vore til god hjelp, og for dei ”uoffisielle” kjeldene og sekundærhistorien har særleg Mahmoud Salih samlinga ved Universitetet i Bergen vore til stor nytte for denne oppgåva. Ved denne samlinga som vart oppretta i 2006 og Mahmoud Salih ein sudanesar og ven av Universitetet i Bergen har samla inn enorme mengder bøker og kjelder som omhandlar Sudan si historie. Det har her vore mogleg å finne kjelder som har til ein viss grad er med på å gi ein meir nyansert framstilling på Wad Habouba opprøret, enn om ein berre tek omsyn til dei britiske rapportane som vart skrivne av diverse britiske offiserar i Sudan. Det var også viktig å reise til Sudan og National Record Office og Sudan Library for å få tilgang til primærkjelder som seier noko om dette opprøret.

Sjølv om oppgåva sitt hovudfokus er på Wad Habouba-opprøret er ein nærmare gjennomgang av sudanesisk nyare historie heilt nødvendig, for å sette opprøret inn i den kontekst den hører heime i. Det spesielle med Sudan si historie er at det vart kolonisert to gonger og har hatt sterkegyptisk kulturell påverknad, sidan egyptarane har vore sentrale i begge regima som kontrollerte Sudan på 1800- og 1900-talet. ’Abd al-Qadir kom frå Halawiyin-stamma som heldt til rundt landsbyen Kamlin, noko sør for hovedstaden Khartoum. Det historiske bakgrunnskapittelet er nødvendig for å sjå korleis Halawiyin-stamma og ’Abd al-Qadir forhadt seg til dei to regima som var før Condominium, nemleg Turkiyya og Mahdiyya.

I Kapittelet om Wad Habouba-opprøret vil ein kort gjennomgang av opprør mot kolonimaktene i Afrika og andre opprør i Sudan i same periode vera nødvendig for å sjå at det ikkje berre var i Sudan slike opprør fann stad. Som nemnt er målet for oppgåva å gi eit breitt og nyansert bilet av Wad Habouba-opprøret. Likevel er det viktig å vera klar over at det er dei britiske rapportane som gir det mest detaljerte biletet av opprøret og at dei dannar ei

ramme rundt diskusjonen om Wad Habouba-opprøret og vil bli supplert med andre kjelder og litteratur som omhandlar same opprøret.



Kapittel 2

Historisk bakgrunn

So nemnt i innleiinga har Sudan hatt ei unik historie dei siste hundreåra. Dei vart kolonisert av to forskjellige regime, men som likevel hadde heldt ei nokolunde lik linje i sitt styresett.

Mellan dei to koloniperiodane fekk ein periode på 13 år, der Sudan vart styrt av ein sudanesar, og regimet vart kalla Mahdiyya. Desse periodane er viktige for Sudan si historie og for at ein skal kunne sette seg godt inn i kapitlet etter, som omhandlar Wad Habouba-opprøret i 1908.³

³ Kart over Sudan, henta frå Wikipedia.

Turkiyya 1821-1885

Muhammad Ali sine erobringar av sudanesiske provinsar hadde likskapar med Özdemir Pasha sine erobringar i Nubia og ved rødehavskysten, nesten 3 hundreår tidlegare. Begge desse ekspedisjonane var av ein privat karakter, eit privat prosjekt, utført av ambisiøse tenestemenn under den Ottomanske sultanen. Deira soldatar kriga i sultanen sitt namn og dei nye territorium som vart erobra, låg formelt under sultanens sitt styre, men i praksis låg det utanfor det området han hadde effektiv kontroll. Muhammad Ali var provinsleiar for den autonome egyptiske provinsen, underlagt sultanen i Istanbul. Forskjellen på Özdemir Pasha og Muhammad Ali var at Ali i 1820 hadde store militære og økonomiske ressursar og derfor lettare kunne ta kontroll over nye områder, slik som dei sudanesiske provinsane. Muhammad Ali, var inspirert av europeiske idear og var ikkje ute berre for å skaffe seg nye territorium, men han ynskte å utnytte Sudan sine naturressursar og for å få tilgang til menn som kunne trenast opp og verte ein del av hans hær.⁴

Likevel var hovudmotivet hans for erobringar i Sudan mest sannsynleg politisk motivert. Hans hovud motstandarar i Egypt hadde vore mamlukkane, etterkomrarar av den elite som hadde styrt Egypt dei tidlegare hundreåra før Ottomanarane. Muhammad Ali hadde i 1811 teke makta frå dei i Egypt og dei overlevande mamlukkane rømde til Dongola som den gong låg under Shayqiyya, ein stammefederasjon i Nubia. Her bygde mamlukkane ein by med sterke bymurar, der dei rekrutterte mange svarte slavar. Det var mange trefningar mellom dei og Shaqiyya om å halde kontrollen over regionen.⁵

Fleire motiv som Muhammad Ali hadde for å erobre sudanesiske provinsar, var at han ynskte at dei gamle handelsforbindelsane skulle ta seg opp igjen og med å leggje under seg Sudan ville han få kontroll over slavehandelen. Muhammad Ali sin militære situasjon var noko prekær ettersom han såg på dei albanske soldatane, som hadde ført han til makta i Egypt, kunne utgjere ein trussel mot han. Han såg føre seg ein slavehær, trenar etter europeisk modell og som ville vera personleg lojale overfor han.⁶

Muhammad Ali fekk endå friare spelrom i Sudan enn i Egypt, fordi dei sudanesiske provinsane låg endå lenger vekke for den tyrkiske makteliten i Istanbul. Denne perioden i sudanesisk historie vert kalla den tyrkisegyptiske periode og vara frå 1820-1885. For

⁴ Holt, PM & Daly, MW. *A History of the Sudan*. Pearson Education Limited, Harlow 2000:41

⁵ Ibid 2000: 42

⁶ Ibid 2000: 42

sudanesarane var dei *al-Turk* (tyrkarar) og regimet al-Turkiyya. Desse uttrykka hadde ingen etnisk tyding, men vart brukt om folk som ikkje kom frå Sudan. Seinare då dei britisk-egyptiske Condominium tok makta i 1898, vart britiske offiserar kalla *al-Turk* og regimet vart kalla det andre Turkiyya.⁷

Sonen til Muhammad Ali, Isma'il Kamil Pasha, tok over kommandoen for ekspedisjonshæren. Han reiste mellom anna med 3 *ulama* (religiøse lærde) som var med for å få muslimske sudanesarar til å lyde representanten for sultanen. Mamlukkane i Dongola gjorde ingen motstand mot Isma'il, nokre få overgav seg, men dei fleste rømde sørover til Ja'aliyyin gruppa og *Makk* (konge) Nimir i Shendi.⁸ Isma'il skal ha venta i Berber på at *Makk* Nimir i Shendi skulle underkasta seg det nye regimet. Han skal også ha passa på at Shaqiyya fekk same beskjed om amnesti om dei la ned våpna sine.⁹

Andre stammer som Danaqla underkasta seg regimet og etter kvart fekk erostrarane kontroll over dei områda dei hadde hatt som militære mål. Dei hadde knust den frodomen som mamlukkane og Shaqiyya hadde hatt i sine respektive områder. Muhammad Ali kunne no konsentrera seg om dei andre måla som han hadde hatt, nemleg utnytting av Sudan sine gullførekomstar og god tilgang til slavar. Med kontroll over området starta dei å skattlegge sudanesarane og mykje av byrden for skattlegginga måtte landsbyane ved Nilen ta og ikkje nomadane. Nomadane var på denne tida ikkje kome skikkleg under kontroll av det nye regimet. Dette var ein tung byrde for elvelandsbyane, for pengar var det lite av, dei kunne betale med sterke og sunne slavar. Faren for regimet låg i at det kunne verta ”slavetørt” i området, for alle jordeigarane var avhengige av slavar i hushaldet og på ute på jordene.¹⁰

Ein fekk etter kvart klare symptom på at opprør kunne bryte ut, mellom anna gjekk det eit rykte om at Isma'il var død. Dette ført til små sporadiske angrep på egyptiske soldatar. Isma'il dukka rett nok opp att i Sennar provinsen og ting roa seg for ei stund. Det kom eit opprør i 1822. Isma'il var på veg nordover og kom til Shendi. Her kravde han store mengder med pengar og slavar frå Ja'aliyyin gruppa og i tillegg fornærma han *Makk* Nimir.¹¹ Seinare på dagen vart likevel Isma'il og hans menn invitert til å sove i leiren. I mørket starta folk å samle saman durrastenglar (sorghum) og la det rundt hyttene til Isma'il og hans menn. Då dei hadde

⁷ Holt, PM & Daly, MW. 2000: 42

⁸ Ibid. 2000: 43

⁹ Bjørkelo, Anders. *Prelude to the Mahdiyya*. Cambridge 1989: 12

¹⁰ Holt, PM & Daly, MW. 2000: 48

¹¹ Holt, PM & Daly, MW. 2000: 48

samla saman nok durrastenglar, tente dei på dei tørre durrastenglane og Isma'il og hans menn brente i hel.¹²

Fleire opprør braut ut, frå Shendi og sørover mot Wad Medani. Dette var alvorlege nyhender for regimet, men dei var mykje betre rusta våpenmessig og hadde langt betre erfaring i militære operasjoner enn motstandarane. Opprørarane var heller ikkje ei samla rørsle, men mange små grupper som kjempa for sitt og sine. Regimet måtte bruke hardare skyts mot Ja'aliyyyn gruppa og dei vart til slutt slegne, og *Makk* Nimr og *Makk* al-Musaid måtte flykte. Mange vart tekne til fange, inkludert mange frå Nimr sin famile.¹³

Utman Bey vart ny sjefskommandant, i praksis militærguvernør, som leia ei ny gruppe soldatar, Jihadiyya, som var slavar frå Sudan, drilla etter europeisk mønster i treningsleirar rundt Aswan. Muhammad Ali sitt prosjekt med den nye hær modellen vart berre ein delvis suksess. Mange av slavane omkom av det egyptiske klimaet, dei var slavar frå det som i dag er Sør-Sudan og ikkje vane med så tørt og vart klima og i 1824 vart regimet nøydde til å ta inn egyptiske bønder for å fylle opp rekkene i hæren. Hæren var todelt, som nemnt Jihadiyya, men også av Shaqiyya, som var kavalerimenn som vart kommandert av sine eigne leiarar. Uthman Bey hadde sett verdien av Khartoum sin strategisk viktige plass og etablerte mesteparten av det militære og administrative apparatet her.¹⁴

Etterfølgjaren hans Mahu Bey markerte eit skilje for det nye regimet. Hans konsolideringspolitikk gjekk ut på å redusera skattebyrden på sudanesarane og tok vekk ein del privilegium som Jihadiyya soldatane hadde hatt. Han fekk samla framståande menn frå Gezira for å få råd om korleis situasjonen kunne kome betre under kontroll og at emigrantane som hadde måtte flykte under opprøra, kunne kome attende til Gezira. Her brukte Mahu 'Abd al-Qadir Wad al-Zayn som rådgjevar. Mahu fekk også sånt korn til Gezira som var utarma av opprør og krig. Han fekk opparbeida tillit i Gezira folket. Denne rådgjevaren må ikkje forvekslast med 'Abd al-Qadir Wad Habouba som er ein av hovudpersonane i denne oppgåve, men han kom frå same stamma, nemleg Halawiyin-stamma som vert introdusert i eit seinare kapittel. Mahu gjorde Khartoum til offisiell hovudstad.¹⁵

Etter Mahu tok Ali Khurshid over og vart den første som bar tittelen guvernør i Sennar-provinsen. Han fortsette den politiske lina som Mahu hadde starta på. Khurshid vart seinare

¹² Bjørkelo, Anders. 1989: 13

¹³ Holt, PM & Daly. 2000: 49

¹⁴ Ibid 2000: 51

¹⁵ Holt, PM & Daly, MW. 2000: 53

utnemnt til *mudir* (guvernør) for fire sudanesiske provinsar, Sennar, Berber, Kordofan og Dongola og fekk tittelen *hukumdar* (generalguvernør), året før han gjekk av. Abu Widn vart ny *hukumdar* etter han og forsette slik dei to føregåande hadde gjort og brukte 'Abd al-Qadir Wad Zayn som sin rådgjevar. Han heldt likevel ei strengare fiskal line, som fekk han ut i problem. Mellom anna kravde han at Shaqiyya, som hadde fått områder som hadde høyrt til Ja'aliyyn gruppa, skulle betale skatt av dei nye områda og han prøvde å dobbeltskattlegge Hammada-stamma, som etter noko uro flykta til Etiopia, for så å få med seg folk og vende mot Sudan igjen for å ta opp kampen med dei lokale offiserane.¹⁶

Det tyrkiskegyptiske regimet no strekt seg mot Rødehavet og hamnebyane der, Suakin og Massawa og hadde sendt ekspedisjonar sørover langs Nilen, heilt ned mot der Juba ligg i dag. I perioden 1849-1863 stagnerte regimet. Muhammad Ali skal ha vorte dement og den kontinuiteten som hadde vore vart broten. Elleve forskjellige representantar sat på toppen i Khartoum-administrasjonen i løpet av 20 år og ingen av dei sat lenge nok til å utgjere eit effektivt styre. Handelsmonopolet som Muhammad Ali hadde hatt med handelen på Nilen var over og dette virka sterkt inn på regimets økonomi og regimet gjekk inn i siste fase i Sudan under Khedive Isma'il.¹⁷

Regjeringsstida til Khedive Isma'il (1863-1879) markerte slutten på det tyrkiskegyptiske styret i Sudan. Likevel fekk administrasjonen ny kraft under Isma'il, etter at det hadde vore nedgangstider under Muhammad Ali sine siste år. Isma'il fekk sitt afrikanske imperium til å utvide seg enormt, men han regjerte i ei tid då Egypt og Afrika vart svært interessante for europearane. Muhammad Ali hadde nytt godt av stor tilgang på slavar som han brukte i hæren sin, men denne lukrative geskjeften gjorde Isma'il pinleg berørt. Isma'il var oppteken av vestens humanistiske tankar og verdiar, noko Muhammad Ali ikkje hadde vore. Isma'il var imot slaveriet, men slaveriet låg utanfor kontrollen til administrasjonen. Isma'il og administrasjonen starta med å gå hardt ut mot europeiske handelsgrupper som hadde starta med slavehandel og det enda med at mange av europearane forlet establisementa sine i sør. I 1864 vart det oppretta eit elvepoliti som skulle avdekke slavehandel på Nilen. I følgje offisielle kjelder frå 1886 vart 35538 slavar slepte fri, men handelsmennene lærte seg raskt metodar for å sleppe unna. Dei kjøpte seg fri av patruljane og fortsette i stor slavehandelen i stor stil. Dei gode intensjonane til khediven vart bremsa kraftig av tre forskjellige faktorar. Ein faktor var at det merkantile miljøet etter kvart vart svært maktige og Isma'il hadde for få

¹⁶ Holt, PM & Daly, MW. 2000: 54

¹⁷ Ibid. 2000: 59

ærlege og godt betalte funksjonerar og slavehandlarane fekk ingen kompensasjon for tap av slavar. Khediven tok inn Sir Samuel Baker i administrasjonen sin. Han vart sett til å gjennomføre ekspedisjonar som skulle ta nye territorium langs Nilen bassenget, stoppe slaveriet og etablera fleire militærpostar i dei nye områda.¹⁸

For administrasjon av dei nyvunne områda ved Nilen bassenget, fekk khediven inn ein annan brite, ved namn Charles George Gordon, som allereie hadde gjort nemnet sitt kjent gjennom å vera ein uortodoks, men suksessfull soldat i Kina. Han overtok etter Baker og fekk tittelen guvernør i Ekvatorialprovinsen, der han etablerte Lado som hovudstad. Isma'il fekk med seg fleire erobringar, men han klarte ikkje å ta Etiopia. Her starta dei første teikna på nedgang, som skulle kome. I 1877 vart Gordon utpeikt som generalguvernør i Sudan, den første kristne og europeiske mann til å ha ein slik posisjon. Isma'il hadde problem med Etiopia, dei vart ikkje einige om grensene, det kom til opprør i Darfur og det var anarki i Bahr al-Ghazar i sør. Khediven slutta seg til den angloegyptiske konvensjonen i 1872, som blant anna hadde som mål å stoppe slaveriet innan 1880. Gordon gjekk på oppgåvene sine med stort pågangsmot og fekk etter få månader til ein avtale med Etiopia om grensene, og han fekk pasifisert Darfur, men Gordon sin suksess var berre overflatisk. Dei siste åra av hans teneste tid for khediven hadde vist at han hadde problem med å skjønne rutinane for administrasjonen og byråkratiet. Han var ein impulsiv mann, som stolte på eigen intuisjon og som djupt religiøs påverka dette hans leiarskap og hans avgjerder. Gordon var også uheldig med at den einaste mannen han stolte på var Isma'il som hadde mista mykje av autoriteten sin, han hadde ikkje lenger solide finansar og ein effektiv hær bak seg.¹⁹

I juni 1879, etter press frå europeiske makter, vart Isma'il avsett av Sultan 'Abd al-Hamid II. Gordon skjønna at han hadde mista sin sterke støttespelar og søkte om avskjed. Hans etterfølgjar som generalguvernør var Muhammad Ra'ut Pasha som hadde tenestegjort under både Baker og Gordon. Under hans administrasjon i juni 1881 storma det som verst. Sudanesarane byrja å røyse seg.²⁰ Denne perioden i sudanesisk moderne historie var ein av dei mest avgjerande periodar for Sudan, endå meir enn Condominium (britiskegyptiske smastyre) som vart rekna som eit regime som etterfølgde og tok element frå Turkiyya.

¹⁸ Holt, PM & Daly, MW. 2000: 66-67

¹⁹ Ibid. 2000: 70

²⁰ Holt, PM & Daly, MW. 2000: 70

Condominium vart kalla *al-Turkiyya al-thâniya*, det andre Turkiyya. Påvirkninga frå det tyrkiskegyptiske regimet virka langt utover etter Khartom sitt fall i 1885.²¹

Mahdiyya 1885-1898

Årstalet for slutten av det tyrkiskegyptiske regimet er sett til 1885, men den mahdistiske revolusjon starta tidlegare, nemleg i 1881. Den starta i dei sørlege provinsane i det arabiske Sudan, nærmere bestemt i Kordofan. Her fekk Mahdien sin fyrste siger mot det regjerande regimet. For å forklare utbrotet av denne revolusjonen som starta i 1881, må ein sjå på hendingar i Egypt som skjedde på denne tida. Khediv-posten hadde mista mykje av sin autoritet etter at Isma'il hadde vorte avsett. Hans etterfølgjar var Muhammad Tawfiq som skal ha vore ei nikkedokke for stormaktene. Ein hadde fått ein opposisjonsleiar i 'Urabi Pasha, med støtta av eigen hær, som endra maktbalansen i Egypt. Det kunne gå mot revolusjon, men dette vart stoppa av den britiske okkupasjonen av Egypt.²²

Etter Gordon og Isma'il fekk ein eit slags maktvakum. Den nye generalguvernøren, Muhammad Ra'uf, var ein mild og høfleg leiar som kom rett inn i ein virvelvind som dei to energiske forgjengjarane hans hadde skapt. Leiaren for revolusjonen var Muhammad Ahmad ibn 'Abdallah og han starta i juni 1881 med å sende brev til fleire framståande menn i Sudan om at han var Mahdi, leiaren dei hadde venta på, som skulle rette opp alt det som var gale i verda og skape eit rettvist samfunn. Han var ein religiøs mann som tilhøyrd Sammaniyya *tariqa* (religiøs orden). Han fekk med seg mange religiøse menn som vart hans disiplar. Ein av desse skulle etterkvart overgå alle, nemleg 'Abdallah ibn Muhammad frå Baqqara-stamma som heldt til sør for Darfur. Han skulle seinare bli Khalifa.²³

For mange av dagens sudanesarar er Muhammad Ahmed ein *Abu'i-Istiqlal*, faderen av sjølvstyre, ein nasjonalist som samla dei sudanesiske stammene, som dreiv ut det gamle regimet og som la fundamentet for ein nasjonalstat. Eit anna inntrykk mange av dagens sudanesarar er at han var ein *mujaddid*, ein reinsar og fornyar av islam. Ein kan på mange måtar samanlikne Muhammad Ahmed med andre muslimske reformatorar frå 1700 og 1800-talet, slik som Muhammad ibn 'Abd al-Wahhab som starta Wahhabi rørsla i arabia.

²¹ Bjørkelo, Anders. 1989: 6

²² Holt, PM & Daly M.W. 2000: 75-76

²³ Ibid. 2000: 76

Muhammad gjekk endå lenger enn Wahhabirørsla, for han utropte seg sjølv til ein unik status som hadde tre titlar, Imam, etterkomar av apostlane til Gud og han var den utpeikte Mahdi.²⁴

At det skulle koma ein slik skikkelse som skulle redde verda frå fortaping var ikkje ein ny tanke innanfor islam. I mellomalderen hadde ein hatt mahdiar som fekk bygd opp store politiske rike. Både 'Ubaydallah, stiftaren av Fatimide dynastiet i Nord-Afrika og på 900-talet hadde Muhammad ibn Tumart og hans tilhengjarar, Almohadane, regjerte i nordvest Afrika og seinare i delar av Spania.²⁵

Det tyrkiskegyptiske regimet og Muhammad Ra'uf var klar over faren med denne skikkelsen som hadde fått fleire tilhengjarar, men han brukte ikkje nok energi på å undertrykkje rørsla. Han fekk sendt ein ekspedisjon til Aba i august 1881 for å arrestera Muhammad Ahmed, men dei vart stoppa av *ansarane* (tilhengjarar) hans og ekspedisjonen måtte gjere vendereis. *Ansarane* hadde berre klubber og spyd til våpen og kjempa mot trena soldatar med gevær. Denne sigeren vart rekna som eit mirakel og gav rørsla ei ny kraft. Desse *ansarane* var dei første som slutta seg til Mahdien og dei aksepterte han som Mahdi. Den andre gruppa som etter kvart slutta seg til rørsla var Ja'alliyin og Danaqla. Dei hadde eit meir praktisk retta motiv for å slutte seg til Mahdien. Dei hadde fått problem under Gordon og Isma'il sin slavepolitikk, dei hadde vore avhengige av slavar for å hauste og kultivera jorda si. Då Gordon og Isma'il ikkje lenger var der såg dei på Mahdien som ein moglegheit til å fortsette tradisjonane og leve det livet dei hadde gjort før Gordon og Isma'il.²⁶

Den tredje gruppa som slutta seg til Mahdien var Baqqara nomadane som verken hadde religiøse eller politiske motiv for å slutte seg til rørsla. Dei såg på Mahdien som eit utrykk for å drepe tyrkarane og slutte å betale skatt. Baqqara nomadane kom til å utgjere Mahdien sin hær leiaren deira, 'Abdallahi vart ein nær og lojal mann for Mahdien. Etter ein ny ekspedisjon med godt rusta soldatar frå det tyrkiskegyptiske regimet vart på ny slegne i kamp i 1882 og Mahdien sin prestisje auka voldsamt. Mahdien hadde no nye styrkar, Jihadiyyia, som tidlegare hadde vore soldatar under det tyrkiskegyptiske regimet og pressa regimet frå skanse til skanse og i Kordofan var det berre provinshovudstaden, El-Obeid og Bara som endå ikkje var lagt under Mahdien. 19. januar 1882 vart El-Obeid omringa og styrkane måtte kapitulera. Mahdien leda sigerspreika i moskeen i El-Obeid. Det fortsette med sporadiske opprør i Gezira og

²⁴ Holt, PM & Daly, MW. 2000: 76

²⁵ Ibid. 2000: 76

²⁶ Ibid. 2000: 77

elvedistriktet sør for Khartoum.²⁷ Dette området får ein høyre meir om i neste kapittel som tek føre seg Wad Habouba-opprøret i 1908.

Britane som no okkuperte Egypt meinte at opprøret i Sudan ikkje var under deira ansvar. Britane godtok likevel at egyptarane sende ein ekspedisjon til Sudan. Denne ekspedisjonen vart leia av ein brite ved namn William Hicks, som hadde vore offiser i India hæren. Khediven Muhammad Tawfiq var avhengig av suksess i Sudan for å auke autoriteten sin. Ekspedisjonen vart omringa like sør for El-Obeid og dei vart brutal drepne av *ansarar* og Jihadiyyia-styrkar. Dei tyrkiskegyptiske forsøka på å halde Sudan som koloni hadde mislykkas.²⁸

Britane gjorde seg klare til å sende troppar til den strategisk viktige hamnebyen Suakin i Sudan. Dei ynskte ikkje å involvera seg i opprøret og kravde i 1884 at egyptarane skulle trekke seg ut av Sudan. Ein stor pressekampanje gjorde til at Gordon vart sendt til Sudan for å evakuera soldatane. Han fann fort ut at ein fredleg evakuering ikkje let seg gjennomføre og han kom til Khartoum 18. februar 1884. Han lova innbyggjarane i Khartoum at britiske troppar skulle kome dei til unnsetning, ein farleg bløff, for britiske myndigheter avslo dette. Mahdien var på veg mot Khartoum og den britiske regjeringa gav etter for press frå opinionen til å snede troppar som kunne kome Gordon og Khartoum til unnsetning. Khartoum vart angripen i morgontimane 26. januar i 1885. Den slitne garnisonen hadde ikkje ein sjanse og Gordon vart drepen i kamp. To dagar seinare kom dampbåtar til Khartoum med forsterkningar som var lova til Gordon, berre for å sjå at Khartoum hadde falle i hendene på Mahdien og hans menn. Mahdien flytta hovudkvarteret til Omdurman som låg rett over elvebreidda for Khartoum. Mahdien døde brått etter kort sjukeleie den 22 juni i 1885. Han hadde utpeikt tre menn som hadde kommando over kvar sin divisjon i hæren. Kalifa 'Abdallah hadde kommandoen over Baqqara hæren, den sterkeste delen av hæren og som vart kalla the Black Flag Division. Kalifa 'Ali hadde kommando over the Green Flag, ein mindre styrke av undersåttar av han frå sør i Gezira. Khalifa Muhammad Sharif hadde kommando over det som vart kalla the Red Flag. Abdallah hadde den øvste posisjonen av dei tre.²⁹

Med Mahdien sin død viste det seg raskt at det kunne utvikle seg til ein alvorleg situasjon, som kunne true heile Mahdiyya. Sjølv om Baqqarra troppane hadde vore svært viktig for Mahdien sine sigrar, var det elvestammene som kom best ut av det og då særleg Danaqla og

²⁷ Holt, PM & Daly, MW. 2000: 80

²⁸ Ibid. 2000: 81-82

²⁹ Ibid. 2000: 84

Ja’aliyyin. Sentralt i Ja’aliyyin som i mahdisme dokumenta , vart kalla *Awlad al-balad* (fastbuande landsbyborgarar), var slektingane til Mahdien, kalla *Ashraf*. Alle desse tre nemnde gruppene hadde representantar høgt i mahdisystemet. Leiaren for den innarste kretsen av *ansarane* var Khalifa ’Ali ibn Muhammad Hilu. *Awlad al-balad* vart leia av Mahdien sin unge slekting, Khalifa Muhammad Sharif ibn Hamid. Leiaren for Baqqara nomadane vart Khalifa ’Abdallahi ibn Muhammad, som sjølv stamma frå denne nomadegruppa. Dei tre gruppene gjekk frå å vera allierte til å verta rivalar.³⁰

’Abdallahi leia ein sterk hæravdeling som hadde militær kontroll i Omdurman, den nye hovudstaden. Her var *Jihaddiyya* som vart leia av ein av hans klientar og her var Baqqara soldatar som var under the Black Flag Division. Dei som utgjorde ein trussel mot ’Abdallahi var *Awlad al-balad* styrkane, the Red Flag Division. Desse styrkane var i motsetnaden fordelte rundt om i heile Sudan og var derfor ikkje så samla sterke. The Green Flag Division var for få til å utgjere ein trussel åleine. Eit konsil rett etter at Mahdien sin begavelse hadde *Ashraf*, dei nærmaste slektingane av Mahdien, prøvd å få Khalifa Muhammad Sharif som ny leiar, noko som resten av konsilet ikkje ville godta. I debatten hadde ’Abdallahi vore stille, men eterkvart skal fleire framståande menn sverga fullt truskap til han og sist, men ikkje minst hadde *Ashraf* og leiaren deira Muhammad Sharif også godteteke dette. ’Abdallahi tok med dette til seg ein ny og unik tittel, nemleg *Khalifat a-Mahdi*, etterfølgjaren av Mahdien. *Ashraf* hadde likevel ikkje gitt opp håpet om å ta over leiinga og gjennom allierte i Darfur, skulle militærguvernøren, Muhammad Khalid, gjere ein ekspedisjon med nokså store styrkar mot Omdurman. ’Abdallahi viste kløkt og tok ut farane i hovudstaden, før han gjekk inn å beskytte Gezira som var kornlageret til Khalifaen og som *Ashraf* hadde som mål å ta, for å halde styrkane frå Darfur med mat. Det heile enda med at dei to Khalifaene som no var underlagt Khalif ’Abdallahi ikkje fekk lov å ha eigne sikkerheitsstyrkar og Muhammad Khalid vart arrestert og styrkane hans inkorporert i Khalifaen sine styrkar.³¹

Khalifaen hadde kvitta seg med alle konkurrentar og starta arbeidet med utviding av Mahdiyya og starta hellige krigar i vest, ekspedisjonar mot Etiopia og opp mot den egyptiske grensa. I vest ville han innlemme Darfur i Mahdiyya, der guvernøren som Muhammad Khalid hadde innsett var på veg til å restaurere det gamle Fur-sultanatet. Darfur vart kort tid etter innlemma i Mahdiyya. Ekspedisjonar mot Etiopia, var ikkje noko nytt, dette hadde det tyrkisegyptiske regimet også prøvd, utan å lykkast særleg. Khalifeaen lykkast heller ikkje, og

³⁰ Holt, PM & Daly. 2000: 86

³¹ Ibid. 2000: 87

fekk også problem i Darfur. Han hamna i same grensekonfliktar som Gordon og det tyrkisegyptiske regimet hadde vore. Ekspedisjonane mot Egypt var noko anna. Målet om å legge under seg alle muslimske statar hadde fått ein knekk, med Mahdien sin død. Kampanjen mot Egypt hadde vore planlagt av Mahdien og skulle leiast av 'Abd al-Rahman al-Nujumi. Khalifaen ynskte å gjennomføre planane og valde også al-Nujumi som sjef for ekspedisjonen. Al-nujumi var ein av dei siste høgtståande offiserane som stamma frå *Awlad al-bilad* (Ja'aileyyn), sjølv om lojaliteten hans var god, gav Khalifaen hans løytnant som var av Baqqara avstamning i oppgåve å følgje med og rapportere alt han gjorde til Khalifaen. Styrkane vart verande i Dongola frå november 1886 til mai 1889. Khalifaen sende brev og inviterte Khedive Muhammad Tawfiq, dronning Victoria og Sultan 'Abd al-Hamid II til å slutte seg til Mahdiyya. Han sende fleire brev, men utan at han fekk svar, og *ansarane* starta på marsjen nordover mot Egypt.³²

Etter mange år i Dongaola, var moralen ikkje den beste og dei hadde dårlege våpen og lite proviant med seg. I det dei passerte grensa hadde dei trudd at egyptarane ville slutte seg til dei, for dei kom for å befri dei frå engelskmennene. Ekspedisjonsstyrkane vart knuste og al-Nujumi vart drepen. Mahdiyya skulle aldri verte ein trussel for Egypt igjen. Khalifaen hadde trudd at det tapte slaget ved Tuskhı ville føre til ein direkte invasjon nordfrå, men dette skjedde ikkje. 'Abdullahi fekk likevel store problem 1889 med dårlege avlingar, svolt og pest i landet. Dermed såg *Awlad al-bilad* og *Ashraf* sin sjanse til å igjen verte dei leiande gruppene. Fleire opprør fann stad mot Khalifaen, men med fengslinga av Muhammad Sharif i 1892 vart desse gruppene stoppa for godt.³³

Khalifaen starta arbeidet med å omorganisere hæren, den nye hæren vart heilt avhengig av Khalifaen og vart kalla *Mulazimmiyya*. I 1892 var den eit lite korps, men etterkvar vart den beståande av ni tusen mann, leia av 'Utham Shaykh al-Din son til Khalifaen. *Mulazimmiyya* bestod av slavetroppar og av andre sudanesarar, folk frå Danaqla og egyptarar var utelukka frå hæren. Den nye hæren hadde sitt matkammer i grøderike Gezira distriktet. Khalifaen trekte seg vekk frå folk, slik som ifølgje tradisjonen det skulle vera, og viste seg for sine *ansarar* kvar fredag, då omgitt av livvakter. Ein stor mur vart bygd rundt området i Omdurman der Khalifaen hadde sitt hus og sitt hovudkvarter.³⁴

³² Holt, PM & Daly, MW. 2000: 90

³³ Ibid. 2000: 90

³⁴ Holt, PM & Daly. 2000: 94

Khalifaen hadde ikkje nokon reelle utfordrarar i Sudan, men han var fult klar over farane som truga utanfrå. Dette var tida då dei europeiske maktene var på sitt sterkeste og koloniserte mykje av Afrika. Fleire små konfrontasjonar med angloegyptiske styrkar i 1891 og 1886 i Dogola og i 1893 tapte ein mahdistekspedisjon eit slag i Eritrea mot italiensarane og det kom også til små konfrontasjonar med kong Leopold II sine styrkar som ynskte å utvida den belgiske kolonien i Kongo. Også i sør var trusselen stor, og i sør hadde ikkje Khalifaen effektiv kontroll. Dei angloegyptiske styrkane var i 1886 på veg til å ta fleire territorium frå *ansarane*. Den britiske opinionen hadde eit krav om at Gordon måtte verte hemna.

Reokkupasjonen av Sudan vart teken i to steg. Først vart jernbana frå Wadi Halfa strekt lenger opp Nilen for å gi støtte til ein ekspedisjon leia av Sir Herbert Kitchener. Mahdistyrkane vart slegne og heile Dongola vart okkupert av angloegyptiske styrkar. Kitchener stara etter dette med ei ny jernbanestrekning som vart lagd gjennom den Nubiske Ørken og gjorde seg klare for å angripe hjarte av den mahdistiske staten. Fleire provinsar fall og i 1898 nærma troppane seg Omdurman. 1. september 1898 kom det store slaget, der Kitchener leia styrkane sine til siger mot Khalifaen sine styrkar i Karari ved Omdurman. Her skal rundt 11 000 sudanesarar ha vorte drepne og rundt 16 000 vart skada. Dei angloegyptiske styrkane fekk 49 drepne og 382 skada. Ya'cub døde på slagmarka, Khalifaen rei vekk frå slaget og attende til sin tapte hovedstad og tok med seg det som var igjen av hæren til Kordofan. Dette slaget, Kararislaget markerte slutten på Mahdiyya-statene.³⁵

'Abdallahi hadde klart å halda Nord-Sudan saman etter at Mahdien døde. Han skapte eit solid rike, som rakna mykje på grunn av at dei møtte utanlandske styrkar med mykje betre våpen. Likevel klarte han aldri å stole heilt på sine offiserar ute i provinsane, sjølv om han heldt godt oppsyn med dei. Hans favorisering av Baqqaramennene skapte rift mellom han og *Awlad al-balad*, noko som gjorde staten svakare. Oppbygningen av hans hær vart oppbygd for å drive heilag krig, og seinare for å stå imot kolonimaktene gjorde at landet lei av at store delar av landet ikkje vart befolka, noko som kunne gjort staten betre og rikare. Sudan gjekk mot ein ny koloniperiode.³⁶

³⁵ Holt, PM & Daly. 2000: 96

³⁶ Ibid. 2000: 97

Condominium 1898-1956

Planane for kva som skulle skje med Sudan vart nedfelt i det som vart Condominium avtala. Desse planane vart ikkje til rett etter slaget i Karari, men var allereie under planlegging då ekspedisjonane i 1896 starta. Lord Cromer, generalkonsul i Egypt, og den britiske regjeringa i London var klare på at alt land som vart okkupert i Sudan skulle tilbakeførast til Egypt. Presset på regjeringa i London frå egyptiske nasjonalistar og den britiske opinionen auka stadig og det var viktig for både Cromer og regjeringa at det vart uttalt at det var egyptarane som skulle overta dei provinsane dei tok frå Khalifaen. Det var fleire omsyn å ta og med Khartoum gjenerobra vart det britiske og egyptiske flagget heist side om side. I det meste som vart gjort låg det ein tanke bak om at britane måtte skape eit inntrykk av at det ikkje var dei som gjekk inn for å ta dei sudanesiske provinsane som britisk koloni, men at det var i Khediven sitt namn. Egypt var formelt sett endå underlagt det Ottomanske riket og britane måtte gjere grep for ikkje å skape meir problem enn nødvendig. Derfor stod det i introduksjonen til den angloegyptiske avtala, som seinare kom til å heite Condominium avtala, at dei provinsane som hadde gjort opprør mot Khediven av Egypt, no vart reokkupert av troppar frå Storbritannia og Egypt. Det vart ikkjenemnt i avtala kven som skulle ha suverenitet over Sudan og det stod heller ikkje noko om kva rolle det Ottomanske riket skulle ha. Cromer gjekk inn for at sidan britiske styrkar, offiserar og finansar hadde gjort okkupasjonen mogleg, burde derfor Storbritannia ha visse rettigheter i Sudan. Og britane fekk det som dei ville, men dei insisterte på at Sudan fortsett var egyptisk territorium. I artikkel 1 i Condominium avtala vart Sudan definert som det som tidlegare hadde vore underlagt Egypt og det som no var reokkupert eller som i framtida kunne verta okkupert av britisk-egyptiske styrkar eller i provinsar der egyptiske styrkar aldri evakuerte frå.³⁷ Wadi Halfa og hamnebyen Suakin kom i tillegg, dei vart aldri tekne og lagt under det mahdistiske styret. Når det gjaldt provinsar i Sør-Sudan som ikkje hadde vorte reokkupert av samstyret mellom britane og egyptarane skulle ikkje ligge under Condominium. Dette var ein bevisst strategi frå britane, dei ville om det skulle verta nødvendig ha ein moglegheit å ekspandera nordover frå Uganda og inn i Sør-Sudan og ha dette området kunn under britisk suverenitet.³⁸

Artikkel 2 bestod av at dei skulle heisa både det britiske flagget og det egyptiske flagget i heile Sudan, utanom Suakin. Cromer var redd for protestar om det britiske flagget vart heist i Suakin. Artikkel 3 hadde med den overordna og lovgivande administrasjonen og at den

³⁷ Daly, M.W. London 1986: 11-18

³⁸ Daly, M.W. London 1986: 11-18

einerådande militære og sivile kommando gjekk til generalguvernøren i Sudan. Han vart utnemnd av Khediven av Egypt på anbefaling av den britiske regjeringa. Tittelen generalguvernør hadde også tidlegare vorte brukt under Turkiyya. Fleire av artiklane gjekk i britisk favør, den reelle makta sat i britiske hender, det var alltid ein brite som var generalguvernør i samstyret. Det var 12 artiklar i alt, og den nest siste gjaldt slavehandel. Dette var eit vanskeleg punkt for britane som i utgangspunktet var imot alt som hadde med slavevesenet å gjere. Innførsel og utførsel av slavar vart gjort forbode. Gordon som tidlegare hadde kjempa mot slaveriet, hadde og sett kor vanskeleg det var å avskaffe og kor inkorporert det var i muslimske samfunnet i nord. Målet var å forby alt slaveri, men Generalkonsul Cromer uttalte at ei burde la slaveriet vere i fred så lenge.³⁹ Condominium avtala vart signert av Cromer og Butros Ghali Pasha 19. januar 1899 og Kitchener vart utnemnd til generalguvernør i Sudan. Samstyret skulle vara heilt fram til 1956 då Sudan igjen fekk sitt sjølvstende.⁴⁰

Kitchener sine retningslinjer til guvernørane

Dei nye retningslinjene for kolonadministrasjonen i tida fram til 1. verdskrig var eit sett dokument, skrive av generalguvernøren i Sudan, som var Kitchener og som hadde stillinga fram til desember 1899. Dei nye retningslinjene som vart sendt ut til *Mudirane* (guvernørane) i provinsane og til deira britiske underordna for å gje dei instruksjonar om den nye administrative stilen. Her var det lagt vekt å at *mudirane* skulle supplera dei lokale administrasjonane med lokale framståande menn. Britane var likevel alltid på vakt ovanfor lokale leiarar og islam, dei var grunnleggande mistenksame. Kitchener påpeika også at ein ikkje måtta ha for strenge lover og for strenge administrative reguleringar, men at ein måtte køyre ei open linje, inkluderande og tilpassa dei lokale strukturane.⁴¹

I dette memorandumet til Kitchener vart det også understreka at dei hierarkiske strukturane i samfunnet måtte haldast oppe, men ein skulle følgje med dei og utnytte dei til å bygge opp og konsolidera det nye regimet. Dei lokale stammeleiarane skulle ”godgjerast” materielt, ved at dei fekk nye varer importert frå vesten og som skulle gjere dei til lojale støttespelarar for regimet. *Mudirane* og deira underordna skulle heller ikkje blande seg inn i det daglege livet til sudanesarane og dei skulle ikkje blande seg inn i sudanesiske strukturelle maktforhold. Det siste som Kitchener presiserte til *mudirane* var at dei alltid skulle passe på å vera einig med

³⁹ Daly, M.W. London 1986: 11-18

⁴⁰ Daly, M.W. London 1986: 11-18

⁴¹ Vezzadini, Elena. *The 1924 Revolution*. Bergen 2008: 39-41

dei lokale stammeleiarane. Dette viste seg særleg i slavepolitikken til britane. Dei kom til Sudan med eit klart standpunkt mot slaveri, men klarte aldri å sette dette ut i livet. Dei ynskte at dei fleste av slavane skulle verte verande hjå sine respektive jordeigarar.⁴²

Konsolideringsperioden

Det første som måtte ordnast var kva status Sudan skulle ha? Lord Cromer som hadde vore den som i praksis hadde vore den øvste leiaren i Egypt etter britisk erobring av Egypt i 1882, var redd for at Sudan under leiing av Khediven av Egypt kunne føre til ei vidareføring av kapitulasjonane⁴³ og internasjonal innblanding. Det var egyptiske krav som hadde gitt erobringa ei slags juridisk rett til å gå inn i Sudan, og britane hadde fått ein unik status gjennom å få kontroll over store delar av Nilen, og dei kunne derfor ikkje skyve til sides egyptarane. Det var ingen av dei europeiske maktene som kunne måle seg med dette. Dette sprang ut i ei tid der ein fekk Fashoda krisa. Her hadde ein fransk ekspedisjon under kommando av kaptein Marchand okkupert Fashoda sør i Sudan 10. juli 1898. Britane tok raskt affære og sende Kitchener ned til Fashoda for å fortelje franskmennene om deira brot på egyptisk og britisk rett. Det oppstod ein svært spent situasjon mellom Storbritannia og Frankrike, men som vart løyst 4. november då Marchand trakk styrkane sine attende.⁴⁴

For å få til eit slags styre av Sudan, innførte Cromer ein hybrid form for styresett, der egyptiske krav i Sudan og at britiske interesser vart ivaretakne, enda det i det som tidlegare vart nemnt, Condominium avtala, som teoretisk svara til at begge land hadde like mykje makt over Sudan. Sjølv om avtala gav dei to landa likeverdige rettar, så fekk den britiske generalguvernøren nesten fullt autonomi. I praksis hadde britane full styring i Sudan. Som nemnt vart Lord Kitchener den første generalguvernør i samstyret med ansvar for å ta kontroll over og bygge opp Sudan. Han var ikkje særleg suksessfull. Han var meir ein soldat enn ein administrator og fjerna seg frå sine underordna og neglisjerte dei utmatta sivile sudanesarane sine ynskjer. Kitchener forlet embetet sitt allereie i desember 1899, for å reise til boerkriegen som rasa Sør-Afrika. Han overlet ansvaret for gjennombygginga og konsolideringa til sin etterfølgjar som var Sir Reginald Wingate. Han hadde vore leiar for den militære etterretninga

⁴² Vezzadini, Elena. *The 1924 Revolution*. Bergen 2008: 39-41

⁴³ Kapitulasjonar var originale avtalar som dei Ottomanske sultanane hadde gitt europeiske handelsmenn, ein autonom status og handelsrettar i det Ottomanske imperiet.

⁴⁴ Holt, PM & Daly. Harlow 2000: 101

i den egyptiske arme sidan 1887 og var generalguvernør fram til 1917, perioden denne oppgåva tek føre seg.⁴⁵

Egypt var viktig i Sudan, mest som eit symbolsk støtte til britane, men dei var også eit førebilete for sudanesisk motstand mot britisk styre i Nildalen. Egyptarane heldt mellompostane i administrasjonen, spesielt før 1932, og dei spreidde idear om arabisk litteratur og om arabisk og egyptisk nasjonalisme.⁴⁶

Wingate hadde starta arbeidet med å få kontroll over Sudan og stoppe motstand mot samstyret i november, månaden før han vart generalguvernør. Khalifa Abdallahi hadde fortsett mange soldatar i hæren sin og fleire framståande menn frå mahdiatida. Wingate leia styrkane sine i slaget ved Umm Diwaykarat sør i Sudan. Her vart Khalifa Abdallahi drepen saman med Khalifa Ali ibn Muhammad Hilu og son til Khalifa Abdallahi vart teken til fange. Det viste seg raskt at dette ikkje var nok for å stoppe motstanden mot det nye regimet. Ein anna hending skjedde også i 1899 og vart noko kontroversiell. Khalifa Muhammad Sharif, den siste gjenlevande av dei tre Khalifaene vart drepen ved Shukkaba saman med sine to eldste søner. Det som vart kontroversielt var at det seinare vart diskutert om dei vart drepne då dei prøvde å rømme frå fangenskap eller om dei vart avretta for fluktforsøk. Med dei tre Khalifaene frå Mahdiyya perioden døde, forsvann ikkje mahdirørsla likevel. Det kom fleire som utropte seg til Mahdi i denne tidlege perioden av samstyret.⁴⁷ I følgje tradisjonen i islam forventa profeten Muhammad ein dekadanse eller forfall innanfor det islamske fellesskapet og som skulle symbolisera eit slags verdsleg einevelde og moralsk forfall. Denne dekadanse var ikkje meint som ein permanent stat, og profeten Muhammad skal ha sagt at ein mann frå hans ”hus” ville kome til syne for å redde jorda frå urett og fylle jorda med kjærleik og rettferd. Fleire muslimske samfunn har tradisjonar som identifiserte denne skikkelsen med Mahdi, som skulle kome for å restaurere den muslimske tru.⁴⁸

Gjennom fleire århundre utvikla om Mahdi seg vidare. Det vart vanleg å tru i det muslimske samfunnet at etter Mahdi hadde vist seg, ville *al-Dajjal* (antikrist) koma og som vil prøva å øydelegga det Mahdi hadde lagt til rette for. Her er ein då inne på det sentrale i denne kulten,

⁴⁵ Holt, PM & Daly. Harlow 2000: 102

⁴⁶ Sharkey, Heather J. *Living with Colonialism. Nationalism and Culture in the Anglo-Egyptian Sudan.* Los Angeles: 6

⁴⁷ Holt, PM & Daly, MW. Harlow 2000: 102

⁴⁸ Cudsi, Alexander Solon. 11-12

nemleg at profeten *Nabi 'Isa* (Jesus) ville koma verda til unnsætning med å knuse *al-Dajjal* og dermed oppretthalde det store Mahdiyya.⁴⁹

Alle opprør i perioden vart dømde strengt av det nye og litt famlande regimet. I sør vart ikkje provinsane pasifiserte før langt utpå 1920-talet, og det var vanskeleg å ta seg inn mange stader i sør på grunn av svært därlege kommunikasjonar. Britane fekk etter kvart ordna opp i grensene mot dei diverse statane rundt, men Dafur var nok ein gong vorte ein autonom stat, men som skatta til Khartoum.⁵⁰

Den administrative strukturen til samstyret vart utarbeid i Wingate sin periode som generalguvernør. Her vart tidlegare administrasjonsformer brukt, både det som vart brukt under det tyrkiskegyptiske regimet og under Mahdien og i tillegg brukte dei erfaringar frå Egypt og India. Som nemnt hadde generalguvernøren ei særskilt rolle, som *sirdar* eller sjefskommandant i den egyptiske hæren hadde full autonomi over den sivile og militære administrasjonen. Generaldirektøren rapporterte til generalkonsulen i Kairo og til utanriksdepartementet i London. Det at Sudan ikkje vart gjort til koloni, men eit samstyre mellom Egypt og Storbritannia, gjorde at det fekk ein unik status. Alle andre koloniar rapporterte til kolonikontoret i London, medan Sudan-administrasjonen låg under utanriksdepartementet. Generalguvernøren hadde mykje større autonomi enn sine kollegar i andre koloniar. Med ei slik arbeidsfordeling vart det viktigare at dei tre instansane, generalguvernøren i Khartoum, generalkonsulen i Kairo og utanriksdepartementet i London vart samde enn det om kva som stod i Condominium avtala. Personlege forhold dei imellom vil verta gjennomgått i neste kapittel. Utanriksdepartementet insisterte på at Sudan-styresmaktene skulle vera underlagd generalkonsulen i Kairo, var generalguvernøren i Khartoum nokså fri til å gjere sine val.⁵¹

Generalguvernøren var ikkje heilt uavhengig. Budsjettet for Sudan-administrasjonen skulle godkjennast av Kairo og det var einigkeit om at det skulle vera låge skattar i Sudan, noko som det måtte kompenserast økonomisk for å dekke inn underskotet. Den egyptiske statskassen måtte dekke dette underskotet, og det var den egyptiske statskassen som måtte dekke utgiftene for den egyptiske hæren i Sudan. I tillegg fekk ikkje Egypt renter på den kapital som var investert i Sudan.⁵² Dette var noko egyptiske nasjonalistar protesterte høg lytt på utover i

⁴⁹ Holt, PM & Daly, MW. Harlow 2000: 103

⁵⁰ Ibid. Harlow 2000: 104

⁵¹ Ibid. Harlow 2000: 104

⁵² Ibid. Harlow 2000: 105

perioden. I praksis var det britane som bestemte og egyptarane som betalte, for å sette det på spissen.

Finans, justis og det sivile direktoratet vart kalla dei tre direktorata. I motsetnad til andre slike direktorat var desse direktorata nært knytt opp til generalguvernøren og dei jobba som rådgjevarar for han. Dette var viktige støttespelarar for generalguvernøren med bygge opp sine direktorat og halde god kontakt med dei andre direktorata. Bernard Pasha var finansminister 1900-1923, ein katolikk med maltesisk opphav som vart rekna som ein outsider av generalguvernør Wingate. Bernard Pasha brukte sitt ”orientalske opphav” som forklaring på feil han hadde gjort. Sir Edgar Bonham Carter var justisminister 1899-1917 og var den einaste sivile av dei tre ministrane. Dei viktigaste sivil ministrane i perioden til Wingate var Pips og Lee Stack. Phipps hadde problem med å få same respekten som Stack som var ein mann med sterke meiningar og sterke personlegdom. Desse direktorata korsponderte med Kairo, og det var ofte dei personlege relasjonane som talde om ein fekk tilslag eller ikkje.⁵³

Det beste eksempelet på personlege relasjoner i administrasjonen var forholdet til Wingate og Slatin. Slatin frå Austerrike, som hadde klart å rømma frå Omdurman under Khalifa regimet, vart ein nær rådgjevar til Wingate. Wingate skreddarsydde posten som generalinspektør til Sir Rudolf von Slatin Pasha. Han hadde ansvaret for religiøse og stamme affærar. Han vart den nest mektigaste i Sudan-administrasjonen etter generalguvernøren. Han gjekk ofte sine eigne vegar og kom ofte i konflikt med andre offiserar, som vil bli teke opp i neste kapittel.⁵⁴

Administrasjonen i provinsane tok etter Dongola som var ein gammal tyrkisegyptisk provins. Dongola vart okkupert allereie i 1896 og den øvste offiseren av troppane som tok Dongola vart gjort til *mudir*, med hovudkvarter i Merowe og han fekk ein liten stab av sivile arbeidarar. Dongola vart delt inn i tre militære områder og kommandanten i kvart område hadde ansvaret for den sivile administrasjonen. Også ein politi administrasjon kom på plass og elveterritoria vart delt inn i elleve mindre distrikt, med ein egyptisk militær *mamur* (distrikts offiser) som leiar i kvart distrikt. Då Wingate vart utnemnd til generalguvernør fanst det seks *mudirias* (provins hovudkvarter) : Khartoum, Berber, Dongola, Kassala, Sennar og Kordofan.⁵⁵ Det var høgare britisk offiserar som leia administrasjonen i provinsane og sentralt, med egyptiske offiserar som underordna, seinare sudanesarar.

⁵³ Warburg. London 1971: 62

⁵⁴ Holt, PM & Daly, MW. Harlow 2000: 105

⁵⁵ Daly, M.W. London 1986:71-72

Dei tre første generalguvernørane Kitchener, Wingate og Sir Lee Stack var alle soldatar og var mest opptekne av lov og orden. Dette førte til at dei fleste funksjonærar i administrasjonen både sentralt og lokalt var militære offiserar og som stort sett vart rekrutterte frå den egyptiske hæren. Ein fekk etter kvart inn nokre sivile inn og dei danna det som vart kalla Sudans politiske teneste. Det vart også opna skular i Wingate sin periode, og den første direktøren for utdanning frå 1902 James Currie, var det viktig å utdanne ein del lokale folk som kunne jobbe i administrasjonane. Han klaga også over nokre britiske tenestemenn som var overutdanna og at det var verre enn dei som ikkje hadde utdanning i det heile.⁵⁶

Utbrotet av krigen i Sør-Afrika like etter at den britiskegyptiske erobringa av Sudan hadde føregått, gjorde at Sudan-administrasjonen mista mange offiserar til boerkriegen i Sør-Afrika på ei tid der desse offiserane verkeleg hadde vore til nytte i Sudan. I 1901 var det totalt 67 britiske tenestemenn i Sudan-administrasjonen, der 46 av dei var militære og 21 var sivile.⁵⁷ Ein kan utifrå desse tala skjønne kvifor Wingate gjennom heile sin periode som generalguvernør ynskte meir britisk personell til Sudan og Khartoum.

Den religiøse politikken under Wingate vart utarbeidd for å skape ro og orden. Mahdismen vart undertrygt og Mahdien si bønnebok *ratib* vart forboden og alle som hadde overlevd frå Mahdien sin administrasjon og familiane deira var enten fengsla eller overvaka. Dei diverse *sufi* (muslimsk mystisisme) *tariqas* (religiøse brorskap) vart sett på med argusauge og dei vart ikkje offisielt godtekne, men *Khatmiyya tariqa* og deira heilage ledande familie, Mirghani-familien, fekk betre behandling frå styresmaktene for deira lojalitet til regimet. Dei hadde brote med Mahdien og hadde også støtta det tyrkisegyptiske regimet i si tid. Mahdien hadde som nemnt også gått i lære hjå ei anna *tariqa*, Sammaniyya *tariqa*. Han braut etter kvart med dette brorskapet og var seinare motstandar av desse *tariqane*. Wingate oppretta "Board of Ulama" eit religiøst styre som skulle gi Sudan-administrasjonen råd om saker som hadde med islam å gjere. Dette vart til for at britane ynskte å støtte den ortodokse islam, slik som det tyrkisegyptiske regimet også hadde gjort. Dei bygde også moskear til sudanesarane og dei støtta *kuttabane* (koranskular). For ikkje å skape problem i det muslimske nord, vart kristen misjonering forbode.⁵⁸

Sudan regjeringa var på vakt overfor dei diverse *tariqa*, men det var mahdistane dei var mest redde for. Dei var redde for påvirking dei kunne få frå pilgrammar som kom frå Vest-Afrika

⁵⁶ Daly, M.W. London 1986: 77-78

⁵⁷ Daly, M.W. London 1986: 82-83

⁵⁸ Daly, M.W. London 1986: 121-124

og som vart kalla *fallata*. Desse *fallata* reiste gjennom Sudan på si pilegrimsferd mot Mekka og Medina. Dei var ofte fattige og var avhengige av folk sine almisser eller at dei tok seg arbeid for periodar, som kunne vare i fleire år. Desse pilegrimane utgjorde ein del av arbeidstyrken på bomullsmarkene i Gezira. Desse pilegrimane hadde ei tru på at den kommande mahdi skulle kome frå Sudan, og dette kan vera ein grunn til at mange av opprøra mot styresmaktene starta her.⁵⁹

Seinare rundt 1.verdskrig måtte britane prøve å få både dei diverse *tariqaene* og *ansarane* til å støtte seg mot det Ottomanske riket som gjekk inn i krigen mot mellom anna Storbritannia. Motviljen mellom desse partane vart snudd til eit samarbeid mot det tyrkarane. Ved krigsutbrotet måtte også generalinspektøren, Slatin gå av på grunn av at han var austerríkar. Wingate var svært usikker på kva han skulle gjere, men han sette fri Sayyid 'Abd al-Rahman, son til Mahdien. Det skulle vise seg at han skulle kome til å bli ein viktig mann for Sudan i perioden etter 1.verdskrig og framover, men som ikkje vil bli diskutert her, fordi det går utanfor oppgåva sin periode. Erobringa av Darfur var noko av det siste Wingate fekk med seg i sin periode som generalguvernør i Sudan fram til 1917. Ali Dinar, sultan i Darfur hadde valt å støtte ottomanarane i krigen og det vart då nødvendig for Wingate å gå inn å overta kommandoen av sultanatet.⁶⁰

Condominium skulle vere mange år etter Wingate sin avskjed, men 1. januar 1956 fekk Sudan sitt sjølvstende, noko som tidlegare hadde sett vanskeleg ut, vart no verkelegheit og Cromer sine symbol på den hybride formen for administrasjon vart fira ned for siste gong i Khartoum.⁶¹

Kapittel 3

Wad Habouba-opprøret

Wad Habouba-opprøret var det største opprøret mot det britiskegyptiske regimet og vart leia av 'Abd al-Qadir Wad Habouba som kom frå området Messalamia i Gezira. Han vokste opp i

⁵⁹ Daly, M.W. London 1986: 118- 125

⁶⁰ Holt, PM & Daly. Harlow 2000: 112-116

⁶¹ Ibid. Harlow 2000: 141

Halawiyin-stamma og opplevde skiftande tider både under Tyrkiyya og seinare Condominium. Opprøret som vil bli gjort greie for her i dette kapitlet skjedde i 1908 og var eit sjokk for dei britiske offiserane. Som ei innleiing til kapitlet vil det kort verta sett på andre opprør i Afrika under kolonitida, men også ein oversikt over opprør i Sudan i perioden 1900 til 1917 då Wingate går av som generalguvernør i Sudan. Dette for å vise at det ikkje berre var i Sudan, dei gjorde opprør mot koloniherrene.

Kolonisering og motstand mot kolonimaktene

Perioden oppgåva tek føre seg vert kalla tidleg kolonitid og strekkjer seg frå omrent 1880 til 1920. I denne perioden er ein vitne til eit storstilt kapplau mellom europeiske statar som Storbritannia, Frankrike, Tyskland, Portugal og Italia i all hovudsak, for å underleggja seg Afrika. Det var like før ein storkrig hadde starta i Fashoda, der britane og franskmenne møttest og ein storkrig kunne ha vore eit faktum om ikkje Marchand og styrkane hans i 1898 hadde fira det franske flagget som då gav britane kontroll over Sør-Sudan. Den industrielle revolusjon hadde gitt europearane mange teknologiske framsteg, deriblant på samferdsle med jernbaner, dampbåtar, telegraf og telefon som gjorde frammarsjen i Afrika mykje lettare. I tillegg var erostrarane overlegne våpenmessig, med riflegevær, repetergevær og seitn på 1800-talet kom ”the maxim gun” som kunne skyte 10 skot i sekundet. Dette våpenet øydeløste både leirmurar og plankefestningar og er kjent brukt i slaget ved Omdurman i 1898 der Khalifa av Mahdi-riket flykta frå slaget og der 10 000 av hans menn måtte bøte med livet mot britane som på si sida mista 49 av sine soldatar.⁶²

Ideen om vestleg innblanding i Afrika sprang ut som ein tanke som såg føre seg det vestlege samfunnets rett eller plikt til å ”sivilisera” Afrika og å få i gang misjonering, handel og å ende slaveriet. Denne måten å tenkje på vart svært populær etter Darwin sine nye teoriar om dyreverda. Sosialdarwinismen vart skapt og ut av dette og ein fekk ei rasetenkning der ein såg europearane på toppen av pyramiden og med afrikanarane på botnen. Denne tenkinga som etter kvart stod sterkt i Europa og USA, der ein kunne bruke argumentet som Charles Darwin hadde brukt i sin teori om dyrehierarkiet, ”*the survival of the fittest*” kunne overførast og rettferdiggjere imperialismen.⁶³ Ein fekk etter kvart betre medisinar, mellom anna kinin mot

⁶² Simensen, Jarle. *Afrikas historie*. Oslo

⁶³ Palmer, Colton & Cramer. *A history of the modern world*. New York 2007: 610

malaria der dødsraten vart redusert med ein femtedel. Saman med anna tropemedisin var dette med på å lette erobringane av Afrika, men det gjorde også til at kapplaupet auka i omfang.⁶⁴

Det gjekk ikkje lang tid etter erobringane før ein fekk reaksjonar i form av opprør mot dei framande maktene. Innbyggjarane fekk tidleg merke framandstyra si framferd i Afrika og der dei måtte registrere seg, jord vart konfiskert, nye skattar, arbeidsteneste og tvangleveransar av eksportvarer. Kolonimaktene sine mange krav fekk mange afrikanarar til å stå imot sine nye herskarar.⁶⁵

Felles for mange av opprøra var at religiøse leiarar spelte ei sentral rolle. Dei var ofte del av eit lukka selskap, i alle fall for kolonimaktene, og kunne med dette skape seg alliansar på tvers av dei politiske grensene. Dette skjedde både i Asante og på Madagaskar. Ofte vart det ein djup reaksjon mot heile moderniseringsspolitikken som vart ført og dette kom til uttrykk i mange typar samfunn.⁶⁶ Dette skulle også visa seg i Sudan, som opplevde fleire opprør i den tidlege perioden av det anglo-egyptiske samstyret.

Motstand mot samstyret i den tidlege britisk-egyptiske perioden

Den egyptiske hæren i Khartoum og i andre viktige provinsar var nødvendige for å halde sikkerheitsnivået i Sudan av to grunnar. For det første var deira oppgåver å ta seg av stammekonfliktar, der både indre strid eller konfliktar mellom ulike stammer kunne førekome. For det andre var det viktig for britane å ta hand om lokale hendingar med religiøse overtonar, som i verste fall kunne føre til store opprør mot styresmaktene. Dette var stort sett ansvaret til den egyptiske hæren, under kommando av britiske offiserar, og politifullmakta i provinsane for å halde under kontroll.⁶⁷

Wingate var klar på at delar av sudanesiske muslimar hadde dragning mot mahdistisk tru og trua på at Mahdien ein gong skulle koma igjen. Derfor var regimet på konstant vakt mot mogeleg hendingar som kunne oppstå. Det var mange hendingar i denne tidlege perioden av samstyret si styring i Sudan. Opprør med religiøse overtonar skjedde omrent kvart år eller at ein eller annan *fakis* (heilag mann, religiøs lærar) vart arrestert eller deportert. I 1900 vart Ali

⁶⁴ Simensen. Oslo 2009: 227-230

⁶⁵ Ibid. Oslo 2009: 234-235

⁶⁶ Ibid. Oslo 2009: 234-235

⁶⁷ Daly, M.W. London 1986: 119

Abd al-Karim arrestert med 40 tilhengjarar.⁶⁸ Dei vart kalla "The milleniumists," på grunn av årstalet det skjedde.⁶⁹ Dei vart arresterte og deporterte til Halfa, fordi dei vart rekna som farlege av styresmaktene. I 1901 gjekk "Board of Ulema" inn for å etterforske ein annan tidlegare mahdist, Sheikh Mahdawi Abd al-Rahman for å tale styresmaktene imot. I 1903 fekk styresmaktene greie på at ein *faki* frå Bornu, Muhammad al-Amin, hadde utpeikt seg som mahdi. Han vart arrestert saman med sine tilhengjarar og hengd i El Obeid same året. Garburg skriv at Wingate for å rettferdiggjere den strenge dommen, argumenterte sterkt for at dette kunne gått verkeleg ille viss ikkje styresmaktene hadde gripe inn i rett augneblink. Wingate sine handlingar, eventuelle motiv og argument vert gjennomgått seinare i avhandlinga. Slatin var heilt einig i dødsdommen, men meinte at rapportane om den sokalla nye mahdien var noko overdrive.⁷⁰

I 1904 utropte Muhammad Adam seg til *Nabi Isa* i Singa, i Sennar-provinsen. Den egyptiske *mamuren* som skulle arrestera han vart drepen. I denne hendinga vart Muhammad Adam og fleire tilhengjarar drepne. Garburg skriv at den offisielle rapporten som vart skriven ikkje nemner noko om at to av tilhengjarane til denne *Nabi Isa* som vart fanga i live, vart avretta mot generalenkonsulen i Egypt sine råd, men med Wingate sin fulle tillating.⁷¹ Året 1905 skjedde ingen opprør og Wingate uttalte: "*This is an indication that slowly but surely the effects of the mighty upheaval, for the Mahdi and the Khalifa were mainly responsible, are gradually dying out.*"⁷² Sjølv om Wingate hadde håpa at opprør mot styresmaktene skulle avta, vart det på ingen måte slik Wingate hadde ynskt. I 1906 ved Nuba-fjella starta eit opprør som styresmaktene først trudde var religiøst motivert eller rasemotivert, men som viste seg å ha opphav i britane sin slavepolitikk, for å gjere ende på slavehandelen, noko som gjekk utover jordeigarar som var avhengige av slavar for å hauste avlingane. I 1907 var det to hendingar der to menn på forskjellige stader utropte seg til *Nabi Isa*, men som vart raskt tekne hand om og deportert til høvevis Halfa og Khartoum.⁷³

Det klart største opprøret i Wingate sin periode var Wad Habouba-opprøret som skjedde i april og mai 1908 i Blue Nile provinsen. Dette opprøret vert grundig gjort greie for litt seinare i avhandlinga. Etter dette var det ikkje alvorlege opprør mot styresmaktene, ikkje i så stor skala som Wad Habouba-opprøret, men nye menn som utav seg for å vera *Nabi Isa* fortsette å

⁶⁸ Warburg. London 1971: 100

⁶⁹ Cudsi. Khartoum 1969: 16

⁷⁰ Warburg. London: 101

⁷¹ Ibid. London: 101

⁷² Ibid. London: 101

⁷³ Ibid. London: 101

dukka opp i Wingate sin periode som generalguvernør i Sudan. Både i 1909 og i 1910 utropte menn seg som *Nabi Isa*, der den siste av dei vart utløyst av Hallys komet. Mange vart arresterte, både *fakis* og rundt 1910 vart britane for alvor klar over faren med immigrantane frå Vest-Afrika. Dette var muslimske pilegrimar, ofte kalla *Fallata*, som reiste frå Vest-Afrika og gjennom Sudan for å kome til Mekka og Medina på den andre sida av Rødehavet. Dette tok ofte veldig lang tid og dei stoppa ofte i Sudan i månad og årevis for å jobbe og tene pengar for å kome seg vidare på pilegrimsreisa. Mange vart verande i Sudan.⁷⁴ Fleire små hendingar fekk ein i 1912 og 1914, men dei vart fort stoppa, i 1912 vart to menn arresterte for å ha utropt seg til *Nabi Isa*, men sette fri, fordi dei skulle ha vore harmlause og mentalt ustabile. Også i 1915 vart eit lite opprør slege ned, der ein *fallata* hadde imitert mahdien og erklært *jihad* ved Jabal Qadir i Nuba-fjella.⁷⁵ Ein fekk fleire slike opprør seinare, men dette var etter Wingate sin periode som generalguvernør og derfor utanfor den perioden avhandlinga tek føre seg. Sjølv om opprøra var mange, fekk styresmaktene som oftast rask kontroll over situasjonen. Det var motstand mot regimet heile perioden Wingate styrte og regimet var alltid på vakt.

'Abd al-Qadir Mohammed Imam Wad Habouba og Kamlin-affæra

'Abd al-Qadir sin far var *nazir* (høvding) for Halawiyin-stamma underlagt det gamle tyrkisk-egyptiske regimet, og var ein velståande mann, hovudsakleg for å eiga store landareal i slettelandet rundt Messelamia, noko sør for Khartoum. Far til 'Abd al-Qadir hadde ein stor familie med fleire søner og døtre. Halawiyin stamma følgde det meste som Sammaniya *tariqa* (religiøs orden) bestemte. Den vart leia av Muhammad al-Sharif Nur al-Daiem som er kjent for å ha vore lærmeisteren til Mahdien, Mohammad Ahmed. Mahdien gifta seg inn i Halawiyin-stamma og opparbeida seg etterkvart eit godt rykte og vart seinare respektert som ein stor leiar av mange, og av desse tilhørde mange i *nazirens* familie og ein av desse var 'Abd al-Qadir som vart ein trufast Mahdi-tilhengjar.⁷⁶

Halawiyin stamma var kjent for ikkje å la seg knekke av fiendar utanfrå. I fleire forteljingar i *Sudan Notes and Records*(S.N.R.) kan ein til dømes lese om tyrkiske soldatar som skal ha teke fleire menn frå Halawiyin stamma til fange og ein sheikh ved namn al-Haj Ahmed åleine

⁷⁴ Daly, M.W. London 1986: 119-121

⁷⁵ Ibrahim, Hassan Ahmed. *Mahdist Risings against the Condominium Government in the Sudan, 1900-1927*. Boston: 456

⁷⁶ Sudan Intelligence Reports, Appendix D 24.05.1908 Khartoum: 15

skal ha frigjort desse mennene. Dei tyrkiske soldatane hadde ikkje tort å gjere motstand mot han. I andre historier frå tida då ottomanarane styrte i Sudan viser at denne sheikhen ikkje alltid fekk det som han ville, han skal ha fått 500 piskeslag for ikkje å ha samla inn skatt frå Halawiyin-stamma. Då far til 'Abd al-Qadir, Imam Wad Idris døde, vart han etterfølgd av sin bror Ahmed Idris og som i si tid igjen vart etterfølgd av Imam Wad Habouba som i følgje S.N.R er den mest kjende av alle menn frå Halawiyin-stamma. Han skal heilt frå han var liten vist autoritet og pågangsmot, som då han åleine skal ha trua eit heilt arbeidsfølgje med døden for at dei ikkje hadde gjort jobben sin på plantasjen, til Shanbul Wad Medani, godt nok.

Shanbul Wad Medani var *nazir* over den nordlege delen av Gezira, eit stort område like sør for Khartoum. Shanbul skal ha sagt at han alltid hadde hatt trua på at Mohammad Imam Wad Habouba ville bli noko stort. Etter onkelens død gjorde Shanbul han til sheikh, og etter at Mohammad Imam hadde gifta seg med dotter til ein slekting av Shanbul, Musaid 'Abd al-Qadir, vart han Shanbul sin *wakil* (assistent).⁷⁷ Det er gjennom dette giftarmålet han får namnet 'Abd al-Qadir Mohammad Imam Wad Habouba. S.N.R munnlege forteljingar som vart skrive ned av G. B. Tame som reiste rundt og intervjuva diverse folk frå Halawiyin-stamma og desse opplysningane kan vera både mangelfulle og vanskeleg å setta for mykje lit til. Likevel gir det eit inntrykk av korleis forholdet til tyrkarane var og korleis forholdet til nabostammer kunne vera. Det skal ha vore mykje krangling om jordeigedomar med diverse nabostammer og etter å ha kriga mot Dubasin-stamma skal han ha vorte fengsla av det tyrkiske regimet. Han vart seinare lauslaten og kom etterkvart i kontakt med Mohammad Ahmed som seinare skulle bli Mahdi i Sudan. Dette første møte mellom 'Abd al-Qadir og Mohammad Ahmed er skildra i S.N.R. Mohammad Ahmed skal ha gått i lære av ein Sheikh al-Kuraishi og dei skal ha treft kvarandre i samband med at Mohammad Ahmed skal ha bede om å få gifta seg med dotter til ein annan Sheikh, Mohammad al-Basir. Al-Basir skal ha spurt 'Abd al-Qadir om kva han tykte om Mohammad Ahmed og om han burde la han gifta seg med dotter hans. Ingen visste mykje om den komande Mahdien på denne tida, men 'Abd al-Qadir skal ha svara at han såg ut som ein god og religiøs mann og at viss han hadde hatt 4 døtrer, ville han ha gitt han alle 4. Det vart giftarmål same kvelden.⁷⁸ 'Abd al-Qadir fekk tidleg kjennskap med han som skulle bli den store Mahdi i Sudan. Mohammad Ahmed skal seinare ha reist til Aba Island der kampar starta mot det tyrkiske regimet. Han skal ha bede Sheikh Mohammad al-Basir om hjelp, om dei kunne starte med å angripe diverse lokale

⁷⁷ Tame, G. B. *Sudan Notes & Records. Legends of the Halawiyin of the Blue Nile Province*. Volume XVII 1934: 207-209

⁷⁸ Tame, G. B. *Sudan Notes & Records. Legends of the Halawiyin of the Blue Nile Province*. Volume XVII 1934: 211-212

tyrkiske militærpostar eller om dei kunne kome til Aba Island for å bli med i krigføringa mot tyrkarane. Dei eldste i Halawiyin-stamma kom saman og bestemte at dei ville vente. Dette førte til ueinigkeit mellom fleire i stamma og som også fortsette seinare, som oppgåva vil kome inn på seinare.⁷⁹

Oppveksten i Halawiyin-stamma bestod av lære av strenge koran verdiar. Han lærte fort og vart etter kvart ein religiøs lerd mann, med Mahdien som førebilete. Sulaiman Ksheh som har skrive artikkelen *Memories of the market*, henta frå Sudan Library i Khartoum skriv at han var ein av få som vart respektert av Khalifaen for at han var ein rettferdig mann og at han var modig og ein som følgde Mahdien si lære forbiledleg. Han var imot alle som ikkje var dediserte muslimar og som ikkje følgde Mahdien si lære. Han fekk mange fiendar på grunn av dette. Denne artikkelen ber preg av å vera ein hyllest til 'Abd al-Qadir og må lesast som det, men gjev likevel opplysingar om livet til 'Abd al-Qadir som kan vera til nytte for å sjå på kven 'Abd al-Qadir var. Etter kvart som han fekk studert meir vart han ein religiøs leiar, som tok vare på alle. Han var kjent for sine retoriske kunstar og ved hjelp av pengar fekk han opna skular der studentane kunne fordjupe seg i Mahdien si lære.⁸⁰ Dette skulle han etter kvart kome i vanskar med hjå det nye regimet.

'Abd al-Qadir vart i 1889 med på det som vart kalla Toski-kampanjen, der Wad Al-Nujumi med troppar vart sendt ut for å invadera Egypt for Mahdi-regimet. 'Abd al-Qadir vart etter felttoget sittande fengsla i Kairo.⁸¹ Mahdi-soldatane var svært därleg rusta for eit slikt felttog, med därlege forsyningslinjer og utrangerte våpen, sleit dei seg over grensa til Egypt for å frigjere egyptarane frå dei engelske heidningane.⁸² Dei var i grunnen dømde til å mislykkast, sjølv om dei hadde håpa på at i det dei kryssa grensa til Egypt ville dei verte ynskte velkomne og få assistanse av egyptarane for å drive britane ut. Dei hadde venta seg hjelp frå diverse nubiske landsbyar, men dei visste kor sterke dei engelske troppane var og at straffa ville verte streng om dei gjekk imot regimet. Greenfell, ein britisk kommandant sende i følgje Daly eit arrogant forslag om overgiving til Al-Nujumi, men Al-Nujumi gav eit like arrogant svar

⁷⁹ Tame, G. B. *Sudan Notes & Records. Legends of the Halawiyin of the Blue Nile Province*. Volume XVII 1934: 211-212

⁸⁰ Sulaiman Ksheh. *Memories of the market*. Sudan Library Khartoum: 1

⁸¹ Sudan Intelligence Reports, Appendix D 24.05.1908 Khartoum: 15

⁸² Engelskmennene la under seg Egypt i 1882, og som eit protektorat i 1914 for å sikre Suez-kanalen som var svært viktig for britiske interesser.

attende om hans lojalitet til Khalifaen og at han stolt på hjelp av Gud. Det enda med at Mahdi-ekspedisjonen gjekk tapande ut av slaget og leiar for ekspedisjonen Al-Nujumi vart drepen.⁸³

'Abd al-Qadir og resten av ekspedisjonen returnerte etterkvart til Sudan, der dei vart verande i provinsen Dongola heilt fram til denne provinsen vart okkupert av angloegyptiske styrkar i 1896. Etter å ha måtte flykta frå Dongola saman med dei andre Mahdi-tilhengjarane fann dei vegen til Omdurman, Mahdi-hovudstaden, der han i fylje Sudan Intelligence Report ikkje var til stades under det store slaget ved Omdurman 2. september 1898, men at han hadde ei viktig rolle ved å samle saman menn og proviant til Khalifa Abdallahi sine styrkar i slaget som skulle avgjere lagnaden til Mahdi-regimet. Det var i denne perioden at familieusemja starta og det er etter det Wingate skriv i sin rapport at det var desse kranglane som var direkte utløysande for det som skulle skje nokre år seinare, det som er vorte kalla Wad Habouba-opprøret i 1908.⁸⁴

Halvbror til 'Abd al-Qadir, Imam Mohammed Imam Wad Habouba var no familien sitt overhovud og budde i landsbyen Safia, nær Katfia. *Omdaen* (landsbyleiar) i Katfia, Sheikh Abdalla Musaid, som i fylje rapporten til Wingate også hadde vore til stor hjelp for det angloegyptiske samstyret i saka mot 'Abd al-Qadir. Britane fekk dermed god informasjon om 'Abd al-Qadir frå hans bror og onkel. Det hadde lenge vore kjent at desse to hadde vore positive til den britiske-egyptiske re-okkupasjonen av Sudan, dette hadde vore kjent for britane allereie før slaget ved Karari, Omdurman. Dei hadde fått brev av *sirdaren*⁸⁵ som hadde råda dei til å prøve å la mest mogleg av Halawiyin-stamma sine folk til ikkje å delta i slaget ved Karari, Omdurman. Halvbror til 'Abd al-Qadir gjorde i fylje S.I.R alt som stod i hans makt for å stoppe bror sin frå å reise til Omdurman med ein kontingent menn og proviant. Ved å gjere dette sette han også brødrevenskapen på prøve og han hamna då også i unåde hjå 'Abd al-Qadir. For som Wingate skriv kunne ikkje 'Abd al-Qadir tilgi han dette sidan han framleis var ein svoren tilhengjar av mahdismen. Etter det fatale slaget i 1898 var Imam Mohammed sentral i å få fengsla fleire lokale mahdistar.⁸⁶

Då krutstøvet til Kitchener og den britiske hæren sine maskin gevær og kanoner i Omdurman hadde lagt seg, fekk ein etter kvart proklamert eit generelt amnesti for mahdistar og andre som hadde delteke i motstanden mot det nye regimet, slik at dei kunne returnera til sine landsbyar

⁸³ Holt, PM & Daly, MW. Harlow 2000: 90-91

⁸⁴ S.I.R. Khartoum 1908:15

⁸⁵ Kommandant av den egyptiske hær og generalguvernør av Sudan

⁸⁶ S.I.R. Khartoum 1908:15

og starte oppatt med dei daglege gjeremål dei før hadde drive med. Rundt 1900 vart ein jordkommisjon sendt til Blue Nile provinsen. Ein jordkommisjon hadde som oppgåve å råde og ta stilling til diverse eigedomstrider og kunne ta avgjelder om kven som hadde retten til dei diverse eigedommane. Imam Mohammed fekk retten til mange av familien sine eigedommar og dette var med på å forsure forholdet mellom dei to brødrene.⁸⁷ Babikir Bedri hadde møtt 'Abd al-Qadir i Dongola etter at ekspedisjonen til Al-Nujumi var på retrett. Bedri fortel at han møtte han igjen i 1905 i Kamlin, hovudkvarteret for Blue Nile provinsen. I samtalen med 'Abd al-Qadir gjekk det fram at 'Abd al-Qadir var komen til Kamlin for å betale skatt, han møtte opp sjølv, fordi han i følgje Bedri ikkje stolte på embetsmannen som kravde inn skatt i Messalamia. Han forklarte at *mamuren*, hadde gitt bror hans, Hassan Habouba, rett til å ta over og dyrke den jorda som 'Abd al-Qadir før hadde kultivert i 1903. At Hassan hadde fått retten til å kultivera jorda som 'Abd al-Qadir hadde sått og hausta frå, var vanskeleg å godta for 'Abd al-Qadir. Babikir Bedri snakka med og forklarte 'Abd al-Qadir at han ikkje måtte verta fiende med ein mann som i praksis var loven. Vidare gav Bedri han råd om at det var betre å rapportera saka til inspektøren. Abd al-Qadir meinte at Mr. Corbyn (junior inspektør) var ung og uerfaren og at Hassan i tillegg hadde fått hjelp av broren Imam Habouba, som hadde påverka avgjerdene til *mamuren* gjennom å kontakte Mr. Corbyn for å få det gjennomført. Bedri forklarar at Abd al-Qadir ikkje var klar over at Mr. Corbyn, sjølv om han var ung, var vis som ein rutinert tjenestemann og at han var ein svært effektiv administrator. Bedri forklarar at han også tok opp dette med songane som 'Abd al-Qadir hadde komponert. Desse songane vart kalla 'madih' og var dikt, komponert for å hylle profeten og sunge i forsamlingar. 'Abd al-Qadir hadde skrive desse songane og leigd inn lokale songarar for å synge til forsamlinga. Bedri må ha hørt noko han ikkje likte, nokre av dikta fekk han til å føle at Abd al-Qadir var motstandar av styresmaktene og Bedri gav han råd om at desse innleigde songarane ville kome til å utnytte han, for så å reise frå han. 'Abd al-Qadir gav uttrykk for at han forstod Bedri før dei forlet kvarandre.⁸⁸

I Sudan hendte det at heilage menn reiste rundt til omkringliggende landsbyar for å få landsbybønder til å skrive skøytet på eigedommane sine over til dei religiøse leiarane i området, noko som vart sett på som svært nobelt og som ville rydde vegen til paradis for dei bøndene som gjorde dette. I fylje rapporten til Wingate, reiste 'Abd al-Qadir rundt for å dra inn eigedomar til saka. Rapporten seier at denne skikken vart tolerert av samstyret, men at det

⁸⁷ S.I.R. Khartoum: 16

⁸⁸ Bedri, Yusuf. *The memoirs of Babikir Bedri*, Vol 11. Ithaca press London 1980: 150

på ingen måte vart oppfordra til slik aktivitet. Det lokale styret hadde sine mistankar om at 'Abd al-Qadir hadde møter med religiøse leiarar og at dei ynskte å vidareføre mahdismen og derfor var ein fare for samstyret, men dei hadde store vanskar med å prove dette.⁸⁹

På same tida fekk Imam Mohammed greie på at ei stor mengd av *ansarane* sine spyd hadde vorte samla saman av 'Abd al-Qadir . Han sendte ein beskjed omgåande til *mamuren*, som igjen gav ordre om at landsbyen skulle sjekkast grundig, for å sjå om det var noko hald i desse skuldingane. 'Abd al-Qadir hadde fått nyss i dette og leiteaksjonen etter spyda enda resultatlaust. Dermed hadde halvbroren Imam Mohammed eit forklaringsproblem då han og 'Abd al-Qadir stod føre dommarane i rettsaka mot dei. Imam Mohammed sat fengsla i 2 dagar, før han vart slept fri og fekk ei åtvaring av styresmaktene for falske anklagar og fekk beskjed om at skjedde det fleire gonger ville han få store bøter og fengselsstraff. Imam Mohammed vart i fylgje rapporten knust av anklagane mot han og uttalte at dette ville få han til: *"to make me hold my tongue and lead an isolated life in my palm groves and cultivation."*⁹⁰ Imam Habouba var tydleg skuffa og sett mellom linjene kan det virke som han indirekte meinte at han ikkje ynskte å blande seg meir inn og at han ikkje vil fortsette å hjelpe styresmaktene, då saka enda som den gjorde.

Allereie på denne tida var det kjent bland diverse landsbyhøvdingar at 'Abd al-Qadir hadde noko i emning, og at han ville gjere noko mot styresmaktene, men at landsbyhøvdingane rundt om i distriktet var nøgde med det 'Abd al-Qadir hadde fått til. Han hadde klart å knyte til seg mange eigedomar og nokre av dei fekk han selt til ein god pris til handelsmenn og andre i Khartoum. Han var sjenerøs med lokale leiarar og dette førte til at dei lokale leiarane ikkje anga han til styresmaktene, som igjen gjorde han både populær og som samtidig gav han sjansen til å fortsette kampen for å gjeninnføra Mahdiyyariket.⁹¹

Etter kvart vart aktiviteten til 'Abd al-Qadir så stor at det var umogleg å halda det hemmeleg noko meir. Det kom etterkvart ut at han hadde samla mange menn og at innbyggjarane av Wad Shenina klaga på den aggressive oppførsla til desse mennene. Det kom også ut at 'Abd al-Qadir og hans menn hadde opplesing frå *ratiben* (Mahdien si bønnebok), noko som det nye regimet hadde gjort ulovleg. *Omdaen* i Katfia, Sheikh Abdalla Musaid, som jobba mot 'Abd al-Qadir, gav *mamuren* i Messallamia, Yusbashi Mohammed Effendi Sherif ein beskjed om kva som var i emning og at 'Abd al-Qadir hadde samla 40 mann nær Abu Shenina den 27.

⁸⁹ S.I.R Khartoum 1908: 16

⁹⁰ S.I.R Khartoum 1908: 16

⁹¹ S.I.R Khartoum 1908: 16

april 1908. Yuzbashi sendte 'Abd al-Qadir ein beskjed om å kome til Messelamia for å forklare seg, noko han avslo kontant.⁹²

Major Dickinson får eit hastetelegram

Klokka 9 om morgonen 29. april fekk Major Dickinson, guvernør i Blue Nile provinsen eit viktig telegram frå Mr. Scott Moncrieff. Dickinson fekk beskjed om at 'Abd al-Qadir hadde fått samla 40 menn og at han hadde nekta å kome til Messelamia for å forklare seg. Den religiøse politikken under generalguvernør Wingate sine år i Sudan gjekk mykje ut på å få sikre og stabilisera landet. Ved å stabilisera landet kunne ein starte arbeidet med å få inn ein god statsadministrasjon og andre administrative funksjonar, for ikkje å risikere for mykje motstand mot det nye regimet. Dette innebar at mahdismen raskt vart ein hovudmotstandar for det anglo-egyptiske samstyret. Denne frykta, gjorde at mahdistane vart uglesett og undertrykte av regimet og mahdistane si viktigaste bønnebok *ratib* vart gjort ulovleg. *Ratib* eller *alratib* som den vart kalla var ei lita og kort bok mest for sunnimuslimars bruk. Denne boka vart ofte lesen i grupper av folk som sat i ein sirkel og som føregjekk rett etter morgenbøna og ettermiddagsbøna. Forfattaren av boka var Muhammad Ahmad al-Mahdi, Mahdi av Sudan 1881 og fram til sin død i 1885. Mahdien var inspirert av koranen og derfor er ein tredjedel av *ratiben* diverse vers frå koranen. Denne boka var viktig for 'Abd al-Qadir og hans menn som var så dediserte til kva Mahdien hadde fått til.⁹³ Døme på slike vers frå *Ratiben* er:

IN THE NAME OF GOD. God is my sustainer.

God is enough for me. I have placed my trust in God.

I held fast unto God. I committed myself unto God.

Whatever God wills (shall come to pass).

There is no ability and no power save with God, the truly exalted, tremendous.⁹⁴

God is enough for us, and how excellent a guardian is He!⁹⁵

We have placed our trust in God.⁹⁶

⁹² S.I.R. Khartoum: 16

⁹³ Hamid, Dr. Musa Abdullah. *Ratib, Al Imam Al Mahdi.* (an English translation). 2003: iii-v

⁹⁴ Blir teke oppatt 21 eller 101 ganger.

⁹⁵ Blir teke oppatt 7 eller 17 ganger

Dei som kom frå mahdi-administrasjonen og deira familiar vart ofte fengsla eller strengt overvaka. Det anglo-egyptiske styret mistenkeleggjorde dei diverse *tariqane*. Det var kunn Khatmiyya *tariqa* som slapp enklare enn dei andre og dette var på grunn av at dei hadde stått nær det Ottomanske regimet, med Mirghani familien i spissen, hadde vist seg lojale mot tidlegare regime i lang tid og derfor fekk ein friare kvardag. Som skrive i kapittel 2 endra dette seg med utbrotet av 1. verdskrig.⁹⁷

Moncrieff gav beskjed om at han skulle ta seg av saka. Dickinson skriv at han hadde hørt om den respektive familien som ofte hadde vore i krangsel seg i mellom om jord, og det var nettopp det Dickinson trudde det var, eit vanleg jordeigedomsspørsmål som hadde enda med valdelege truslar.⁹⁸

Berre eit par timer seinare fekk Dickinson eit brev frå *mamuren* i Messelamia Yuzbashi Mohammed Effendi Sherif, som gav beskjed om at 'Abd al-Qadir hadde utropt seg til *Nabi Isa*. Eit aspekt innanfor den Mahdistiske eskatologien er at det skulle koma ein *al-Dajjal*, antkrist, etter Mahdien som igjen ville føre til at profeten Jesus, *Nabi Isa* ville kome som ein frelsar og jage ut heidningane. Mange venta på denne skikkelsen og i ei tid med sosial omvelting og usikkerheit, gav dette grobotn for at fleire menn utropte seg sjølve til *Nabi Isa*.⁹⁹ 'Abd al-Qadir hadde gjeve beskjed om at han ville kjempe mot styresmaktene. *Mamuren* i Messelamia fekk sendt ut alt politipersonell dei kunne avgj frå Wad Medani og han fekk varsle *mamuren* i Kamlin om at han måtte ta med seg styrkar og melde seg for Mr. Scott Moncrieff i Katfia. Samtidig fekk han gitt ordre til det 13. sudanesiske soldatkompaniet om å halde seg klare til å gripe inn på kort varsel. Dickinson fekk underretta the Civil Secretary om stoda i Katfia. Dickinson skriv at han fekk MacEwan Bey til å reise rundt i området rundt Messelamia for å sende informasjon attende til hovudkvarteret, men at ingen endå var klar over at dette var ei veldig alvorleg sak.¹⁰⁰ Alle opprøra tidlegare i perioden hadde vorte raskt og enkelt nedkjempa og det var nok noko av grunnen til at britane ikkje skjønna alvoret med det første. Dickinson trudde Moncrieff og *mamuren* Yuzbashi Mohammed Effendi Sherif var trygge saman med mellom 20-40 menn. Moncrieff verka ute av stand til å skjøne alvoret i situasjonen.¹⁰¹ I fylgle memoarane til Babikir Bedri prøvde Yuzbashi å forklare Mr. Moncrieff at dette kunne vera potensielt ein farleg situasjon og at ein burde undersøkje saka

⁹⁶ Blir teke oppatt 7 eller 17 ganger

⁹⁷ Holt, PM & Daly, MW. Harlow 2000: 107

⁹⁸ Major Dickinson's report on the Katfia rising. Blue Nile Province 1\19\122. Khartoum

⁹⁹ Holt, PM & Daly, MW. Harlow 2000: 103

¹⁰⁰ Major Dickinson's report on the Katfia rising. Blue Nile Province 1\19\122. Khartoum

¹⁰¹ Ibid. BNP 1\19\122

grundigare før ein gjekk i møte med 'Abd al-Qadir. *Mamuren* var klar over at slike situasjonar kunne vera livsfarlege, for slike religiøse grupper kunne vera interesserte i å slåst mot kven det skulle vera berre dei hadde ein eller annan kontakt med styresmaktene. Likevel var Moncrieff klar for å gi 'Abd al-Qadir og hans menn eit råd eller to. *Mamur Yuzbashi* fekk eit klart spørsmål attende frå Mr. Moncrieff om *mamuren* var ei kvinne eller ein offiser? Yuzbashi var tydleg svar skyldig og måtte berre fylgje ordren.¹⁰² Dickinson skriv at ingen av dei var klar over 'Abd al-Qadir sine hensikter og at dei derfor reiste for å avhøyre 'Abd al-Qadir utan å vite at dei var i nokon som helst fare, men sannsynlegvis visste *mamuren* om at dette kunne vera farleg, til og med dødleg.¹⁰³

Invitasjonen frå 'Abd al-Qadir bestod i at Moncrieff og *mamuren* måtte kome åleine til Katfia for å intervju han og at dei måtte kome utan våpen. Det stod også i invitasjonen at *Omdaen* i Katfia, Sheikh Abdalla Musaid og tre av 'Abd al-Qadir sine brødre skulle vera der. Dickinson var veldig klar på at 'Abd al-Qadir ville ta livet av sine brødre så snart dei kom til Wad Shanina. Men *omdaen* og dei 3 brørne til Abd al-Qadir tok ikkje imot invitasjonen hans og dei prøvde i tillegg å stoppe Moncrieff og Yuzbashi frå å gjere det. Moncrieff og *mamuren* oversåg dei råd dei hadde fått og tok av stad frå Katfia saman med to politimenn. 'Abd al-Qadir og mennene hans hadde etablert seg nokre mil utanfor Wad Shanina, nærare bestemt i Tugr. Tugr var ubebudd store delar av året, men høyrd til Sheikh Abdalla Musaid og bestod av store kornsletter. Då Moncrieff og *mamuren* nærma seg Tugr gav dei ordre om at dei to politimennene skulle stanse ei mil frå Tugr og vente der, medan Moncrieff og Yuzbashi skulle ri kamelane sine åleine fram til Tugr. Vel framme sette mennene frå styresmaktene frå seg kamelane sine og gjekk uvæpna til Abd al-Qadir si hytte. Dei var klare for å forhøyra seg om 'Abd al-Qadir sine aktivitetar og om det var noko i alle rykta om at han var imot styresmaktene, og at han ynskte dei ut av landet. I følgje Dickinson, gav 'Abd al-Qadir eit enkelt svar på spørsmålet og det var at han ikkje var imot nokon, men at det han gjorde var for Gud og at han ville døy for guden sin og hans vilje.¹⁰⁴ I denne rapporten er det sparsamt med opplysingar om kva det vart diskutert i dette møtet mellom 'Abd al-Qadir og dei to embetsmennene frå styresmaktene, men ser ein i memoarane til Babikir Bedri kan ein få litt meir informasjon. Han forklrar at Moncrieff og *mamuren* hadde med seg 7 politimenn og at dei heldt avstand slik at Abd al-Qadir sine menn ikkje kunne sjå dei. Inspektøren og *mamuren* kom inn i hytta der 'Abd al-Qadir hadde skjult nokre av sine menn bak den leirbygde muren

¹⁰² Bedri, Yusuf. London 1980: 151

¹⁰³ Dickinson's report. BNP 1\19\122

¹⁰⁴ Dickinson's report. BNP 1\19\122

som delte rommet. Desse mennene hadde ordre om å reagera viss dei høyarde 'Abd al-Qadir klappe, og at dei då skulle kome fram og drepe alle som eventuelt var med inspektøren.¹⁰⁵

'Abd al-Qadir tok imot Moncrieff ved å ta han i handa og ynskte han velkomen og gav han plass i *anqariben* (ein slags sofa). Mr. Scott Moncrieff spurde han om kvifor han hadde samla saman alle desse mennene og om kvifor han var i mot styresmaktene noko som gjorde at 'Abd al-Qadir med eitt starta å fortelje om hendingane som hadde gjort han så fortvila. Bedri forklarar at *mamuren* braut inn og kom med ein provoserande kommentar: "*I will now show you what persecution really means, just see if I dont!*" Abd al-Qadir skal ha vorte rasande og klappa i hendene og ropt: "*Is that how you talk? And in pressence of the Inspector!*" Inn storma mennene og tok *mamuren* som ropte: "*I am a Sharif and a decendent of Fatima ...*" noko som fall for døve øyrer. Då inspektøren såg at *mamuren* var død, tok han av seg hjelmen og peikte på halsen og bad om at dei måtte treffe han der med spydet. Dei gjorde som dei vart bedne om og Moncrieff fall om død.¹⁰⁶ Ein kan få noko av det same inntrykket viss ein ser på Yacub Pasha Artin sine opplysingar i si bok frå 1910, *England in the Sudan*. Artin sine reiseskildringar frå Blue Nile provinsen berre nokre månader etter den omtalte hendinga skjedde er interessante i så måte. Han kjem i snakk med mange sudanesarar som han fekk i tale. Dette var ikkje alltid så lett, for dei lokale sudanesarane vegra seg å fortelje noko som helst til dei nye makthavarane. Men for Artin vart dette lettare sidan han var ein armensk sekretær i det egyptiske utdanningsdepartementet og derfor hadde mange kjente rundt om i Sudan og han hadde eit godt rykte. Det at han ikkje kom frå Storbritannia talde også til hans fordel. Han nemner også at *mamuren* råda Moncrieff til ikkje å dra ut for å møte 'Abd al-Qadir. Medan Bedri skriv at Moncrieff kalla *mamuren* for ei kvinne, for å ikkje tote å reise ut for å forhøyre 'Abd al-Qadir, skriv Artin at Moncrieff svarte *mamuren* med at viss han var redd, kunne han halde seg heime og at Moncrieff kunne reise åleine. Det kan i alle fall virke som Moncrieff var ein sta og tøff offiser. Gjennom samtalar med fleire innfødde i Blue Nile provinsen fekk han vite at 'Abd al-Qadir hadde ein ganske enkel plan. Han trudde at viss han vart kvitt Mr. Scott Moncrieff, så ville han også vera kvitt styresmaktene. Som skrive skulle det ikkje gå slik, men eit anna interessant poeng var at han ved å faktisk gå hen å drepe to menn som var hans gjester, gjorde det til at han mista mange tilhengjarar. Dette var heilt imot sudanesiske skikkar, og gjestekodeksen for ein muslim står veldig sterkt. Det 'Abd al-Qadir hadde gjort var uakseptabelt for mange av mennene hans. 'Abd al-Qadir brukte mykje tid på å

¹⁰⁵ Bedri, Yusuf. London 1980: 151

¹⁰⁶ Ibid. 151

få med mange av mennene som han trudde var hans venner, men mange av dei viste han ryggen og ville ikkje hjelpe han meir.¹⁰⁷ Ein litt annan versjon kan ein finne i Sulaiman Ksgeh sin artikkel.¹⁰⁸ Abd al-Qadir hadde i utgangspunktet ikkje noko uopp gjort med det nye regimet, men det nye regimet hadde starta med og skulda 'Abd al-Qadir for å ha sagt og gjort ting som i så fall ville gjort 'Abd al-Qadir til ein heidning. Dette gjekk hardt inn på 'Abd al-Qadir og såra han veldig, og det var dette skriv Ksgeh som var hovudårsaka til det som skjedde.¹⁰⁹ Om møte mellom 'Abd al-Qadir og inspektør Moncrieff skriv han vidare at gjestene vart godt mottekne og fekk vatn og te. Under samtaLEN dei imellom skal politiinspektøren ha kome med spørsmål som var svært krenkande for 'Abd al-Qadir. Desse spørsmåla gjekk ut på om 'Abd al-Qadir var profet eller den nye mahdi? Og om kvifor han hadde utropt seg til det? Dette var det mest nedverdigande han kunne ha spurt om, som ein svoren Mahdi tilhengjar og ein sann muslim som Ksgeh kallar han, antyda desse spørsmåla at han var ein som ikkje trudde, ein "unbeliever." 'Abd al-Qadir ville ikkje at nokon skulle tvile på kor hans lojalitet låg.¹¹⁰

Kroppane til tenestemennene vart kasta ut og mennene til 'Abd al-Qadir tok kamelane deira og reid rundt jublande. Politifolka som hadde vore med var for langt unna til å sjå kva som gjekk føre seg, men dei skjønna at det var sannsynleg at både inspektøren og *mamuren* var drepne og reiste attende for å rapportera hendinga. Det vart raskt bekrefta at dei to var myrda. Dickinson skriv at han fekk beskjeden kl 8 om morgonen 30. april i Wad Medani i eit brev frå MacEwen. Dickinson gav det 13. sudanesiske kompaniet med maxim gun ordre om dra ut for å stoppe 'Abd al-Qadir. Dickinson reiste nokre timer seinare og i Messalamia trefte han Mr. Bonham-Carter og Mr. Peacock. Same kvelden kom ein eskorte med forsyningar med Remington rifler og ammunisjon. Dei forlet Messalamia og kom til Katfia på ettermiddagen den 1. mai. Dickinson forklarar at han her trefte MacEwen Bey saman Yusuf Mohammad Effendi Fahmi Yakut og 31 politimenn.¹¹¹ Regimet hadde skjønt at dette var noko dei verkeleg måtte ta på alvor og noko dei måtte slå ned på så fort som mogleg, slik at faren for at det skulle eskalera minska.

¹⁰⁷ Artin, Yacoub Pasha. *England in the Sudan*. London. 1911:46-47

¹⁰⁸ Ksgeh, Sulaiman. *Memories from the market*. Sudan Library. Khartoum

¹⁰⁹ Ibid. Sudan Library. Khartoum: 1

¹¹⁰ Ibid. Sudan Library. Khartoum: 1

¹¹¹ Dickinson's report. BNP 1\19\122

Dramatiske mai dagar i Katfia

I Katfia hadde MacEwen Bey innhenta informasjon om kvar 'Abd al-Qadir og hans menn hadde posisjonert seg. Dei hadde bygd ei slags skyttargrav rundt huset der dei held til. Dickinson estimerte at dei kunne vera frå 100-300 mann og at dette talet berre ville auke etter kvart som andre fekk høyre om hendinga i Tugr og drapa på dei to tenestemennene. Dei bestemde seg for å angripe i dagslys og sidan dei hadde kome til Katfia om ettermiddagen 1. mai vart det naturleg å vente til neste dag før ein gjekk til angrep. Problemet for ekspedisjonen var at landskapet var svært opent og det var av den grunn vanskeleg å sette opp leir. Det råda også forvirring om kven som var lojale mot styresmaktene, og det einaste dei var sikre på var at innbyggjarane i Katfia var på deira side. Dei frykta også eit angrep mot byen og alle mennene i landsbyen sov væpna utanfor husa sine. Det vart bestemt at ekspedisjonen skulle slå leir like utanfor Katfia (sjå teikning s 43).¹¹² Artin fortel at han på reisa si hadde fått endå fleire nyhende om Kamlin affären, som mange innfødde og engelskmenn var så opptekne av. Artin skriv at 'Abd al-Qadir gjorde ein tabbe ved å ikkje angripe engelskmennene rett etter han hadde drepe Moncrieff og *mamuren*. Hadde han marsjert mot Kamlin ville det ha gått fint, for då hadde han berre møtt 50 politimenn og opprøret mot styresmaktene kunne vorte endå meir problematisk for britane.¹¹³

Dickinson sine menn talde 135 mann, inkludert politimennene, og dei samla seg i ein halvsirkel rundt 150 meter frå landsbyen. Ordrane gjekk ut på at vaktene skulle patruljera området ved leiren, men også rundt landsbyen heile natta. Ikkje nok med at dei hadde problem med å finne leirplass i det opne landskapet, skulle i fylje Dickinson også veret gi dei ei utfordring. Det var ingen måneskin den natta og skyene gjorde det veldig mørkt. Dei var klar over at dei kunne verta angripne på natta, men håpet var at vaktene ville varsle dei i tide, slik at dei ville vera klare dersom noko skulle skje. Dette skulle visa seg å ikkje halde stikk og ved halv 3 tida utan forvarsel vakna Dickinson og hans menn til skrik frå 'Abd al-Qadir sine menn. Dei angreip frå 3 forskjellige posisjonar. Politimennene som hadde teke posisjon på venstre side frå Dickinson sin ståstad vart angripne omrent utan å få reagert og gjekk på store tap. Mange vart sannsynleg drepne i sòvne, inkludert Yusuf Mohammad Effendi Fahmi Yakut som hadde kommandoen over politimennene. Dei fekk etter kvart summa seg og Dickinson skryt av det 13. sudanesiske kompani, for ikkje å ha fått panikk og for å klare å motstå angriparane. Linjene til Dickinsons menn hadde vorte brotne, men dei fekk etter kvart samla

¹¹² Dickinson's report. BNP 1\19\122

¹¹³ Artin, Yacoub Pasha. London. 1911:67-68

seg og angrepet stilna av. Berre nokre grupper med få av 'Abd al-Qadir sine menn fortsette å angripe stillingane til britane, men angrepet var i praksis over.¹¹⁴

Ved daggry sendte Dickinson ut offiserar saman med lokale leiarar for å telje og identifisera dei døde og såra frå trefningane. 'Abd al-Qadir var ikkje ein av dei, men eine bror hans, Isa vart funnen svært forkommen og han døydde seinare av skadane. På slagmarka låg det igjen 35 døde menn tilhøyrande Abd al-Qadir og talet på skadde vart ikkje talfesta i Dickinson sin rapport. Dickinson var svært fortvila over å ha mist to gode offiserar, Abd al-Aziz Effendi Magdi og Yusuf Mohammad Effendi Fahmi Yakut.

Endå fleire forsterkningar kom på morgenkvisten, der Bimbashi Ryan kom med 45 mann frå muldyrkompaniet og Bimbashi Gillett frå medisinkorpset kom saman med Mr. Corbyn. Desse hadde vorte guida mange mil feil og enda mellom Khartoum og Kamlin som er eit godt stykke frå der alt hadde hendt. Alle dei såra vart frakta inn til landsbyen og fekk hjelp av Gillett og ein Yusuf Samuel Effendi al-Khuri. Dickinson gav ordre om at mennene hans skulle skifte til ein posisjon sørvest for landsbyen og sende ut innfødde for å samle inn alt av busker til å lage ein *zeriba*, eit forsvarsverk av tornebusker som dei la rundt leirområdet som skulle forsvare dei mot nattlige overraskingsangrep.¹¹⁵ Også Ksheh skriv at Bimbashi Ryan og Bimbashi Gillett hadde kome mange mil på avvege og ikkje kom fram til Kamlin før på kvelden.¹¹⁶

På ettermiddagen den 2. mai tok Bimb Ryan ein rekognoseringsrunde med halve kompaniet sitt og MacEwen Bey. Dei gjekk mot landsbyen Tugr der 'Abd al-Qadir og hans menn hadde drepe dei to tenestemennene og stoppa cirka eit tusen meter ifrå og fyrte av to skotsalvar mot landsbyen og rykka framover for så å skyte fleire skotsalavr mot Tugr. Landsbyen såg øyde ut og styrkane omringa landsbyen og fann den forlaten. Dei fann lika av Mr. Scott Moncrieff og Yusuf Mohammad Effendi Sherif like ved. Lika var ille tilreidde og ifølgje Dickinson var *mamuren* så ille tilreiddet at det var umogleg å flytte på han, og i tillegg fanstest det ikkje noko utstyr til å gravlegge dei med. Gravlegginga måtte vente til neste dag, troppen brente ned heile landsbyen før dei drog attende til Katfia.¹¹⁷


¹¹⁴ Dickinson's report. BNP 1\19\122

¹¹⁵ Dickinson's report. BNP 1\19\122

¹¹⁶ Ksheh, Sulaiman. Sudan Library. Khartoum: 1

¹¹⁷ Dickinson's report. BNP 1\19\122

High Street & acts
of 2-5-18.



All officers slept in Nas Oba's
officers' quarters were picnicked.

Sadai-

Ingen skulle gå ustraffa

Natta gjekk roleg for seg i *zeribaen* og det vart fort klart for Dickinson og hans menn at dette måtte gjengjeldast. Dickinson sende eit skriv til Kamlin som skulle lesast av offiserar som etter kvart ville kome til Kamlin. Skrivet inneheldt kva som hadde skjedd og ei liste over kven Dickinson meinte hadde vore med på opprøret mot styresmaktene eller som på ein eller annan måte hadde vore allierte med 'Abd al-Qadir. Det var viktig at alle offiserar som skulle patruljere området hadde lese skrivet, slik at alle omkringliggende landsbyar vart grundig sjekka og at all eigedom og eigendelar til dei som sympatiserte med eller hadde vore med 'Abd al-Qadir i angrepet vart øydelagt.¹¹⁸

Dickinson sjølv gjekk systematisk til verks og skriv at han allereie 3.mai starta øydelegginga av eigedomane til allierte av 'Abd al-Qadir i 4 forskjellige landsbyar, nemleg Mahareiba, Sharafat, El Wali og Goz Abdel Salam. Dei tre første landsbyane hadde ein større del allierte enn andre landsbyar i området. Mahareiba vart inspisert av MacEwen Bey og Bimbashi Ryan sitt kompani. Landsbyen var allereie fråflytta, men all eigedom og 10 hus med eigendelar vart øydelagt. Grunnen til at dei kunne vite kva hus dei skulle ta, var at dei hadde teke med seg ein lokal mann frå Katfia og han peika ut kva hus som tilhørde allierte av 'Abd al-Qadir, skriv Dickinson. På veg attende proklamerte (sjå proklamasjonen på s. 49) dei det same i landsbyen Shekura.¹¹⁹

Patruljeringa fortsette 4. mai med at Mr. Corbyn tok med seg 40 mann frå det 13. sudanesiske kompani og reiste til El Wali og samla alle innbyggjarane i utkanten av landsbyen der Corbyn leste dei proklamasjonen. Like etter brente dei ned 10 hus som høyrd til tilhengarar av 'Abd al-Qadir. Dei reiste vidare til Goz Abdel Salam der den same prosedyren vart følgd opp og eigedomane til nokre få allierte av 'Abd al-Qadir vart øydelagt.¹²⁰

I Sharafat skulle dei kome ovanfor eit lite problem, skriv Dickinson. MacEwan Bey og hans muldyrkompani kom til Sharafat og leste opp proklamasjonen til alle innbyggjarane i utkanten av landsbyen, men då dei såg kor tett husa stod skjønna dei at det var umogleg å brenne ned husa til 'Abd al-Qadir sine allierte utan at det ville gå ut over uskuldige. Dermed måtte ein hente ut alle eigendelar frå dei 22 husa som tilhøyrd dei som hadde vore med å kjempa mot styresmaktene, og eigendelane vart samla saman i landsbyens *haram* (sannsynleg eit hovudhus i midten av landsbyen) og sett fyr på. Landsbyens Sheikh fekk ordre om at taket på

¹¹⁸ Dickinson's report. BNP 1\19\122

¹¹⁹ Dickinson's report. BNP 1\19\122

¹²⁰ Ibid. BNP 1\19\122

alle marknadshusa skulle takast ned og all veden som var stabla i *haramet* og alle veggar skulle vera øydelagde innan klokka 12 neste dag.¹²¹ Det kan virke som om at patruljane skulle straffe landsbyane hardt, kanskje for å skremme dei frå å gå imot styresmaktene seinare. Huset til 'Abd al-Qadir vart øydelagt med det same av patrulen. Innbyggjarane fekk beskjed om at patrulen ville koma attende seinare for å sjekke om dei hadde gjort det dei hadde fått ordre om og at dei ville kome attende for å hente all veden som dei sjølve trengde til leirbål og beskyttelse.¹²² Ein grunn til at britane gjekk så hardt til verks mot opprørarane var den store frykta for eit mahdistiske opprør av det dei kalla religiøse fanatikarar og at dette skulle spreie seg til fleire delar av landet. I den tidlege perioden av det anglo-egyptiske samstyret var dei fleste som jobba for styresmaktene frå det militære og generalinspektøren Slatin Pasha var ikkje noko unntak. Slatin hadde sete i fangenskap i Omdurman under Mahdien, men klarte å rømme i 1895. Han vart sentral i å hjelpe Wingate med å stable ein administrasjon på plass i Sudan. Slatin, opphavleg frå Austerrike, fekk oppgåva med å administrere både stammespørsmål og religiøse affære. Slatin hadde sine eigne metodar, noko som gjorde at han ofte var i konflikt med andre offiserar, men han hadde ein sterk posisjon sidan han var god venn av Wingate, og fekk ofte viljen sin. Lov og orden var det som var det viktigast og Slatin som ein gong hadde vore fanga av mahdistane var redd for ei oppblomstring av mahdismen og at dei derfor straffa alle "religiøse fanatikarar" veldig hardt.¹²³ Noko av det same synet kan ein finne i Artin sine reiseberetningar. Artin skriv at på veg inn i Kamlin distriktet høyrde han overalt der namnet 'Abd al-Qadir vart nemnt, at han var ein stor martyr. Ein dag kom Artin i prat med nokre Kenana arabarar som dei kom forbi. Utan å vite korleis, så kom dei inn på saka om 'Abd al-Qadir og Kamlin affären. Artin spurde dei om korleis ein Sheikh, som eigentleg var utan særleg makt, kunne klare å få med seg så mange mann som i tillegg var villige til å dø for saka. "*God gives power and victory to whom He wills,*" fekk han til svar. 'Abd al-Qadir var ein som kunne koranen utanåt og dermed hadde gjort opp for sine synder og var av mange ein stor helt. Dette gjorde at mange flokka seg rundt han og at han kunne leve av almisser frå tilhengarane sine. Artin fekk fortalt av kenana arabarane:

"When a man, inspired as he was, finds himself sufficiently supported, he invites us ignorant Arabs to join him and to provide him with the means of living at the same time as we increase the number of his adherents. If we refuse, we are sure to be killed the moment he gets hold of us, and our property will be pillaged and seized for the profit of his followers." Dei forklarte

¹²¹ Dickinson's report. . BNP 1\19\122

¹²² Ibid

¹²³ Holt, PM & Daly, MW. Harlow 2000: 105

vidare: “*If, on the other hand, we join him, the Government pursues us, and if we are caught we are imprisoned for a month or even years. On leaving prison we once again become friends of the Government. The last argument of the dervishes is death, whereas the Nassara (Dei kristne, her meint engelskmennene) do not like to kill. It is thus clearly to our interest to follow the dervishes, by doing so we save our life!*”¹²⁴

Artin skriv at det var umogleg å gjengi faktene og tonen som vart brukt i forklaringa. Ei god logisk forklaring, som kan settast inn i ein ”practical, utilitarian philosophy” som Artin kallar det, noko ein kan forstå som ein slags nyttebetont filosofi. Artin kom i snakk med andre arabarar og desse arabarane kritiserte Abd al-Qadir sine handlingar. Dei var heilt klart opptekne av andre viktige saker enn av det religiøse. Ein av dei sa følgjande til Artin: ”*The most delicate and, at the same time, the most vital question for us is that of slavery.*” Han kjem inn på dette med kor lett det var for ein slave å berre stikke av og melde seg for styresmaktene for å sikre sin fridom. Han viste til at arabarane var landeigarar og dei var ikkje i stand til å kultivera jorda sjølv, fordi dei aldri hadde gjort dette før, og ikkje ville dei kome til å gjere det i framtida heller, fordi dei var heilt avhengige av afrikanske slavar frå sør for å kultivera dei store landeigedommane. Arabaren fortalte vidare til Artin at slavane gjorde ein god jobb med jorda, dei var gode kultivatorar, derfor gjekk alt vel for begge partar, dei kunne leve godt, slaveeigarane og slavane i lag. Denne mannen fekk fram at arabarane var heilt avhengige av slavar for å dyrke og hauste av jorda. Han forklarar at arabarane ikkje kunne greie seg sjølve utan slavane sine, derfor var dette med oppheving av slaveriet eit tema som opptok dei jordeigande arabarane sterkt. Han forklarar Artin at med å frigjere alle slavane ville arabarane og deira koner og ungar, sjå døden i augo. Dette ville føre til at utstyr som *sakias* (vasshjul) ville bryte saman, bodskapen ville døy av mangel på mat og stell og jorda ville tørke ut og ligge brakk, utan desse slavane. Det ville ikkje berre gå utover arabarane, men dei frie slavane kunne døy av matmangel, dei kunne verta drepne av vegnarar eller dei kan verte vedhoggarar som dei her, sa han til Artin og peika på frigjevne slavar som jobba med å supplera dampbåten som Artin brukte på reisa si. Artin vart skremd av måten han snakka på og måten han vifta med spydet sitt mot dei frigjevne slavane som jobba med å få meir brensel til båten.¹²⁵ Det kan virka som om mange av arabarane ville vidareføra slaveriet, og ser ein på argumenta denne arabaren gav Artin, så var det nok ikkje rart om mange jordeigarar var desperate for å behalde slavane sine. Utan slavar kunne bety slutten for mange, og utan noko

¹²⁴ Artin, Yacoub Pasha. London. 1911: 49

¹²⁵ Artin, Yacoub Pasha. London. 1911: 49

kompensasjon frykta arabarane mange ville bukke under både av matmangel og utmatting. Ei anna sak denne arabaren tok opp med Artin var dette med lønn. Styresmaktene betalte frigjevne slavar 5 piastres, dette var noko som dei private arbeidsgivarane ikkje kunne konkurrera med, dei hadde ikkje ein sjanse å betala så gode lønner og dette førte igjen til at dei private landeigarane, tidlegare slaveeigarane vart ruinerte, sa informant til Artin.¹²⁶ Dette var nok ikkje ei lita sak for arabarane. Dette må ha gjort at mange har vore fortvila og sinte på styresmaktene for å øydeleggja for dei muslimske jordeigarane og sette heile jordbruksystemet i fare. Sir Harold MacMichael skriv også om dette i si bok¹²⁷ at sjølv om Wad Habouba-opprøret var eit religiøst opprør, presiserar han at opprøret fann stad i eit år med finansiell krise.¹²⁸ Det kan sjå ut som om slavepolitikken til britane hadde starta å virke. Ved å frigjere slavar fekk mange jordeigarar store problem og dette virka nok kraftig inn på den sudanesiske økonomien, jordbruk var den viktigaste inntektskjelda for arabarane.

Eit anna punkt som var viktig for arabarane var at dei jordeigande familiene ynskte å sende borna sine på skule, for at dei skulle få seg ein utdanning. Utdanninga kunne ta 7-15 år, utan eksamen og utan tidsgrense for når ein var ferdig. Grunnen til at desse foreldra kunne sende sønene sine til utdanningsinstitusjonane som til dømes Gordon College, var at dei hadde slavar som kunne drive jorda, medan sønene fekk seg utdanning. Utan slavar, måtte sannsynleg sønene vera igjen på farmen for å jobbe.¹²⁹ Det kan vera liten tvil om at mange arabarar i nord hadde mykje frustrasjon mot styresmaktene sin politikk. Frå starten av samstyret hadde slaveriet vore på den britiske agendaen. Artikkelen i Condominium avtala om slaveriet vart skriven slik at å drive slavehandel vart forbode, men det å ha slavar var lovleg. Cromer uttalte at det var nesten umogleg å gjere noko med slaveriet og at ein måtte la slaveriet gå sin gang.¹³⁰ Det var tydelegvis ikkje berre arabarane som fekk problem med opphevinga av slaveriet, mange stader i nord måtte offiserar berre sjå mellom fingrane på slaveriet.

Informanten til Artin fortalte vidare at viss 'Abd al-Qadir, som var ein ærleg mann, hadde han vore ein mann av Mahdi sitt stempel, ville han ha snakka styresmaktene midt imot for at dei hadde ruinert arabarane ved å sleppe fri alle slavane utan å gi slaveeigarane

¹²⁶ Artin, Yacoub Pasha. London. 1911: 49

¹²⁷ MacMichael, Sir Harold. *The Anglo-Egyptian Sudan*. London 1934

¹²⁸ Ibid London 1934: 98

¹²⁹ Beshir, Mohamed Omer. *Revolution and nationalism in Sudan*. London 1971

¹³⁰ Daly, M.W. *Empire on the Nile*. Cambrigde 1986: 18

kompensasjon. Viss han hadde gått til opprør på det, ville heile Sudan, frå ein ende til den andre ha reist seg og gjort opprør mot styresmaktene. Styresmaktene ville fått store problem i å halde kontrollen i Sudan og dei måtte ha oppheva slavepolitikken sin akkurat som Gordon før hadde måtte innrømme: "That slaves would remain slaves!"¹³¹ Slaveriet var det store spørsmålet, eller det brennande spørsmålet overalt kor Artin reiste. På alle stasjonar Artin var innom, skriv han, var det dette som opptok folk. Han skriv også at det ikkje var rart at dei britiske offiserane måtte snu det blinde auga til, når det gjaldt slaveri. Mange gonger frigav dei slavar og gav dei lønn, men like fort hadde slavane gått attende til sine slaveplantasjar for å jobbe av herren sin.¹³² Dette var nok vanskeleg å gjere noko med og så lenge plantasjane vart drivne var mange fornøgde, også britiske offiserar.

Britane var ofte veldig klare i sine konklusjonar på kva som hadde vore motivet for opprøret og eit døme frå dette er henta frå Reports on The Finance, Administration and Condition of the Sudan 1908:

*It was suggested by people who were not aquainted with the district that 'Abd al-Qadir's rising might be in some way connected with the settlement. As I arrived at Messalamia for inspection of the land settlement work a day or two previously to the rising and was in the locality during the operations I made special enquiries and assured myself that there was not the slightest grounds for this suggestions. The motives of the rising were solely religious. There was not the slightest discontent of the part of those who took part in the rising nor in the district with the land settlement .*¹³³

I rapporten kjem det ikkje fram kven som har skrive dette, men kjem frå justisdepartementet og gir eit klart uttrykk for kva dei meiner var det som utløyste opprøret. Rapporten konkluderer så skråsikkert at ein kan undra seg om det har vore noko britane ynskte å skjule, eller at dei skreiv rapportar for å dekke eigne mistak. Dette vart eit utgangspunkt for denne oppgåva og dette med britiske motiv for å skrive som dei gjorde vil verta diskutert på slutten av dette kapitlet.

¹³¹ Artin, Yacoub Pasha. London. 1911: 50

¹³² Ibid. London. 1911: 91

¹³³ Reports on The Finance, Administration and Condition of the Sudan 1908: 200

Proclamation.

The Rebel and Murderer ABD EL KADER MOHAMED EL IMAM has been caught and is now a prisoner in the hands of the Government.

His adherents have been slain in battle, captured or dispersed, but those who are still at large must be captured.

I THEREFORE in the name of the GOVERNMENT warn all persons, that anyone who renders any sort of assistance to any of Abdel Kader's late followers, or who fails to arrest any of them if an opportunity offers to do so, or who knows the hiding place of any of them, and does not at once ~~know~~ disclose it to the Government will be severely punished.

The property of every adherent of Abd el Kader is to be destroyed.

Persons who took no part in the late rising have nothing to fear.

AND I HEREBY GIVE NOTICE that the Government will pay a reward of LE 50 to anyone who captures and brings in to the Government or who gives information directly leading to the capture of any of the following persons.

AHMED EL HAG RIKABI. tribe Rikabi, age 55, medium height, stout, light colour (yellow) whiskers and beard grey, long moustaches.

MEDAWI MOHAMED IMAM. tribe Halowi, age 22, tall yellow, shallakh beladi, clean shaved, scar on head above right temple.

AWAD EL KARIM MOHAMED IMAM. of Gemiabi Kamlin, tribe Halowi, 30, rather above medium height, dark(akhdar) small moustache shallakh beladi.

ABD EL BAKI MOHAMED IMAM. Halowi 45 tall, shallakh beladi, dark (akhdar) beard and whiskers slightly grey.

EL AYAB WAD OMAR. Dubani of Mererciba, 32, rather above medium height, yellow, small beard, shallakh beladi.

sgd. E.A.DICKENSON. Gov. B.N.P.

På sporet av 'Abd al-Qadir

På kvelden 3. mai vart ein politipatrulje og ein stigfinnar sendt ut for å følgje spor frå 2 kamelar og eit esel som mogleg kunne ha reist frå slaget ved Katfia, for mange hadde rapportert at 'Abd al-Qadir hadde rømt i ein sørvestleg retning etter slaget. Den 4. mai kom ein mann frå Debeba med nyhende om at folk frå landsbyen hans hadde fanga 'Abd al-Qadir. Desse kom for å levera 'Abd al-Qadir til styresmaktene og for å få utbetalt dusøren for å fange han. 'Abd al-Qadir var skada og det viste seg at han hadde vore fanga før, men han hadde kome seg unna.¹³⁴ I følgje Artin hadde 'Abd al-Qadir rømt frå slaget, men vorte fanga av ein slave som greidde å få han inn til *mamuren* i distriktet sitt. Han skriv at dusøren for å fange 'Abd al-Qadir var på 100 egyptiske pund. Ifølge samtalepartnarane til Artin, presenterte slaven 'Abd al-Qadir for *Mamuren* og sa at: "her er din fange, gi meg 100 pund." Han skal akkurat ha klart å fullføre denne setninga før han fall død om. Han fekk 'Abd al-Qadir sin dolk i magen, ein slik dolk som mange arabarar har skjult i venstrearmen, skriv Artin. Etter dette stakk 'Abd al-Qadir av og politiet ved døra var ikkje klare til å stoppe han, eller at dei ikkje ville drepe ein Sheikh, uansett årsak så vart han teken berre nokre dagar seinare skriv Artin.¹³⁵ Dickinson nemner også dette og at det var ein slave av Sheikh Taib Mohammad Badr av Oum Debbana, som hadde funne 'Abd al-Qadir sovande ved ein veg. Slaven hadde teke frå han sverdet, men han hadde ikkje lagt merke til 'Abd al-Qadir sin dolk, noko han måtte bøta med livet for. I følgje Dickinson vart 'Abd al-Qadir fanga berre nokre timer seinare og ikkje eit par dagar etter som Artin hadde fått vite.¹³⁶

Dickinson var no heilt sikker på at opprøret var nedkjempa for godt. Sjølv om han var sikker på at opprøret var nedkjempa, var han etter den siste tida sine hendingar noko usikker på kva som kunne skje til neste natt. Han vart etter kvart overtydd om at det ville gå bra, ettersom fleire *Sheikhar* med ein god del menn hadde kome til Dickinson for å vise at dei var lojale med styresmaktene og at dei var fornøgde med at "den falske profeten" var fengsla. Dickinson skreiv at mesteparten av dei allierte til Abd al-Qadir kom frå hans eiga stamme, nemleg Halawiyin-stamma. Dickinson understrekar at det likevel var fleire frå Halawiyin-stamma som hadde vore til stor hjelp for styresmaktene og då spesielt *omdaen*, Sheikh Abdella Musaid. Dickinson forklrarar at det hadde vore særskilt vanskeleg å skjønne omfanget av opprøret i starten, og at han fekk høyre nye rykte nesten kvar time og at det i startfasen virka som om 'Abd al-Qadir og mennene hans var talmessig mange fleire enn det dei eigentleg var. Han

¹³⁴ Dickinson's report. BNP 1\19\122

¹³⁵ Artin, Yacoub Pasha. London. 1911:69

¹³⁶ Dickinson's report. BNP 1\19\122

forklarar også at det verka som om dei omliggande stammene ikkje hadde noko sympati for 'Abd al-Qadir og hans misjon. 21 av mennene hadde vorte fanga av innfødde og at alle forsterkninga som var på veg til Kamlin kunne snu og reise attende til Khartoum. Resten av troppane vart verande i området og skulle vera det til dei hadde fått brent ned og øydelagt opprørarane sine hus og eigendelar. Den einaste bekymringa han nemner i rapporten sin er *omdaen* sin tryggleik. Det var endå mange av mennene til Abd al-Qadir som endå var på frifot. Dickinson var ikkje i tvil om at dei ville ta livet av *omdaen* om han ikkje fekk beskyttelse. Derfor gav han ordre om at eit kompani skulle vera igjen i Katfia til opprørarane hadde vorte fanga og situasjonane hadde normalisert seg.¹³⁷

Dickinson nemner det same som Artin hadde vorte fortald, at 'Abd al-Qadir ikkje hadde vore klar over at det 13. sudanesiske kompani hadde kome til Katfia på kvelden den 30. april. 'Abd al-Qadir hadde forventa å møte MacEwen Bey og hans 31 politimenn og vart derfor sjølv overraska over den sterke motstanden han møtte i nattangrepet. Hadde det ikkje vore for det 13. sudanesiske kompani, skriv Dickinson, kunne det ha sett mykje verre ut. 'Abd al-Qadir sine menn vart til slutt spreidde til alle kantar og vart tvungne til å rømme. Dickinson meinar talet på opprørarar som angreip dei var på rundt 100 mann.¹³⁸

Rettsaka mot 'Abd al-Qadir og hans menn

. 'Abd al-Qadir var i følgje S.I.R. ein høg, sterk mann med stort skjegg og rundt 49 år. Forklaringa på kvifor han hadde gjort opprør mot styresmaktene var at han var genuint oppteken med mahdismen og ynskte at mahdismen skulle få fotfeste igjen i Sudan. Han uttalte at han heilt sidan starten på det nye regimet si tid, hadde han tenkt på korleis han kunne utføra sitt prosjekt og at han hadde prøvd å samla menn som ville vera med han på å styrte dei nye styresmaktene. Heilt fram til hausten 1907 hadde han berre klart å samla nokre få menn. Planen hans hadde vore å samla nok menn til å angripe alle som hadde tilknyting til det nye regimet og at dei skulle angripe alle som kom i vegen for dei. Ved å gå sigrande ut av dette hadde han håpa at heile Sudan ville bli med han å kjempe.¹³⁹

Han gav vidare uttrykk for at hans ynskje var at Sudan skulle styrast av muslimar, følgje dei islamske lovene, Mahdien sine doktrinar. Han likte ikkje dei nye lovene som det nye regimet

¹³⁷ Dickinson's report. BNP 1\19\122

¹³⁸ Dickinson's report. BNP 1\19\122

¹³⁹ S.I.R. 1908 : 19

hadde innført. Han hadde ingen planar om å gjere seg sjølv til leiar for sine tilhengjarar, men at han ved sin første suksess mot regimet ville spørje ein av dei kjente religiøse leiarane i landet om å bli med han og bli Imam over alle muslimane.¹⁴⁰

'Abd al-Qadir la ikkje på nokon måte skjul på dei planane han hadde hatt og han hadde ein avtale med Sheikh 'Abd al-Magid, leiar for eit nabodistrikt, som var klar til å kome å hjelpe 'Abd al-Qadir og hans menn med å angripe styresmaktene. Han snakkar også om at den første stamma han trudde ville hjelpe han var ei anna stamme med Kenana-arabbarar i same distriktet, som også var ekte og trufaste Mahdi tilhengjarar, akkurat som han sjølv. Problemet for han var at han ikkje på denne tida hadde vore klar til å angripe styresmaktene, han hadde trengt meir planlegging.¹⁴¹

'Abd al-Qadir stadfestar at han ikkje hadde noko anna val enn å angripe utan å vere fult førebudd, for han hadde fått med seg at *omdaen*, Sheikh Abdalla Musaid og 'Abd al-Qadir sin bror hadde informert inspektør Moncrieff og *mamuren* om planane hans. Dette førte til dei to drapa på dei to tenestemennene.¹⁴² I avhøyret av 'Abd al-Qadir var det utifrå rapporten til Wingate ikkje snakk om kva som hadde skjedd og kva som hadde vorte prata om i huset til 'Abd al-Qadir i Tugr. Der har berre Dickinson sin rapport, Babikir Badri sine memoarar og Artin sine forklaringar, som har vore tilgjengelege for denne avhandlinga, som seier noko om kva som vart sagt mellom 'Abd al-Qadir, inspektøren og *mamuern* som vart nemnt før i oppgåva.

Han var ikkje i tvil på at informasjonen som *omdaen* og hans bror hadde gjeve til styresmaktene gjorde at han var nøydd å gå til angrep på troppane i Katfia. Han hadde fått greie på at troppar hadde vore på veg for å arrestera han i Tugr. Han var klar over at han mest sannsynleg ville ha tapt mot styresmaktene sine overlegne våpen. Derfor hadde han bestemt seg at angrep var det beste forsvar, og det var derfor han angrip på natta. Ved eit slikt overraskingsangrep kunne han klare å overrumple og ta våpna i frå troppane til regimet, for så å utruste sine eigne tilhengjarar med våpen. Gjennom avhøyret verkar det som om Abd al-Qadir heile tida var klar over at planen kunne mislykkas, men sjølv om han ville mislykkas

¹⁴⁰ S.I.R 1908: 20

¹⁴¹ S.I.R 1908: 20

¹⁴² S.I.R 1908: 20

ved å angripe troppane. Likevel var det sannsynleg at han ville klare å drepe nokre soldatar og gjort hemn for seg sjølv, dermed kunne han døy i fred, uttalte han.¹⁴³

'Abd al-Qadir hadde ikkje vore i tvil, sa han under rettsaka mot han, om at hadde angrepet i Katfia lykkast, ville han raskt ha fått med seg over 40 000 mann og dermed hadde han kunne utføra sitt store prosjekt. Han kjende sudanesarane betre enn styresmaktene og visste at all venskap og skryt som sudanesarane hadde vist ovanfor regimet, berre var løgn og bedrag.

'Abd al-Qadir var villig til å sverje på at sudanesarane ynskte mahdismen framfor det nye regimet. Wingate var heilt einig i denne konklusjonen som 'Abd al-Qadir kom med. Han skriv i rapporten at hadde dette nattangrepet lykkast ville folk ha støtta han og opprøret kunne ha spreidd seg til heile Sudan og regimet ville ha fått store problem.¹⁴⁴

I rettsaka gav 'Abd al-Qadir ros til kommandanten av den 13. sudanesiske bataljon, som var til stades under rettsaka, for å ha vore modig og forsvarst seg godt under angrepet. Abd al-Qadir hadde fått greie på at kommandanten hadde vore stødig og styrt mennene sine til siger over 'Abd al-Qadir sine menn. 'Abd al-Qadir spurde om kvifor han hadde skote mot dei og ikkje i staden vorte med 'Abd al-Qadir og hans menn i kampen mot styresmaktene sidan kommandanten var muslim sjølv og at 'Abd al-Qadir kjempa for den muslimske religionen.¹⁴⁵

'Abd al-Qadir sa til Yuzbashi Hassan Effendi Taufik frå det 13. sudanesiske kompani:

"I heard that you are a brave man, and that you made good denfence during the fight. I heard that it was because of your steadiness and the way you encouraged your men that you succeeded in defeating my men. Instead of firing at us, why did you not kill all of the kaffirs (Infidles) and join med at once, as you are a Moslem and I am fighting for the Moslem religion. "¹⁴⁶

Det kan virke som 'Abd al-Qadir verkeleg hadde jobba hardt for å verta kvitt styresmaktene og at det var hans høgste ynskje. Det verkar som om han kjempa ei sak for alle muslimar, nesten som ein tidleg utgåve av pan-arabismen som vart kjent gjennom Nasser i Egypt på 1960-talet. Det kan også tale for at han var reflektert og ikkje den religiøse fanatikaren som

¹⁴³ S.I.R 1908: 20-21

¹⁴⁴ S.I.R 1908: 19-21

¹⁴⁵ S.I.R 1908: 20

¹⁴⁶

mange historikarar og britiske offiserar har skrive om han. Det verkar som om 'Abd al-Qadir hadde ei god oversikt på korleis slaget hadde utvikla seg, og kva som hadde skjedd i tumultane denne natta.

Han hadde ei sterk tru på seg sjølv, viss ein ser på hans uttalelsar under rettsaka. Han fortalte at han hadde angripe Katfia med berre 79 mann, men at han hadde inspirert mennene sine til å tru at dei var like sterke som 1000 menn.¹⁴⁷

Han kom også med ganske detaljerte skildringar på korleis dei hadde organisert seg. Han og *ansarane* hans hadde reist frå Tugr rett etter kveldsbøna. Han hadde delt mennene sine inn i 5 seksjonar og ein av tilhengjarane hans hadde speida for han og kom attende med nøyaktige skildringar av leiren til regimetroppane. Dei hadde stoppa opp cirka 500 meter frå styrkane til Dickinson. Han hadde litt seinare gitt mennene sine ordre om å gå til angrep. Planen hadde vore å kontakta Sheikh 'Abd al-Magid etter at slaget var vunne, slik at han og hans menn kunne bli med og knuse styresmaktene. Abd al-Qadir hadde tydelegvis hatt problem med kommunikasjonen med dei andre stammene, for han hadde ikkje fått tak i dei. Likevel hadde mange menn i Gezira sagt at dei støtta han og at dei ville bli med han etter at han hadde vunne sin første siger mot styresmaktene.¹⁴⁸ Det verkar som det er lite tvil om at Kamlin affären var planlagd og planlagd ganske nøye. Han måtte riktig nok gå til angrep før han hadde tenkt, men gjennom rettsavhøyra får ein forståing av at dette var godt planlagd, noko som han i følgje S.I.R ikkje legg noko skjul på.

Etter at Wingate returnerte til Khartoum 9.mai, sende han generalinspektøren Slatin til Kamlin for å avhøre ei som hadde vorte fanga og dei offiserane som hadde vore tilstades under opprøret. Wingate var veldig nøgd med jobben Slatin gjorde, sjølv om Slatin hadde vore skikkeleg sjuk, solstikk og feber, hadde han gjennom avhøyra kunne gje Wingate eksakte beskrivelsar på kva som hadde ført til dette opprøret. Det var også veldig viktig for Sudan-administrasjonen at dei lokale som hadde vore lojale mot styresmaktene fekk heider for det dei hadde gjort. Det kan sjå ut som om det Slatin kom fram til vart sendt til Wingate og at han skreiv ned i detalj det som hadde hendt og gav ut *Sudan Intelligence Report* for mai 1908. Slatin vart svært dårleg på vegen attende til Khartoum, men fekk gjeve nokre råd som Wingate tok vidare og det var å gi amnesti til dei som ikkje hadde vore med på opprøret og vise dei fleste i Halawiyin-stamma at dei ikkje styresmaktene ikkje hadde noko imot dei, berre

¹⁴⁷ S.I.R 1908: 20

¹⁴⁸ S.I.R. 1908: 20

mot dei få frå denne stamma som hadde vore med 'Abd al-Qadir skulle straffast. I rapporten kan ein sjå at Wingate ikkje var særleg nøytral i uttalelsane sine, han kalla til dømes 'Abd al-Qadir for ein *"murderous fanatic.*' Dette kan vitne om både engasjement frå Wingate si side, men også ei redsle, eit hat for dei som brukte mahdismen som eit middel for å prøve å øydelegge engelskegyptiske regiment.¹⁴⁹

Ei særslig interessant forteljing som støttar at 'Abd al-Qadir må ha hatt ei inspirerande kraft, kan ein lese i Sir Stewart Symes¹⁵⁰ si bok frå 1946. Han skriv at han ikkje hadde mykje erfaring med slaveproblemet frå før. Britane hadde heilt sidan dei tok over Sudan gjort slavehandel ulovleg, slik som i resten av koloniverda. Symes fortel at han ikkje hadde mykje med dette å gjere, men den eine episoden han kom bort i, var nettopp Kamlin affären. Han gir eit kort oppsummering av opprøret, før han fortel om at han vart sett til å passe på dei opprørarane som hadde vorte arresterte. Han fortel at fangane nekta å ete mat, men at dei drakk mykje vatn, for det var forferdeleg varmt. Han beskriv dei som *"ville kattar"* som spytta på alle *"heidningar"* som kom for nære fengselsgitteret. Ein morgon vakna Symes, og til si store overrassing var dei *"ville kattane"* over natta vorte til rolege og forandra til redde bønder som gjerne ville prata med Symes. Dei var glade for ein kopp kaffi og dei fekk også låne ein koran. Symes skriv at dei knapt kunne hugse dei siste døgna og at dei omtrent må ha vore i ein slags transe då dei vart tekne.¹⁵¹

Det vart også sendt ut proklamasjonar til mange andre partar av Sudan, dette var informasjon som skulle gje innbyggjarane i Sudan ei forklaring på det som hadde skjedd i Kamlin. I tillegg skulle det vera ei åtvaring til andre om å ikkje høyre på talar frå det som i rapporten vart kalla uansvarlege og sjølvoppnemnde leiarar, som berre var ute etter større makt til seg sjølv, under ei fane av hemmelegheitsfull uortodoks og ulovleg religiøs lære.¹⁵²

'Abd al-Qadir vart funnen skyldig i å ha drepe inspektør Moncrieff og *mamuren* i Messalamia og for å ha gjort opprør mot styresmaktene. H. St. G. Peacock, som var dommar i saken, dømde han til døden og tap av hans eigedom. Avrettinga av Abd al-Qadir føregjekk på marknadspllassen Hillet Mustafa, hovudtorget til Halawiyin-stamma den 17.mai 1908 klokka

¹⁴⁹ S.I.R. 1908: 21

¹⁵⁰ Lt. Col. Sir Stewart Symes tjenestegjorde for Hampshire regimentet i 1900 og dei fire åra deretter var han aktiv i India, Sør-Afrika, Aden og på kysten av Somalia. I 1906 starta han i teneste under Sir Reginald Wingate i Sudan-administrasjonen.

¹⁵¹ Symes, Sir Stewart. *Tour of duty.* London 1946: 141

¹⁵² S.I.R. 1908: 21

09.30 på føremiddagen. Både den britiske kamel divisjonen og 10. og 13. sudanesiske bataljon, infanteristar og politi var til stades under henginga av 'Abd al-Qadir.¹⁵³ Det er veldig interessant at rettsaka mot 'Abd al-Qadir sine tilhengjarar ikkje kom i stand før 18.mai, altså dagen etter avrettinga av 'Abd al-Qadir. Ein annan offiser som skreiv bok om sitt Sudan opphold var David Charles Edwards Comyn som skriv at 'Abd al-Qadir skal ha uttalt at viss styresmaktene kom til å avretta han, så ville han kunne stå opp frå dei døde etter 3 dagar. Styresmaktene skal ha, noko som styresmaktene ikkje ynskte. Derfor skal dei ifølgje Comyn ha lete 'Abd al-Qadir ha hengt på marknadspllassen i Kamlin i 3 dagar for å vise dei lokale at det 'Abd al-Qadir hadde sagt ikkje stemde. Comyn skal sjølv ha vore i området, for han og hans kompani skal ha vorte beordra til Kamlin like etter, for å ransake og samle inn våpen i Kamlin.¹⁵⁴ Han skriv også at dette gjekk inn på folk og at mahdismen tapte mange tilhengjarar på dette. Det er nok ikkje rart at mange vart skremde av noko slikt, men det treng ikkje bety at dei slutta å tru på eller at dei ynskte at britane skulle forsvinne frå Sudan. Comyn er den einaste av dei kjeldene og sekundærliteraturen som har vore tilgjengeleg til denne avhandlinga som nemner dette med at han hang på marknadspllassen i 3 dagar for å skremme andre frå å gjere det same. Sidan Comyn sjølv var i området på den tida, må ein gå utifrå at det kan vera tilfelle, og at det ikkje er nemnt i britiske rapportar er kanskje ikkje så rart, for det kunne ha gjort presset frå dei egyptiske nasjonalistane og den britiske opinionen hardare. Om dette var bevisst frå offiserane si side er vanskeleg å seie noko om, men i dei rapportane som her har vore vist til, står det ingenting om kva som føregjekk på marknadspllassen 17. – 20. mai 1908. Det må ha betydd at han hang på galgen også då rettsaka mot *ansarane* til 'Abd al-Qadir starta. Rettsaka mot 'Abd al-Qadir sine menn vart opna slik:

In the name of God the most merciful, prayer praise to our master Mohammad and all his friends. Thanks to God the master of all the world, the most merciful the judge in the day of judgment whom we worship and whom we ask help.

Thou hast bound the heaven to smoke and hast bound clouds to rain and hast bound rain to air and hast bound air to the sun and hast bound the sun to plants and hast plants to the running water and hast bound the Midir Qundus (Dickinson) and the Mamur Mohammad Hekmi and the toungue of Hakimdar Abd al-Ghani and Muawen Abd al-Khelik

¹⁵³ S.I.R. 1908: 21

¹⁵⁴ Comyn, David Charles Edwards. *Service and Sport: A record of administration in the Anglo-Egyptian Sudan. With some intervals of sport and travel.* London 1911: 31

and hast bound the tongue of all rulers the son of Eve and hast strengthened, strengthened the knot and hast bound Abraham and Isaac and hast made dumb, mad dumb so that they may not speak except with good to you. Their sayings are under your feet. If they speak badly I shall return their words on them in the name of Dosem, in the name of Dosem, Hosem, Hosem, Brasem, Brasem, Brasem, deafness, deafness, deafness, deafness, dumbness, dumbness, blindness, blindness, blindness, blindness, so that they will not speak except for God. God has sealed the tongue of the Mudir Qundas, the Mamur Mohammad Helmi and the Hakemdar Abd al-Ghani. On their eyes there is a film and for them there are painful tortures. Had he wished we could have blinded them so that they my not see and we could have blocked their way so that they may not escape. Bind, O ! Anqud; all the tongues in the name of the worshipped God.

From this saying you will be surprised and you will laugh and not cry. And you do not fear for I am with you seeing and hearing. God does not like bad things be said publicly except for tyrants, God knows and He sees everything.

O ! God accept the words of Saleh the son of Husseineh whose sayings are acceptable. Parayers and praise of God to our master Mohammad and to all his friends.¹⁵⁵

Det var ingen tvil om at sannheita skulle kome fram i denne rettsaka.

Imam Mohammad Imam Habouba bror og leiar for Halawiyin-stamma gav E. N. Corbyn grundige svar i sine forklaringar om desse omstenda, ikkje berre om opprøret, men også om diverse ueinigheiter i stamma og familien. Corbyn lova Imam at samtalane vart gjort konfidensielle og at dei ikkje skulle vera med i rettsrapporten av omsyn til Imam. Dei handskrivne dokumenta startar med at Imam fortel korleis han vart fråteken land av mahdiregimet og at han såleis fekk eit därleg forhold til dei. Heilt attende til vekene før slaget ved Karari, Omdurman i 1898, hadde han fått brev frå *sirdaren*, som den gong var Kitchener, om ikkje å hjelpe Khalifa Abdalla i motstanden mot britane. Imam skal også litt seinare fått brev frå Khalifa Abdalla om å støtte han og få med heile Halawiyin-satmma i støtte til han. Han valde å halda Halawiyin-stamma borte frå Khalifa Abdalla og visste at han kom til å verta rapportert for ikkje å hjelpe Khalifa Abdalla.¹⁵⁶

¹⁵⁵ Trial of followers and Abd al-Qadir. BNP 1\19\123

¹⁵⁶ Trial of followers and Abd al-Qadir. BNP 1\19\123

Imam skal etter kvart ha treft bror sin 'Abd al-Qadir som stod med ein ordre frå Yacub, bror til Khalifa Abdalla, om å donera store mengder durrakveite til mahdiregimet. Imam var heilt imot dette og tok med seg 18 slavar som tilhørde familien og møtte 'Abd al-Qadir. Det vart spent, men etter kvart kom mellom 200 og 300 mann frå Halawiyin-stamma som var rusta med våpen og fekk stoppa ein kamp mellom dei to brødrene. Imam skal ha teke kontroll over kveiten og mennene skal ha drege 'Abd al-Qadir vekk frå situasjonen og han skal ha reist frå staden. Mange var likevel skeptiske til Imam som ikkje ville støtte Khalifa Abdalla og forholdet til nokre var ikkje godt, som han uttalar til Corbyn. Imam meinte dei var redde og at dei ikkje torde å gå mot mahdiregimet så lenge Khalifa Abdalla levde.¹⁵⁷

Mamuren i distriktet tok beslag i kveiten som 'Abd al-Qadir ynskte å gi til mahdiregimet. Imam forklarte Corbyn at det var far hans som var eigar av all kveiten. Kveiten vart etterkvart fordelt mellom Wad al-Bashir og Wad Gad al-Sin i Halawiyin-stamma. Imam var truleg ikkje nøgd med dette, og han fortalte vidare at han vart urettmessig behandla av ein jordkommisjon der *omdaen* og nokre av brørne var mot han. Det skal ha vore ein god del ueinigkeit mellom brørne. Imam hadde ynskt at brørne skulle følgje han og ikkje holde møter med *ratib* lesing som Imam ikkje kunne stå for. Imam gav *mamuren* beskjed om at han ville reise frå brørne sine og resten av stamma. *Mamuren* fekk overtala han til å bli og gav han i oppgåve å rapportera viss 'Abd al-Qadir eller andre hadde ulovlege planar.¹⁵⁸

I forklaringa til Imam kjem det også fram at Sherif Yusuf Wad al-Hindi skal ha vore på vitjing hjå Halawiyin-stamma. Han, 'Abd al-Qadir og fleire ynskte å fortsette det gamle mahdi-systemet, som vart kalla baia, i landsbyane. Dette gjekk ut på verda berre var Gud og paradis og at menn skulle gi frå seg verdslige saker og eide dommar til religiøse Sheikhar, for å reinse seg før dei skulle kome til paradis. Imam skal ha vore tilstades på slike seremoniar, men hadde nekta å vere med på noko som han sa nokså sikkert ville føre til katastrofe. Det er interessant å høyre i uttalelsane til Imam at Wad al-Hindi skal ha sagt til fleire i Halawiyin-stamma at dei skulle vera 'Abd al-Qadir sine innarste lojale støttespelarar og at dei så snart Wad al-Hindi sende bud på 'Abd al-Qadir, skulle alle følgje med han. Dette kan tyda på at 'Abd al-Qadir hadde overordna som var med å planlagde motstand mot det nye regimet. 'Abd al-Qadir starta opprøret med sine menn, men som også 'Abd al-Qadir uttalte til styresmaktene i rettsavhøyret, venta han at andre stammer skulle kome og støtte han. Imam forklarte at spesielt denne Ahmed al-Magid skulle stå klar til å støtte han. Kva som skjedde med støtten er

¹⁵⁷ Trial of followers and Abd al-Qadir. BNP 1\19\123

¹⁵⁸ Trial of followers and Abd al-Qadir. BNP 1\19\123

vanskeleg å seie noko om , men det kan ha vore misforståelsar eller at opprøret som nemnt tidlegare vart tvinga fram, før det var skikkeleg planlagt.¹⁵⁹

I dette avhøyret eller samtalet med Corbyn forklarar Imam heile episoden der han til slutt måtte sitte i fengsel i to dagar for løgn. Her kjem han innpå at det ikkje berre var han som hadde lagt merke til at 'Abd al-Qadir og hans menn hadde samla inn våpen. Imam hadde sjølv oppdaga det då han såg ein av brørne sine kom med eit krigar spyd, som vart kalla *kibis*. Broren kunne bekrefte Imam sine mistankar og det kunne også eine slaven til 'Abd al-Qadir, ifølgje uttalelsane Imam. Dermed skal det ha vore fleire vitne til dette og Imam skal ha bestemt seg for å rapportera dette til *mamuren*. Han skal ha gitt assistenten sin, Ibrahim Nasef, ordre om å etterforske saka. Imam ynskte sjølv å vera med for å sjå at alt gjekk rett føre seg. Nasef skal ha sagt nei til dette og drege vidare til Katfia. *Ansarane* til 'Abd al-Qadir skal ha fått greie på at Nasef var på veg og dei klarte å flytte alle våpna vekk frå området. Imam var ikkje sikker, men Nasef var kanskje klar over dette. Dei fann ingen våpen og dei som hadde vore vitne til det som hadde skjedd, vart redde og torde ikkje seie sanninga, forklarte Imam. *Mamuren* skal ha vorte rasande på Imam i den korte høyringa mellom 'Abd al-Qadir og Imam og skal ha kalla han ein løgnar. 'Abd al-Qadir fekk reise, medan Imam måtte sitte to dagar i fengsel og vart trua med bot og 5 års fengsel viss han gjorde noko liknande igjen.¹⁶⁰ Det kan virke som om Abd al-Qadir hadde vore flink å skjule sine spor, for at ingen frå styresmaktene fekk noko mistanke mot han, må han vore flink eller hatt flaks for ikkje å verta oppdaga. Kanskje var styresmaktene så mistenksame på alle at det kom 'Abd al-Qadir til gode. Som nemnt tidlegare vart Imam ganske nedbroten av å ikkje verta trudd av styresmaktene.

Berre dagar seinare var Imam og ein ven av han ute på markene då dei vart stoppa av fleire av 'Abd al-Qadir sine menn. Imam var sikker på at dei ville drepa han, men dei rei vidare. Etter Imam sine forklaringar skal det ha vore fleire slike hendingar i området. Venen til Imam skal ha sendt eit brev til *mamuren* om hendinga, og gitt han ei liste med namn på moglege opprørarar. Venen til Imam skal ha vorte drepen berre 3 dagar seinare. Om ikkje det var nok så forklarar Imam at hans eigen son også hadde vorte *ansar* av 'Abd al-Qadir. Det var sjølvsagt ei stor skam for Imam, og han skal ha håpa på at styresmaktene ville fengsle han og

¹⁵⁹ Trial of followers and Abd al-Qadir. BNP 1\19\123

¹⁶⁰ Trial of followers and Abd al-Qadir. BNP 1\19\123

deretter avretta han.¹⁶¹ Det var nok utvilsamt hard kost for Imam at hans eigen son gjekk over til fienden.

På kvelden etter mordet på inspektøren og *mamuren* skal 'Abd al-Qadir ha sendt 2 *ansarar* i veg for å varsle 'Abd al-Magid, men dei fekk ikkje tak i han. Det vart sagt at han hadde reist ned mot den Kvite Nilen. Imam forklarte at han ikkje visste om 'Abd al-Qadir skal ha hatt kontakt med andre grupper eller ikkje.¹⁶² Viss Imam har rett i at det var mange andre stammer som var klare til å gjere opprør, kan tilfeldigheitene ha spela inn slik i fordel styresmaktene. Fleire har uttalt at opprøret ikkje var ferdig planlagt, og at *omdaen* og Imam fekk gitt styresmaktene beskjed om at noko var i emning akkurat i rett tid, slik at 'Abd al-Qadir ikkje hadde alle støttespelarane klare då det braka laust. Då kan styresmaktene med Wingate i spissen ha vore svært heldige, avhengig av kor mange menn dei andre eventuelt kunne ha stilt med. Wingate kan ha hatt rett i at det hadde vore viktig å slå ned dette opprøret så raskt som mogleg, for at det ikkje skulle eskalera. Det vart ikkje talfesta av 'Abd al-Qadir kor mange som eventuelt ville kome til for å støtte han, men det kan vera grunn til å tru at antalet kunne både tre og firedobla seg. Tilfeldigheitene ville ha det til at 'Abd al-Qadir måtte kjempe åleine med sine menn og gjekk tilslutt på nederlag mot dei britiske troppane som hadde meir avanserte våpen. Som nemnt tidlegare kan også støtten til 'Abd al-Qadir ha forsvunne på grunn av morda på dei to offiserane. Det kan vera mogleg at dette brotet på muslimske gjestekodar vart for sterkt kost for dei stammene som skulle kome å støtte 'Abd al-Qadir i opprøret.

Rettsaka mot dei 23 *ansarane* til 'Abd al-Qadir som styresmaktene meinte hadde vore med på opprøret, starta 18. mai og vara til 23. mai. Dei var tiltalte under artikkel 93 frå Sudanese Civil Code, som inneholdt å gjere motstand mot styresmaktene og Khediven av Egypt eller å ha planlagt slike aksjonar og som kunne føre til dødsstraff for forræderi.¹⁶³

Rettssaka mot 'Abd al-Qadir gjekk føre seg i El Obeid, langt vekke frå der opprøret hadde føregått. Britane ville ikkje ha rettsaka mot han i Kamlin på grunn av frykt for nye hendingar, men han vart avretta i Kamlin.¹⁶⁴ Rettsaka mot dei 23 andre, gjekk føre seg i Kamlin framfor *mudirs court* (Guvernørens rett) med W. Sterry som rettsformann.¹⁶⁵

¹⁶¹ Trial of followers and Abd al-Qadir. BNP 1\19\123

¹⁶² Trial of followers and Abd al-Qadir. BNP 1\19\123

¹⁶³ Ksgeh, Sulaiman. Sudan Library. Khartoum: 4

¹⁶⁴ Comyn, David Cahrles Edwards. London 1911: 31

¹⁶⁵ S.I.R. 1908: 21

Ein del av dei som var sikta i saka uttalte at det var ganske tilfeldig at dei hadde hamna blant 'Adb al-Qadir sine menn. Ein nevø av Mohammad al-Sedik forklarte at han skulle fylje onkelen sin til Tugr, men at han vart halden igjen av mennene til 'Adb al-Qadir. Han hadde fått beskjed om at han måtte vera med i å gå til angrep på styresmaktene på fredagskvelden den 1. mai. Han skal ha vore med, men då Dickinson sine troppar starta med tung skyts mot dei skal han ha stukke av. Han var heller ikkje tilstade under drapa på inspektøren og *mamuren*, men forklarte retten kva han hadde høyrt om desse drapa. I hans forklaring kom det fram at 'Adb al-Qadir skulle ha knivstukke og skada *mamuren* og eit ein Ahmed Rekabi drap han. Vidare fortalte han at ein annan ved namn Medawi Mohammad Imam hadde knivstukke inspektøren og at ein Medawi Shafi skulle ha drepe han. Som nemnt før, fann Dickinson og hans menn lika av dei to offiserane og dei var så ille tilreidde at dei knapt kunne flyttast, og i fylgje den sikta nevøen hadde alle som var tilstades i Tugr stukke spyd eller sverd inn i dei døde kroppane. To av dei som var med på drapa skulle ha fått skadar, ein i leggen og Ahmed Rikabi vart sparka i kjeven av *mamuren* i basketaket som hadde føregått inne i huset i Tugr.¹⁶⁶ Dette kan ein også finne i reiseskildringane til Artin. I november fekk Artin høyre nyheter om Kamlin affæren, som alle han møtte var så opptekne av, at den som drap *mamuren* skal ha fått eit spark som ikkje berre slo ut fleire tenner, men braut kjeven hans. Det var utlovd dusør for å få arrestert denne mannen,¹⁶⁷ som sannsynlegvis var Ahmed Rikabi.

Ein annan ved namn Moussa Wad Mukthar bekrefta at 'Adb al-Qadir hadde samla dei og forklart dei at dei skulle angripe troppane til Dickinson fredag 1. mai. 'Adb al-Qadir skal også ha gjeve dei beskjed om at viss dei gjekk sigerande ut, ville Kenana stamma slutte seg saman med dei, før dei til slutt skulle slutte seg saman med 'Adb al-Magid. Som 'Adb al-Qadir forklarte retten, forklarte Moussa Wad Mukthar at dei vart inspirerte til å tru at dei var sterke som 1000 mann.¹⁶⁸

Ein nevø av 'Adb al-Qadir forklarte retten at han hadde vore på leiting etter geitene sine i åssida utanfor Tugr og skal ha vorte teken til fange av 'Adb al-Qadir sine menn. Minst 25 menn var til stades der. Nevøen til 'Adb al-Qadir vart med til Katfia, men stakk av før kampane. Han nemner også at planane var at Kenana stamma skulle kome å slutte seg til 'Adb al-Qadir og hans menn. Forklaringa på at 'Adb al-Qadir gjekk til angrep så raskt var at ein al-Hussein Menallah (drepen i opprøret) hadde i all hemmelegheit gitt 'Adb al-Qadir beskjed om

¹⁶⁶ Trial of followers and Abd al-Qadir. BNP 1\19\123

¹⁶⁷ Artin, Yacoub Pasha. London. 1911: 52

¹⁶⁸ Trial of followers and Abd al-Qadir. BNP 1\19\123

at han hadde sett at Dickinson og troppar hadde kome til Tugr. 'Abd al-Qadir skal då ha smala alle *ansarane* sine og gitt dei ordre om å angripe troppane same natt. Fleire av dei sikta viste til at dei var der tilfeldig eller at dei ikkje hadde vore tilstades i det heile. Ein Mohammad Ali Khalid frå Halawiyin-stamma forklarte at han hadde fått bekrefta at 'Abd al-Qadir hadde slike planar av ei kvinne som hadde sagt at son hennar hadde meldt sine tenester for 'Abd al-Qadir. Ho skal ha vorte sint og sendt bror hans for å henta han heim. Dette vart gjort. Ein annan ved namn Osman Wad Ahmed Osman forklarte at han var på besøk til søstera si, som var gift med 'Abd al-Qadir. Han forklarte at då han kom vart han sittande utanfor huset og etter ei stund såg han inspektøren og *mamuren* gå inn i huset. Han såg også litt seinare at 'Abd al-Qadir hadde reist seg for så i stikke *mamuren* med kniv, og så sette seg ned igjen. Osman vart svært redd og skal så ha sett at 'Abd al-Qadir gav eit signal til sin bror Medani og han skal ha holdt fast inspektøren og Ahmed al-Rikaba drap den skada *mamuren*. Medawi al-Shafi knivstakk inspektøren, før alle mennene til 'Abd al-Qadir stakk dei døde kroppane.¹⁶⁹

Rettsaka mot 'Abd al-Qadir sine menn enda med at 12 av dei vart dømde til døden og tap av eigedom for å ha vore med å danne troppane som hadde angripe styresmaktene i Katfia og 8 av dei andre fekk lange fengselstraffar. Gorst som no var generalkonsul i Egypt, brukte all si makt for å stoppe avrettingane og lykkast.¹⁷⁰

Også Ksheh skriv om rettsaka mot 'Abd al-Qadir sine menn. Det var 23 mann som var tiltalte under paragraf 93 frå "the Sudanese Civil Code" for å ha kjempa mot styresmaktene og Khediven av Egypt. Han skriv at 4 skal ha tilstått, men at retten dømde 20 av dei, 12 av dei til døden.¹⁷¹

Sy whole fortel at han hadde store problem med å førebu henging av mange av dei arresterte mennene. Han kallar det "*a nasty business*" då han fekk telefon der han vart forklart kva han skulle gjere med fangane og korleis dei skulle ordne til galgen og resten av prosedyrane for henging. Dei harde straffane gjorde at det kom meldingar frå London om at straffene måtte endrast, men meldingane frå Khartoum gjekk på at dei strenge straffene skulle fullbyrdast. Sy whole kjem så innpå noko som er særskilt interessant. Han skriv at alle opprør i denne perioden var av økonomisk karakter og at det i Kamlin affären ikkje var noko tvil om at det var økonomisk motivert. Folket på landsbygda hadde kunn eit seriøst klagepunkt mot

¹⁶⁹ Trial of followers and Abd al-Qadir. BNP 1\19\123

¹⁷⁰ Ibrahim, Hassan Ahmed. Boston 1979:447-448

¹⁷¹ Ksheh, Sulaiman. Sudan Library, Khartoum: 3

styresmaktene. Dei hadde mykje land og god jord, men mangla regn og ikkje minst arbeidskraft. Det at ei kristen makt tok over, og som ikkje skjønna seg på den muslimske tradisjonen, og som hadde lauslate slavane og fått dei til å reise frå landsbygda og inn til byane for å finne arbeid, og at mange av slavane hadde fått arbeid hjå offentlege instansar. Mange av slavane reiste midt i innhaustinga og let kvinner og barn på farmane att for å svelte. Symes skriv at desse slavane etterkvart etter å ha brukt opp pengane sine i byen, kom attende til landbygda fattige og sjuke. Dei bad om hjelp av sine tidlegare leiarar. Slike saker var heilt vanlege og eit resultat av denne politikken, skriv Symes, var at store farmar vart liggande aude og øydelagt og at mange rike jordeigarar som hadde investert i mange slavar, gjekk under. Etter dette dukka det stadig opp religiøse menn som engelskmennene kalla ”star of the faith”, truleg snakkar han om *Nabi Isa*. Deira profeti og anti-britiske haldningar skremde vanlege bønder og dei slutta etterkvart å selje avlingane sine i landsbyane, som var heilt avhengige av dette. Landsbyfolket var redde og svoltne, mange stader braut det ut panikk og mange offiserar var redde for at mange landsbyar skulle kollapse og gå til opprør. Han fortel vidare om at guvernør F. Nickerson og han la planar for korleis dei kunne stoppe denne uroa. Guvernøren tok imot mange råd frå Symes og etterkvart hadde folk i landsbyen roa seg og noko mat vart frakta inn. Når det gjaldt denne *Nabi Isa* var verken guvernøren eller Symes sikre på om han eksisterte i det heile. Uansett, skriv Symes så var folk generelt sinte på styresmaktene for deira jordbrukspolitikk og styresmaktene si antislaveri haldning og at slike rapportar tikka inn frå ulike distrikt til regimet i Khartoum. Alle stader, fortel Symes, var det den same historia med sinte, mistilpassa bønder som sat att med jord som var vorte ubrukeleg, fordi slavane var reiste inn til byane. Styresmaktene bestemde seg for å gjere noko med dette og Symes fekk jobben med å styre det nye ”Labour Bureau.” Dei hadde med lønsbetingelsar i konkurransen mellom offentlege og private entreprenørar, men det som opptok dei mest var å kontrollera og sjekke utvandringa av eksslavar frå jordbruksområda. Dei jobba for å hjelpe eksslavar slik at dei ikkje vart utnytta på nytt av jordeigarane. Dette var eit lite problem, skriv Symes, for jordeigarane var villige til å betale mykje for å få arbeidskraft attende til gardane. Arbeidet i ”Labour Bureau” gav små effektar, men det gav nokre bra resultat. Symes fortel at han hadde måtte forklare Lord Cromer (General Konsul i Egypt), som var den som eigentleg styrte Egypt) om metodane dei hadde bruk i arbeidet sitt, før Lord Cromer skulle halde ein viktig antislaveritale i House of Lords.¹⁷²

¹⁷² Symes, Sir Stewart. London 1946

Fleire kjelder og sekundær litteratur peikar på at andre strøymingar enn berre det religiøse var til stade i Sudan på denne tida. Det vil no bli gått igjennom kva styresmaktene i Sudan måtte ta omsyn til i deira rapportskriving og kontakt med både Kairo og London.

Kva måtte Sudan-administrasjonen ta omsyn til

Som skrive tidlegare om Condominium hadde generalguvernør Wingate som øvste leiar i Sudan mykje makt sjølv om Condominium avtala hadde nedfelt kva autoritet general guvernøren skulle ha, var det i praksis opp til han sjølv og hans kontakt med generalkonsulen i Kairo om kor stor makt han åleine skulle ha. Likevel måtte Sudan-administrasjonen rapportera til Kairo og London om stoda i landet.¹⁷³ Sir Eldon Gorst tok over som generalkonsul i Kairo etter Lord Cromer i 1907. Gorst og Wingate hadde ikkje det beste utgangspunktet for eit godt venskap. Begge hadde ynskt stillinga som generalkonsul i Egypt og rykta ville ha det til at Wingate ville gå av etter utnemninga av Gorst som arvtakar etter Cromer.¹⁷⁴

Det var heilt klart at for å få Kairo og London til å lytte til Sudan- administrasjonen sine behov måtte Wingate manøvrera forsiktig for ikkje å gje Kairo og London feil inntrykk av deira arbeid og avgjerder i Sudan, fordi dei var spesielt pressa økonomisk frå Kairo og utanriksdepartementet i London. Slik som samstyret var sett saman, var det Egypt som måtte stå for finansieringa av Sudan administrasjonen. Nasjonalistane i Egypt var tidleg ute å kritiserte denne ordninga, der det i praksis var britane som styret Sudan, medan det var Egypt som måtte stå økonomisk ansvarleg for Sudan-administrasjonen og investeringar som skulle gjerast til døme med infrastruktur. Dette var noko generalkonsulen hadde vanskar med å forklare ovanfor den egyptiske opinionen og dermed var både Gorst og regjeringa i London pressa til å bruke så lite pengar som mogleg i Sudan for ikkje å opprøre opinionen. Både dei egyptiske nasjonalistane som var starta å stilla spørsmål ved samstyret sine avgjerder og den britiske opinionen som kunne lese om dette i avisene gjorde at trykket på samstyret var stort. At Kairo og London var pressa frå fleire kantar, gjorde til at Wingate i Khartoum ikkje hadde mykje pengar å bruke, då han måtte halda kostnadane nede på eit minimum.¹⁷⁵

¹⁷³ Holt, PM & Daly, MW. Harlow 2000: 42-43

¹⁷⁴ Ibid. 2000: 47

¹⁷⁵ Ibid. 2000: 42-43

Derfor måtte Wingate vera forsiktig med kva som kom ut, rapportar og andre meldingar måtte vera presise og vise at Sudan-administrasjonen gjorde dei rette vala. Dette kunne vera ein grunn til at mange av dei britiske offisielle kjeldene omtalar mahdistane som *dervishes* og *infidels*, uttrykk som ein lett kan forbinde med eit negativt forteikn. Dette var kanskje ein måte, ein slags hersketeknikk for å visa Kairo og London at dette var farlege usiviliserte folk som ein måtte behandla strengt og brutalt for at det ikkje skulle utvikla seg til eit opprør som kunne reisa seg i heile Sudan. Wingate ynskte å vise sine overordna at han hadde god kontroll både administrativt og militært, berre han fekk dei økonomiske rammene til det. Ved å gi eit negativt stempel på spesielt mahdistane som religiøse fanatikarar og usiviliserte folk, håpa Wingate på å få betre økonomiske rammer.¹⁷⁶ Som nemnt før var det spesielt to grunnar til at han ikkje fekk oppfylt sine økonomiske ynskje og det var presset på general konsulen i Kairo og regjeringa i London hadde frå den britiske og egyptiske opinionen. Derfor er det nærliggande å tru at Wingate og Sudan administrasjonen gjerne pynta på eller overdrev sine rapportar noko. Her er ein inne på noko som er særskilt interessant. Ved å sjå på nokre av dei private brevvekslingane mellom Wingate og hans underordna og Wingate sine brev til generalkonsulen i Kairo kan ein sjå døme på at Wingate gjekk inn å endra rapportane til slik han ynskte dei skulle vera.¹⁷⁷

Desse breva omhandlar ikkje Wad Habouba opprøret, men er med på å gi eit inntrykk av korleis Wingate og Sudan administrasjonen kunne arbeida. Desse breva omhandlar ei sak i Dongola lenger nord i Sudan, som skjedde i mai 1908 samtidig med Wad Habouba opprøret. Her fekk Wingate administrasjonen beskjed om at fleire moglege mahdistar var samla i Dongola om mogleg å gjere motstand mot styresmaktene. Dette vart teke på høgste alvor og Wingate utpeikte inspektør Woodland¹⁷⁸ til å etterforske saka. Woodland etterforska saka og avgja ein rapport. I følgje Jackson sitt brev til Wingate 23. mai hadde Woodland si etterforsking av mahdistane, Abd al-Wahab Ahmed og Omar Osman, vist at dei hadde få tilhengjarar og at deira mobilisering ikkje var til nokon fare og dei tiltak som hadde vore sett i gang hadde minimert faren for aksjonar mot styresmaktene. Han avsluttar brevet med: ”*No fear of any rising.*” Alt dette var basert på Woodland sine undersøkingar.¹⁷⁹ Det er interessant å merke seg at 3 dagar før hadde Wingate gitt Jackson beskjed i brevsform om at han var veldig glad for at etterforskinga var i gang og at dei ikkje måtte nøle med å arrestera dei som

¹⁷⁶ Holt, PM & Daly, MW. Harlow 2000: 42-43: 42-43

¹⁷⁷ Ibid. Harlow 2000: 42-43

¹⁷⁸ Woodland var officer i Sudan administrasjonen

¹⁷⁹ Jackson, Dongola to Governor General, Khartoum. May 23rd 1908. NRO

kunne ha noko med dette komplottet mot styresmaktene å gjere.¹⁸⁰ Den 30. mai kom det svar frå guvernørkontoret i Merowe til administrasjonen i Khartoum. Dei hadde arrestert og forhøyrt 5 mann, to av dei leiande mennene som vart nemnde er dei som vart nemnde ovanfor. Her vart det understreka at rapporten til Woodland viste at ingenting kunne binde desse mennene til religiøse opprør eller planar om det og at det ikkje var grunn til å tru at nokon av desse mennene hadde noko som helst imot styresmaktene. Likevel var det viktig å vera på vakt, skreiv Woodland, for det kunne finnast mahdistar der ute, og sjølv om dei var få, kunne dei utgjere ein trussel i regionen på sikt.¹⁸¹

Her startar Wingate med ei intens brevskriving. 10. juni sender han ut 3 brev til høvesvis Stack i Kairo, Jackson¹⁸² i Merowe og Amery i Khartoum. Til Stack i Kairo forklarar Wingate at den første sida i Amery¹⁸³ sin etterretningsrapport No. 166, forøvrig same rapporten som Wad Habouba-opprøret står i, at den må bytast ut, fordi etterforskinga av hendingane i Dongola var feil. Wingate ba Stack om å ikkje vise rapporten til nokon, fordi etterforskinga viste: ”extraordinary ignorance and inexperience.”¹⁸⁴

Til Jackson same dag skreiv Wingate at han hadde lese rapporten frå Dongola og at han ikkje var einig med Woodland sine vurderingar av Dongola saken. Han ba derfor Jackson og hans offiserar om å sjå vekk frå desse vurderingane til Woodland og at hendingane i Dongola måtte behandlast stødig og forsiktig. I tillegg hadde han gitt beskjed til Amery om å sende den hemmelege rapporten om Wingate sine memoarar av Blue Nile Province opprøret (Wad Habouba opprøret, S.I.R) som ville visa dei at det var ein kort veg frå latent mahdisme til opent opprør mot styresmaktene.¹⁸⁵

Det siste brevet han skreiv 10. juni var til Amery. Her gir han Amery klar beskjed om å ta vekk førstesida av rapporten NO. 166 og at den sida trengde store forandringar. Han skreiv vidare at han skulle sende Amery korrigering av Dongola saken. Wingate gav også beskjed om at det var viktig at ingen andre enn dei som jobba på kontoret såg Woodland sine

¹⁸⁰ Governor General, Khartoum to Jackson, Merowe. 20th May 1908. NRO

¹⁸¹ Sudan Goverment, Dongola Province, Governor's Office. Merowe 30th May 1908. NRO

¹⁸² Jackson Pasha, Sir Herbert Willian (1861-1931). Britisk soldat og administrator, ,iwa (leiar av ein brigade) i den egyptiske hæren, verva seg i 1881 og var guvernør i Dongola 1902-22. Pensjonerte seg i 1923 og dreiv jordbruk nær Merowe. Vart brigadegeneral i 1919 og majorgeneral i 1922. Slegen til riddar i 1919.

¹⁸³ Amery Bey, Harold Francois Saphir (1877-1915. Britisk major som vart overført til den egyptiske hæren i 1902, tenestegjorde mange år i Sudan og var assisterande leiar i etterretningstenesta i Sudan. Døde av skadar han fekk under 1.verdskrig.

¹⁸⁴ Governor General, Erkowit to Stack, Kairo 10th June 1908. NRO

¹⁸⁵ Governor General, Khartoum to Jackson, Merowe. 10th June 1908. NRO

konklusjonar om saken. Han fortel Amery at han ikkje er einig med Woodland si etterforsking og at Amery må sende Wingate sin rapport om Wad Habouba-opprøret til Jackson.¹⁸⁶

Dagen etter skreiv Jackson til Wingate at dei tek alle førehandsreglar og at dei ville følgje mahdistane i provinsen veldig grundig og at alle hans inspektørar og *mamurar* hadde fått lister med namn som dei skulle ha oppsyn med og som dei skulle ta inn til avhøyr for dei minste ting. Han avslutta med at dei seinaste hendingane hadde skjerpa alle og at dei var klare til å stoppe mahdistane i provinsen.¹⁸⁷

Korrespondansen endar med Amery sitt brev til Kairo 15. juni. Telegrammet inneheldt følgjande:

*"1757. 5959. Sub-heading Mahdist paragraph 4, after Mr. Woodland, Inspector, was sent on 18th to Debba to send of sub-heading should read; "" and his investigations have been made the subject of report which is receiving the careful attention of the Sudan Government. ""The discovery of this movement in Dongola, taken in conjunction with the recent rising in Gezira, clearly shows that the spirit of Mahdism is by no means dead, that the still ignorant and superstitious inhabitants of the Sudan are easily impostaers, and that it is but a step from latent belief in Mahdism to active revolt against Government. "¹⁸⁸*I ein fotnote i brevet står det at denne seksjonen vart innsett i etterretningsrapporten for mai, i staden for den originale seksjonen som stod der frå før.

Her kan ein sjå kor stor makt Wingate hadde, han fekk endra ein rapport der inspektøren hadde gjort ei grundig etterforsking, men som Wingate ikkje var nøgd med utfallet av. Han skreiv sjølv den nye sida i rapporten utan sjølv å ha vore i Dongola under saken. Dette er ikkje noko prov på at Wingate var ein juksar, men gjer at ein må ha dette i bakhovudet når ein les dei offisielle kjeldene, for her kan det ligge både politiske motiv og eigenmotiverte motiv for måten å skrive på. Det er vanskeleg å seie om Wingate verkeleg var livredd mahdismen eller om han brukte mahdismen for å oppnå at Kairo og London skulle lytte til Sudan

¹⁸⁶ Governor General, Khartoum to Amery, Khartoum. 10th June 1908. NRO

¹⁸⁷ Jackson, Merowe to Governor General. 11th June 1908. NRO

¹⁸⁸ Amery, Khartoum to Director of Intelligence, Kairo. 15th June 1908. NRO

administrasjonen. Det siste er det vel mykje i, ettersom det var vanskeleg å få Kairo og London til å løyve meir pengar til ei elles slunken pengekasse i Khartoum.

Nyare forsking på Condominium perioden som er vorte gjort av Elena Vezzadini ved Universitetet i Bergen, viser at britiske rapportar skrive om utbrotet av 1924 revolusjonen i Sudan ikkje gav eit heilt korrekt bilet av situasjonen. Britane skreiv i sine rapportar at dei som var med på revolusjonen var fredlause, folk utan utdanning og religiøse fanatikarar. Vezzadini fann i sitt studie etter å ha gått igjennom lister med namn som britane hadde kalla for fredslause og så vidare, inneheldt mange namn på folk frå middelklasse og nokre velståande menn. Dette var noko britane frykta, men samtidig kunne ikkje den britiske Sudan-administrasjonen vise Kairo og London at dei ikkje hadde kontroll over situasjonen.¹⁸⁹

Etter Wad Habouba-opprøret og Dongola hendinga fekk Wingate igjennom ei ny lov som ikkje berre gjorde praktisering av mahdismen ulovleg, men også det å tru på mahdien. Wingate var ikkje villig til å akseptera at det fanst sudanesarar som trudde på det religiøse aspektet ved mahdiens lære, utan samtidig å ha noko imot styresmaktene. Denne frykta og undertrykkinga av mahdistane varte heilt til Slatin ikkje lenger var ein del av Sudan-administrasjonen og at 1. verdskrig gjorde omstenda for mahdistane vart endra, då britane trengde mahdistane som støtte mot osmanarane.¹⁹⁰

Andre forhold spela også inn på måten saker vart handterte. Wingate sitt gode forhold til Slatin spela inn på korleis saker vart avgjorde og dette venskapet skapte også problem i Sudan administrasjonen. Slatin hadde ein unik posisjon som generalinspektør og hans unike stilling skulle visa seg å vera problematisk for spesielt guvernørane ute i dei diverse provinsane. Guvernørane ute i distrikta meinte at dei heilt klart hadde betre oversikt over lokale affærar enn det Slatin hadde og derfor kritiserte og protesterte dei på mange av Slatin sine avgjerder. Wingate som sagt, hadde full tillit til Slatin og han gav Slatin eit ganske fritt spelrom, som inspektørgeneral. Det mange av skuldingane frå provinsguvernørane gjekk ut på var at Slatin, som hadde vore i Sudan lenge før Condominium, gav jobbstillingar til vener av han frå den pre-angloegyptiske perioden. Dette meinte dei britiske offiserane at dei ikkje fortjente. Han gav folk som var sheikhar og *nazirar* stillingar i administrasjonen som dei verken fortjente og som dei misbrukte til sine formål. Han vart også skulda for å tala med to tunger. Han kunne

¹⁸⁹ Vezzadini, Elena. Bergen 2008.

¹⁹⁰ Holt, PM & Daly, MW. Harlow 2000: 121

lova ein sheikh noko og seia det stikk motsette til dei lokale inspektørane, noko som skapte eit därleg klima mellom lokale sudanesarar og britiske guvernørar.¹⁹¹

Lokale leiarar følte seg sett til sides og Cromer og Gorst var einig i noko av denne kritikken og følte at Wingate gav austerrikaren for stor makt. Gorst skal ha sagt at Slatin ikkje skjønna seg på kva som var best for den britiske opinionen. Slatin sjølv var klar over kritikken, men let seg ikkje stoppe. Han fortsette å kritisera både dei sivile administratorane og dei militære. Han klaga over guvernøren i Kassala for ikkje å ha snakka med lokale framståande menn frå distriktet og at han aldri høyrd på deira klager til administrasjonen. Han skulda også andre britiske offiserar for å vera urettvise og for å ha piska lokale menn utan grunn.¹⁹² Dette forholdet mellom høgste leiinga og dei lokale guvernørane kan ikkje ha vore bra for distrikta generelt. Ein kan lett tenkje seg at denne misnøya kan ha spreidd seg til dei lokale sudanesarene i området. Slatin hadde sete i mahdi-fangenskap og var kjent for å ville slå hardt ned på alle som ikkje stod bak styresmaktene og sudanesarane visste kor audmjkande behandling mahdifamilien hadde fått etter samstyret tok over i Sudan.

Slatin treivst likevel best saman med offiserar. Han hadde store problem med å prate med akademikarar, som tala i andre vendingar enn Slatin var van med. Han hadde ikkje tolmod med akademikarane og deira abstrakte form for juss og han kritiserte akademikarane for ikkje å ta del i det sudanesiske, dei lokale tilstellingar og liknande. Han skal også ha sett på utdanninga deira, "liberal education," som ein hemsko og ikkje eit framsteg. Det vart mange klagar frå Slatin til Wingate angåande personell og finansoppgåver. Wingate skal ha vore meir forsiktig å følgje råd frå Slatin angåande personell og finanssaker, men på alle andre områder følgde han mykje av det Slatin ynskte og meinte.¹⁹³

Slatin ynskte ikkje at sivile skulle få høge stillingar i Sudan-administrasjonen. I 1908 skulle ein akademikar ved etternamn Kerr bli den første sivile guvernøren i Sudan. Slatin la ned veto på dette og trenerte saka i eit heilt år, før Wingate fekk inn Kerr som guvernør i 1909, året etter.¹⁹⁴ Slatin sa også opp stillinga si fleire gonger i protest. I 1906 fekk Wingate overtala han til å fortsette ved å ta ein lang ferie og lova at han skulle fylgje Slatin sine råd. Den mest alvorlege oppseiringa kom etter Wad Habouba-oppgjeret der han meinte straffene var for låge. Her også fekk Wingate overtalt han til å trekke oppseiringa, noko som han etter kvart

¹⁹¹ Warburg, Gabriel. London 1971: 56-58

¹⁹² Warburg, Gabriel. London 1971: 56-58

¹⁹³ Ibid. London 1971: 56-58

¹⁹⁴ Daly, M. W. Cambridge 1986: 90

gjorde.¹⁹⁵ Wingate og Slatin var gode vener og begge hadde lite tolmod med sivile akademikarar, og begge rekna seg som gode menn som skulle sivilisera og utvikla det uprilegerte folket i Sudan. Dei var også gode vener etter at Slatin måtte slutte i 1914 på grunn av 1.verdskriga. Også forhold mellom britiske offiserar og andre funksjonærar kan ha vore med på å få lokale sudanesarar til å tvile på britane sine gode intensjonar i Sudan. I det noko eksklusive miljøet i Khartoum skal dei britiske offiserane ha hatt ein eigen klubb, der dei inviterte andre britar inn, men ville ikkje ha selskap av sudanesarar eller egyptiske funksjonærar. Dett var på grunn av at dei var forskjellige, forskjellig tru, forskjellig oppvekt og utdanning, samt at offiserane var opplært til å ikkje stole på egyptarane og såg på sudanesarane som inkompentente. Ein viste svakheit viss ein var ven med lokale. Også innanfor Gordon College var det ofte ei arrogant haldning mot lokale, dette vart verre etter Wingate sin periode.¹⁹⁶

Slike haldningar var vanlege over heile koloniverda, og må ha vorte oppfatta negativt av dei lokale innbyggjarane. Ikkje berre vart dei styrte av offiserar som ikkje var muslimske, men vart behandla därleg berre fordi dei hadde mørkare hud. Det er ikkje sikkert engelskmennene tenkte på korleis det må ha føltes for den jamne sudanesar, å få eit regime som undertrykte religionen deira og fråtok dei både eigedomar og fridom. Ein kan godt tenkje seg at Abd al-Qadir og hans menn kan ha følt det slik. Dei var opptekne av at landet burde styrast etter muslimske lover og av muslimske menn. Dette treng ikkje bety at dei var religiøse fanatikarar, det kan bety at dei var nasjonalistar som ynskte å verta kvitt okkupantane, for å igjen gjere landet til det var før okkupasjonane, mynta på dei lokale tradisjonane og den muslimske religion.

Det var ingen tvil om at Wad Habouba-opprøret sjokkerte den sudanesiske administrasjonen. Rett etter opprøret skal egyptiske nasjonalistiske aviser ha skrive at meir enn 70 mahdistar hadde vorte massakrert. Desse nyhenda spreidde seg raskt til britiske aviser. Dette var med på å presse fram det som vart kalla generalguvernørens departement.¹⁹⁷ Dette rådet bestod av dei tre direktorata som vart nemnt tidlegare i oppgåva, det sivile, juridiske og finansdepartementet og generalinspektøren og to til fire persona som vart utnemnd av generalguvernøren. Dette rådet fekk ikkje stor innverknad i Wingate sin periode, men fekk det seinare.¹⁹⁸

¹⁹⁵ Warburg, Gabriel. London 1971: 56-58

¹⁹⁶ Warburg, Gabriel. London 1971: 56-58

¹⁹⁷ Cudsi, Khartoum 1969: 44

¹⁹⁸ Daly, M.W. & Holt P.M. Harlow 2000: 105

Cudsi skriv at 'Abd al-Qadir aldri utropte seg til *Nabi Isa* noko som rapporten til Wingate og artikkelen til Ksheh støttar. Cudsi skriv også at den viktigaste lerdomen britiske myndigheter tok var at 'Abd al-Qadir ikkje trengde å utrope seg til *Nabi' Isa*, for å dra til seg tilhengjarar. Som ein leiande figur i Mahdi-rørsla kunne han tiltrekke seg store tilhengjarskarar som kunne true styresmaktene.¹⁹⁹ Han har ikkje kjelder som støttar det, men i denne oppgåva har ein sett at både rapporten til Wingate og artikkelen til Ksheh støttar dette med at han ikkje utropte seg til *Nab' Isa*.

Som nemnt stoppa Gorst og den britiske regjeringa dei 12 dødsstraffene. Den britiske regjeringa dikterte at henging skulle berre skje med dei som hadde vore med på drapa på inspektøren og *mamuren* og som hadde vorte dømde for dette i retten. Dei andre skulle verta dømde til fengsel og eller frådømt eigedom. Det viste seg at nesten alle dei britiske tenestemennene fordømde avgjerda til den britiske regjeringa. Mange ynskte å gå av. Dei meinte at britiske myndigheter hadde gitt etter for press frå dei egyptiske nasjonalistane og merka Wad Habouba-opprøret som eit anna Dinshawai i Sudan. Dinshawai hendinga i Egypt gjekk ut på at fire menn vart hengde for eit mord i Dinshawai, som mange hadde sine tvil over. Også "the Board of Ulama" støtta dette synet og at opprøret var ein direkte konsekvens av at regjeringa ikkje hadde teke affære i 1901 og følgt dette styret sine råd om å avrette alle mahdistiske leiarar.²⁰⁰

Wingate på si side var svært frustrert over at han no hadde prova at mahdismen langt frå var død og at ikkje London skjønna dette. Wad Habouba-opprøret vart slege ned og det hadde vist seg at mange hadde vore redde for styresmaktene og ikkje tort å støtte 'Abd al-Qadir. I tillegg hadde dei vore meir oppteken av eigen vinning og å fortsette å kultivera jorda si. Noko av grunnen til at dei britiske tenestemennene ynskte at avrettingane skulle fullbyrdast, var at det var første gang mahdistiske opprørarar hadde drepe to offiserar frå styresmaktene. Dei hadde også håpo at mahdismen var død. Wingate hadde innsett at utan gode nok kommunikasjonar ville det vera vanskeleg å halda kontroll over heile Sudan. Derfor prøvde han å utnytte Wad Habouba-opprøret.²⁰¹

Wingate skreiv til den britiske regjeringa at Sudan trengde både fleire soldatar og betre kommunikasjonar. Den egyptiske regjeringa ville ikkje bruke meir pengar på militærer i Sudan og i tillegg var det vanskeleg å få tak i soldatar som ville tenestegjere i vest, øst og sør

¹⁹⁹ Cudsi, Khartoum 1969: 44

²⁰⁰ Ibrahim. Boston 1979: 449

²⁰¹ Ibrahim. Boston 1979: 450

i Sudan. Wingate gav også regjeringa råd om å forlenga jernbanene lenger mot sør, øst og vest, for å få dei mest avsidesliggende plassane til å ha betre kontakt med hovudkvartera.

Slike jernbanestrekningar ville også forbetre den materielle standarden for folk på avsidesliggende plassar og gjere dei meir fornøgde med regimet. Med finanskrisen i Egypt måtte han be den britiske regjeringa om hjelp. Han vart støtta av Gorst, som også meinte at regjeringa burde gi Sudan lån for å få gjort noko med sikkerheitstrusselen.

Utanriksdepartementet innrømmede at det var ein sikkerheitstrussel over Sudan, men at lengre jernbaner berre ville før til at opprørarar lettare kunne samlast og planlegga opprør, dessutan måtte ei slik jernbane ha store styrkar for å halde jernbana trygg. Det vart snakk om at Wingate skulle få fleire soldatar til Khartoum, men utanriksdepartementet gjekk bort ifrå dette og tilbydde at det skulle stå troppar klare i Kairo som skulle kome sørover om noko skulle skje i Sudan. På trass av store protestar frå Wingate og Gorst, vart dette resultatet.²⁰²

Wad Habouba-opprøret hadde vist styresmaktene at det var uklokt å fortsette undertrykkinga og audmjukinga av Mahdi-familien og dei andre mahdistiske *amirane* (kommandantane). Den siste gruppa vart i 1908 sendt frå Damietta, Egypt, der dei hadde vore i eksil, til Halfa i Sudan. Som nemnt før fekk Sayyid Abd al-Rahaman friare tøylar, ved at han og familien fekk bu i Omdurman, men under oppsyn. Familien fekk også starte med jordbruk i 1908, ved eit stykke jord ved elvebreidda i Aba Island.²⁰³

Kan Kamlin affären ha vore starten på Neo-Mahdismen?

Den nye mahdismen, eller eit betre utrykk kan vere oppatt startinga av mahdismen vart gjeldande i Wingate sin periode. Mahdismen overlevde trass mange forsøk frå spesielt Wingate og Slatin på å undertrykke organisasjonen. Etter Wad Habouba-opprøret fekk styresmaktene i Sudan og London krass kritikk frå egyptiske nasjonalistar og den britiske opinionen for måten opprøret vart slege ned på og dei strenge straffane, tolv dømde til døden og 8 fekk lange fengselsstraffer. Dei tolv som vart dømde til døden fekk som nemnt omgjort sine straffar til fengsel og bøter. Wingate, Slatin og Sudan-administrasjonen måtte gje noko slakk i forhold til mahdistane. Rett etter opprøret fekk son til Mahdien, 'Abd al-Rahman al-Mahdi og familien lov til å kultivera jorda si ved Nilen sine breidder i Omdurman.²⁰⁴

²⁰² Ibrahim. Boston 1979: 451

²⁰³ Ibrahim. Boston 1979: 452

²⁰⁴ Cudsi. Khartoum 1969: 49

Wad Habouba-opprøret var med på å svekke Wingate sin posisjon som einerådande leiar av Sudan. Mange av hans offiserar, inkludert Slatin, ville trekke seg frå sine stillingar på grunn av at dei tolv dødsstraffene vart omgjort. Wingate tok imot bodskapen frå Gorst og London regjeringa om å ikkje avrette opprørarane og gav Sudan-administrasjonen beskjed om å omgjere straffene. For å ha godteke orden frå London fekk han mindre respekt frå sine underordna i Sudan, som hadde ynskt hemn over opprørarane. I tillegg framstod Khartoum-administrasjonen som ein administrasjon utan kontroll og med misnøye i offisersrekken sine. Wingate mista noko av si makt ettersom generalguvernør konsilet vart oppretta, der den elles så frie generalguvernøren måtte samarbeida med dei tre ministerråda i styringa av Sudan.²⁰⁵

'Abd al-Rahman ynskte å fortsette arbeidet faren hadde starta og han ville ta over som religiøs leiar for mahdistane. Kritikken hadde gjort av Wad Habouba-opprøret hadde gjort dei noko friare, men dei vart godt passa på likevel, Slatin ville ikkje sleppe mahdistane av syne. Dei måtte halde seg rolege og be for seg sjølv og håpe på betre tider for dei. 1. verdskrig skulle endre noko på dette. Det Ottomanske riket gjekk inn i krigen og sultanen, som også var Khalifa av islam, kalla for *jihad* (hellig krig), adressert for alle muslimar verda over. Denne proklamasjonen vart underteikna av dei øvste religiøse leiarane i Konstantinopel, 23. november 1914.²⁰⁶

Britane sin respons på dette *jihad* kallet frå Konstantinopel var fleirfaldig. Generalguvernøren reiste rundt til fleire stader i Sudan og forklarte den politiske situasjonen til lokale framståande menn og han snakka med offiserar som leia den egyptiske hæren om at dei måtte halda seg lojale ovanfor regimet. Han snakka også med religiøse leiarar og religiøse lærde i Khartoum for å forsikra dei om at britane ikkje hadde noko i mot den muslimske verda.²⁰⁷

Britane kunne ikkje kontakte mahdistane på same måte, men spele på at Mahdien sjølv hadde leia revolusjonen mot det tyrkisegyptiske regimet tidlegare. Britane vart sett på i Sudan som ei forlenging av Turkiyya, men med britane i krig med det Ottomanske riket vart dette biletet brote og mahdistane og britane hadde ein felles fiende i tyrkarane. Britane var likevel svært skeptiske til mahdistane, men dei uttalte at mahdistane ikkje lenger var ein fiende, men ein effektiv alliert.²⁰⁸

²⁰⁵ Daly, M.W. *The Sirdar. Sir Reginald Wingate and the British Empire in the Middle East.* Philadelphia 1997:

174-176

²⁰⁶ Cudsi. Khartoum 1969: 50

²⁰⁷ Ibid. Khartoum 1969: 51

²⁰⁸ Ibid. Khartoum 1969: 52-53

'Abd al-Rahman samarbeida med britane, noko som han såg på som ein nødvendigheit, for å få organisert mahdistane, slik at dei var klare til å ta over Sudan om britane skulle tape krigen. Han vart ikkje respektert som den nye leiaren til mahdistrørsla av britane og måtte forsatt halde seg roleg i Omdurman. Rapportar som til dømes Symes skreiv til Stack i 1917 seier noko om dette:

"Religious and political motives are closely interwoven in Islamic countries, but apart from puritan (religious) aspect of Mahdism we must remember it was a national (and therefore political) revolt against a foreign government. It would be therefore in the natural order of things if the Mahdists of today become the "Nationalists" of tomorrow. The form that Sudan Nationalism will take is not yet discernible but, if Egypt is any guide, we must expect before long a pseudo-political agitation in favour of increase in the number and emoluments of Government posts open to Sudanese (or muslims?). This agitation will doubtless be promoted and to a greater or less extent by the 'intellectuals' of Gordon College who will almost certainly be correspondence with their comeers at Cairo and Mecca (and India?). So long as this agitation is confined to 'place-hunting' by -failed B. A. s' we can regard it with equanimity, but if it had support, no less effective because largely stupid and unthinking, of a large organized section of the population it might become serious. It is on this ground I should advise every possible hindrance of the Mahdists as a sect. "²⁰⁹

Dette gir eit godt bilet på kor redde dei var mahdistane og redde for at dei skulle kome i kontakt med andre nasjonalistiske grupper i Egypt og andre stader. Likevel var dette nok til at 'Abd al-Rahman fekk etablert seg sjølv som leiar av den sudanesiske neo-mahdismen.²¹⁰

Wad Habouba-opprøret kan ha vore den spede starten på neo-mahdismen, men krigen var nok den mest avgjerande faktoren som gjorde at 'Abd al-Rahman al-Mahdi fekk organisert sine *ansarar* og starta arbeidet med å jobbe for sjølvstende i Sudan. Han skulle seinare vera med å danne dei første politiske partia i Sudan på 1940-talet.

²⁰⁹ Symes to Stack, 4.3.1917, Sudint 1/18/89. Cudsi. Khartoum 1969: 62-63

²¹⁰ Cudsi. Khartoum 1969: 63

Kapittel 4

Konklusjon

Denne oppgåva sett på den tidlege perioden av Condominium og motstand mot det nye regimet. Det mest sentrale i oppgåva har vore å greie ut om Wad Habouba-opprøret ved hjelp av primærkjelder frå perioden, men også med sekundær litteratur som har vore tilgjengeleg for masteroppgåva. Første del av oppgåva var ein gjennomgang av dei tre periodane Sudan var igjennom på 1800- og 1900-talet, nemleg Turkiyya, Mahdiyya og Condominium. Dette var periodar som på eine sida var ein slags kontinuitet mellom Turkiyya og Condominium og eit brot med den 13 år lange perioden med Mahdiyya.

'Abd al-Qadir og Halawiyin-stamma var involvert med alle dei tre regima i moderne sudanesisk historie. Halawiyin stamma som heldt til i Mesalamia distriktet i Gezira var fleire gonger delte i synet på dei tre regima som styrte. Dei var stort sett jordbrukskarar og eigde store landområde i det grøderike Gezira området sør for Khartoum og mange i stamma ønskte ikkje å koma på kant med styresmaktene.

Oppgåva har vist til fleire ueinigheter innad i stamma som til dømes då Khalifaen ynskte hjelp av Halawiyin-stamma i kampen mot britane i Karari, Omdurman. Flesteparten i Halawiyin-stamma heldt seg borte frå slagmarken, noko som gjorde at dei seinare fekk honnør for av britane. Dette var ikkje godt nytt for 'Abd al-Qadir som skal ha vorte kjend med Muhammad Ahmed, som seinare vart Mahdi av Sudan, ved at Muhammad Ahmed skal ha gifta seg inn i Halawiyin-stamma og vart eit førebilete for 'Abd al-Qadir. Halawiyin-stamma var også med i same brorskapet som Muhammad Ahmed var, Sammaniyya *tariqa*, men som Mahdien seinare forkasta og vart motstandar av alle brorskapa. 'Abd al-Qadir vart ein svoren Mahdi-tilhengjar, ein god *ansar* som vart respektert av både Mahdien og seinare av Khalifaen. Han var også med på ekspedisjonar for Khalifaen. Hans forhold til mahdismen fekk han ut i problem både med familie og styresmakter.

I kapitlet om Wad Habouba-opprøret vart det gjennomgått med dei kjelder og den litteratur som har vore tilgjengelege for oppgåva. Wad Habouba-opprøret var det største opprøret i den tidlege perioden av Condominium, fram til og med 1. verdskrig. Opprøret vart gjennomgått i sin heilskap og som problemstillinga viste til vart det sett på moglege motiv 'Abd al-Qadir og hans menn kan ha hatt for å gå til fysisk angrep på styresmaktene desse mai-dagane i 1908.

Tidlegare forskingslitteratur har peikt på at det var religiøst motivert og nokre historikarar har meint 'Abd al-Qadir var ein religiøs fanatikar.

Som det går fram av denne oppgåva er det god grunn til å tru at 'Abd al-Qadir hadde eit klart religiøst motiv for det han gjorde. Likevel har fleire av primærkjeldene og sekundærliteraturen brukt i denne oppgåva peika på at det også kan ha lege andre motiv bak opprøret. Ein del av mennene som var med 'Abd al-Qadir kan ha følt seg trua, dei kan ha hatt økonomiske motiv, som til dømes å få stoppe dei nye lovane som gjorde slavehandel forbode. Andre kjelder peikar i retning av at det kan ha lege nasjonalistiske motiv bak, å bli kvitt okkupantane og ynskje om at Sudan skulle styrast av sudanesarar og med islam som religion. Som nemnt tidlegare i oppgåva var det lettare å planlegge motstand i eit religiøst fellesskap og at mange opprørarar brukte religionen for lettare å samle mest mogleg folk under ei fane, 'Abd al-Qadir var ein tilhengar av Mahdien og var nok genuint oppteken av å vidareføre mahdismen, men ynskje hans var at Sudan skulle styrast av sudanesarar og med islam som religion. Dette kan vera både eit religiøst og nasjonalistisk motiv for å gjere opprør. Også familiekranglar om jordspørsmål og provokasjonar og rasisme frå offiserar og regimet kan ha vore utløysande faktorar.

Ved å sjå både på britiske rapportar og annan litteratur skrive om same periode har det vore mogleg å utfordra dei britiske forklaringane, som mogleg har hatt sine motiv for å skrive slik dei gjorde, på 'Abd al-Qadir og hans kamp mot regimet. Denne oppgåva har peika på fleire moglege motiv for opprøret, men det trengst meir forsking på området for å sjå om desse moglege motiva spelte ein stor rolle for 'Abd al-Qadir og hans *ansarar* eller ikkje.

Kjelder og Litteratur

Kjelder Sudan Government Archives, Khartoum

The National Records Office (NRO)

Dickinson's report. Mr. Scott-Moncrieff & Rising at Katfia. Blue Nile Province 1/19/122

Trial of Followers and Abd al-Qadir. Blue Nile Province 1908. 1/19/123

Sudan Intelligence Reports. Wingate's memorandum of the Katfia uprising. Appendix D.
May 1908

Miscellaneous letters 1908

- Governor General, Khartoum to Jackson, Merowe May 20. 1908
- Jackson, Dongola to Governor General, Khartoum. May 23. 1908
- Sudan Government, Dongola Province, Governor's office. Merowe May 30. 1908
- Governor General, Erkowit to Stack, Cairo June 10. 1908
- Governor General, Khartoum to Jackson, Merowe June 10. 1908
- Governor General, Khartoum to Amery, Khartoum June 10. 1908
- Jackson, Merowe to Governor General June 11. 1908
- Amery, Khartoum to Director of Intelligence, Cairo June 15. 1908

Mahmoud Salih Collection, Universitetet i Bergen

Artin, Yacoub Pasha. *England in the Sudan*. Translated by George Robb. London. Macmillan 1911

Bedri, Yusuf. *The memoirs of Babikir Bedri*, translated by Yusuf Bedri and P. Hogg, London 1980.

Comyn, David Charles Edwards. *Service and Sport: A record of administration in the Anglo-Egyptian Sudan. With some Intervals of Sport and travel.* London: John Lane 1911

MacMichael, H. A, *The Anglo Egyptian Sudan.* London, 1934

Reports on The Finance, Administration and Condition of the Sudan 1908. F. Nimr & Co. El Sudan printing press, Abbas Square, Khartoum 1909, Legal Department 1908.

Symes, Sir Stewart. *Tour of duty.* London. Collins 1946

Sudan Library, Khartoum

Tame. G.B. *Sudan Notes & Records. Volume 17 1934 Part 1.*

Ksheh, Sulaiman. *Memories from the marked.* Udatert tittel, ingen utgivelsesinfo

Litteratur

Beshir, Mohamed Omer. *Revolution and nationalism in Sudan.* Collings. London 1971

Bjørkelo, Anders. *Prelude to the Mahdiyya. Peasants and Traders in the Shendi Region, 1821-1885.* Cambridge University Press 1989

Cudsi, Alexander Solon. *Sudanese Resistance to British Rule 1900-1920.* University of Khartoum 1969.

Hamid, Dr. Musa Abdullahi. *Ratib. Al Imam Al Mahdi (an English translation) .* Unknown publisher. 2003

Daly, M.W. *Empire on the Nile. The Anglo-Egyptian Sudan 1898-1934.* Cambridge University Press 1986

Daly, M.W. *The Sirdar. Sir Reginald Wingate and the British Empire in the Middle East.* American Philosophical Society. Independence Square. Philadelphia 1997

Hill, Richard: *A biographical dictionary of the Sudan.* The second edition of a biographical dictionary of the Anglo-Egyptian Sudan. London: Frank Cass and Co.Ltd., 1967.

Holt P.M. & Daly, M.W. *A history of the Sudan. From coming of Islam to the present day.*
Pearson Education Limited. Edinburgh Gate Harlow. 2000

Ibrahaim, Hassan Ahmed. *Mahdist Risings against the Condominium Government in the Sudan, 1900-1927.* Boston University African Studies Center 1979. URL:
<http://www.jstor.org/stable/218413>. 08/02/2010

Sharkey, Heather J. *Living with Colonialism. Nationalism and Culture in the Anglo-Egyptian Sudan.* University of California Press. Los Angeles 2003

Simensen, Jarle. *Afrikas Historie.* Cappelen Akademisk. Oslo 2009

Smith, Anthony D. *Nationalism. Theory, ideology, History.* Polity Press. Cambridge 2007

Palmer, R.R, Colton, Joel, Kramer Lloyd. *A History of the Modern World.* McGraw. Hill International Edition. New York 2007

Vezzadini, Elena. *The 1924 revolution, hegemony, resistance, and nationalism in the colonial Sudan.* Norway: University of Bergen 2008

Warburg, Gabriel. *Sudan under Wingate. Administration in the Anglo-Egyptian Sudan 1899-1916.* Haifa University, Israel. Frank Cass & Co LTD. London 1971

Abstract

Wad Habouba Uprising 1908

This thesis main focus is the Wad Habouba uprising against the Condominium administration in Kamlin, Sudan in May 1908. This was the early period of the Anglo-Egyptian Condominium who had occupied Sudan in 1898. Abd al-Qadir and his *ansar* (followers) killed two officers from the Condominium administration. The next day an uprising that shocked the Anglo-Egyptian colonizers and it happened in Katfia, Kamlin May 1908. The main focus will be to discuss what motives 'Abd al-Qadir and his men had for the attack on the new regime. In the battle ensued ten of the government troops and thirty-six of 'Abd al-Qadir's *ansars*. The thesis will also give an insight in the historical background to these events, to better understand how the colonial system worked.

Historians have called the uprising a religious uprising and that 'Abd al-Qadir was a religious fanatic. It is no doubt that this uprising was religious inspired, but can other motives also be in conclusion? That is the main focus for this thesis.